

Dei sigler med fløy

Ballade gjennom tid og rom

Sigrid Aksnes Stykket



Hovudoppgåve, institutt for lingvistikk og nordistikk

UNIVERSITETET I OSLO

16. mai 2007

Føreord

Tilhøvet mitt til balladane har også vore ei ferd gjennom tid og rom. ”Seilassen” starta med *Margit Hjukse* på skulen på Vatnarheia i Bø, og gjekk vidare til eit ungdomsår i Tórshavn, der eg for fyrste gong møtte den levande song- og dansetradisjonen på ein måte eg alltid vil hugse: Etter å ha sett på grindedrap for fyrste gong (og det er ei temmeleg blodig oppleving, men samtidig merkeleg fascinerande!), vakna eg av taktfast dans og song i den nattemørke gata utanfor soveromsvindauga. Det var opprømte menn som dansa seg heim medan dei song *Grindavísan* (”Raske mænd, grind at dræbe, det er vor lyst”). Seinare gjekk ferda gjennom førelesingane til Olav Solberg på det som den gongen var Telemark Distriktshøgskule, via eit balladeseminar på Åland der eg både fekk kjennskap til forskning og forskningstradisjonar, og lyst til å gå noko djupare inn i dette feltet. Ymse ting gjorde at det vart ei lang, lang pause, men når eg så kom i gang igjen, styrde skuta også innom Island, og det å få sitje og skrive ein bitteliten del av denne oppgåva på staden der Snorre Sturlason i si tid skreiv, er også noko som vil bli verande i minnet.

Når eg nå endeleg er klar for å ”dra denne (oppgåve-) skuta i land”, så må eg takke fyrst Olav Solberg, som skuva skuta frå land, og så Gudleiv Bø, som har losa meg gjennom dei siste brenningane. Utan dei to hadde aldri denne oppgåva kome i trykken. Eg sender også ein takknemleg tanke til Preben Meulengracht-Sørensen, som var ein vis og god rettleiar for meg før han flytte tilbake til Danmark. Det har vore ei lang ferd, og den som ferdast, han lærer, anten ferda går gjennom det ytre eller det indre rom. *Navigare necesse est.*

Bø 15. mai 2007.

Innhald

Innhald.....	3
Innleiing.....	5
1. Bakgrunn for ballade-variantane	13
1.1 Kulturen i balladens opphavstid - ideologi i endring	16
1.1.1 Frå ættesamfunn til føydalsamfunn.....	16
1.1.2 Frå åsattru til kristendom.....	18
1.1.3 Kvinner og kjærleik, to motstridande syn	22
1.2 Fyrste nedskrivartid i aust- nye ideologiske endringar.....	23
1.2.1 Sola scriptura – på dansk.....	26
1.2.2 Adelsvelde og kongemakt	28
1.3 Nedskrivartid i vest	29
1.3.1 Island	29
1.3.2 Færøyane	31
1.3.3 Noreg.....	32
2. Balladeteksten som sjanger.....	35
2.1 Munnleg og skriftleg	35
2.1.1 Leerstellen	36
2.1.2 Redundans	37
2.1.3 Formlar og epitet	38
3. Balladeanalyser.....	40
3.1 A 26 <i>Blak og Ravn hin brune</i> , Individ og slekt.....	41
3.1.1 Utbreiing.....	41
3.1.2 Oppsummering	54

3.2	D 367 <i>Hekseridtet</i>	58
3.2.1	Utbreiing.....	58
3.2.2	Oppsummering.....	63
3.3	D 16 <i>Esbern Snare</i>	65
3.3.1	Utbreiing.....	65
3.3.2	Oppsummering.....	69
3.4	A 48 <i>Nøkkens svig</i>	72
3.4.1	Utbreiing.....	72
3.4.2	Oppsummering.....	79
3.5	D 258 <i>Valdemar og Tove</i>	81
3.5.1	Utbreiing.....	81
3.5.2	Oppsummering.....	91
3.6	C 3 <i>Dronning Dagmar og Junker Strange</i>	93
3.6.1	Utbreiing.....	94
3.6.2	Oppsummering.....	101
4.	Oppsummering og konklusjon.....	103
5.	Litteraturliste.....	107
6.	Vedlegg.....	111

Innleiing

På barneskulen i Bø song vi folkevisa om Margit Hjukse, frå ”Hjukse, den stoltaste garden i Sauherad”, som vart bergteken, og om korleis ho høyrde ”Bøherads kyrkjeklokkur klang” i fjellet. Seinare fekk vi høyre ei segn om Margit frå Hjukse som hadde blitt bortført til Svalbjørg på Roheimheia, (1 km frå fødeplassen min), og at det var utgangspunktet for visa. Det gjorde på ein måte folkevisene til heimstaddikting. Da vart det nesten vanskeleg å godta at Margit Hjukse også kunne heite Jomfru Hermelin (DgF 37 E), og høyre heime i dansk visetradisjon, slik eg seinare fekk lære. Spranget frå Margit Hjukse i Midt-Telemark til Jomfru Hermelin i Danmark er bare eitt eksempel på korleis folkevisene har vandra, og at det vi i utgangspunktet oppfatta som typisk norsk, ofte har parallellar i dei andre nordiske landa. Dette byrja forskarane på 1800-talet å sjå meir og meir etter kvart som meir av det gamle tradisjonsstoffet vart samla inn og skrive ned over heile Norden.

Men samtidig fann dei og at mange av variantane hadde store innbyrdes ulikskapar, og sjølv om dei fleste strofene var like, kunne t.d. utfallet vere heilt ulikt, som når ein variant av *Valdemar og Tove* fortel at frilla Tove vart ihelbrent i badstova av dronninga (DgF 121, jf. kap.4.5.1), ein annan seier at Tove var sterkare, så ho klarte å stenge dronninga inne der i staden (CCF 178, jf. kap. 4.5.1), og ein tredje fortel at da dronninga byrja å stelle til bål, tok kongen med seg Tove på skipet sitt og bad dronninga bare ha ”riket og regjeringa med” (SMB 129 C, jf. kap.4.5.1). Kvifor har det som ser ut som same ballade, fått så ulike endingar, korleis kan den gje uttrykk for heilt motstridande haldningar?

Dette spørsmålet vart for meg utgangspunktet for ei samanlikning av fleire variantar, noko som etter kvart førte til problemstillinga *kvifor har balladevariantane utvikla seg til eit slikt mangfald av variasjonar over tid og rom som dei har i ulike nordiske miljø?* Variantane kan vere skrivne ned med fleire hundre års mellomrom, av unge adelsmenn og ikkje minst adelskvinner i Danmark på 1500-1600-talet, av prestar på Island på 1600-talet, av folkeminnesamlarar i alle dei nordiske landa på 1800-talet. I Noreg var det særleg dei avsidesliggjande bygdene i Vest-Telemark som utmerka seg med mengder av dei gamle balladane i munnleg tradisjon. Færøyane var også i ei særstilling, der vart det samla inn 800-

900 ballade-variantar, enkelte på fleire hundre strofer. Dei balladane vi har i dag, kjem derfor til oss som eit polyfont kor, der vi må gå ut frå at den opphavlege diktaren har si stemme, at tradisjonsberarane gjennom hundreåra har lagt til sine stemmer, og nedskrivarane sine.

Såleis har den munnleg overførte balladen tatt opp i seg trekk frå ulike tider. Men der tradisjonsstoffet har gjeve gjenklang i miljøet, har truleg også drag frå gamal, opphavleg ideologi blitt ståande. Min hypotese er derfor at *i balladevariantar vil ein kunne skilje mellom mentalitetstrekk både frå opphavstid og nedskrivartid, frå adels- og bondemiljø, frå aust eller vest (tid og rom), til dels også frå kvinneleg og mannleg synsvinkel; dermed kan vi i variantapparatet for same balladetype møte ulike ideologiar i tematisk konflikt med kvarandre*. For å prøve denne hypotesen, vil eg i denne oppgåva ta for meg nokre av dei balladane som finst over heile viseområdet, samanlikne variantane frå dei ulike landa, og sjå om dei kan seiast å vise signifikante skilnader mellom aust- og vestnordiske variantar, i tilfelle kva slag, og om dei kan knytast opp mot ulik mentalitet i miljøa variantane stammar frå.

Premissar for drøftinga

For å kunne gjenkjenne dei ulike ideologiane, må ein kjenne noko til dei aktuelle historiske periodane som balladen tar farge av, særleg opphavstid og nedskrivartid. Den siste varierer veldig frå land til land, og det blir nødvendig å sjå på dei ulike tidene i kvart einskild av dei nordiske landa for å sjå kva som kunne vere med og påverke mentaliteten som kjem til uttrykk gjennom balladen. Dei vart også skrivne ned i svært ulike miljø, som ein også må sjå på for å finne likskapar og skilnader. Derfor har eg fyrst sett på det miljøet balladen vart til i, og vidare på tidstypiske drag frå dei ulike nedskrivartidene og –miljøa.

Vi går ut frå at balladen som sjanger vaks fram rundt Håkon Håkonssons hoff i Bergen, og seinare vidareført i Oslo frå slutten av 1200-talet, i kjølvatnet av omsetjingar til norrønt av europeisk høvisk litteratur, slik bl.a. Bengt R. Jonsson har argumentert overbevisande for (1989 og 1996). Dette synet er seinare tatt opp av forskarar som Bjarne Fidjestøl (1994) og

Olav Solberg (1997). Det norske hoffet på denne tida hadde sterke band til det normanniske aristokratiet, og kongen let omsetje fleire franske riddarromanar, som *Tristram og Isond*, *Elis og Rosamunda*, *Ivens saga*, og *Strengleikar*, som vart til noveller i omsetjinga, enda det er *lais*, songar, i originalen. I alle desse omsetjingane ser vi eit poetisk språk, ofte meir enn i originalen. Heil- og halvrim, parallellisme, alliterasjon og epitet, utsmykkande adjektiv, er vanlege verkemiddel, forløparar til det vi ser i balladane. Ein kan også trekke trådar til den norrøne skaldediktinga; både i dei omsette romanane, og i balladar, særleg innan kjempevisene, finn vi att ord og uttrykk som elles bare finst i skaldespråket.

Vidare har dei ulike balladetypane spreidd seg i heile Norden, både i hoffkrinsar og blant allmugen, gjennom høg mellomalderen og fram til reformasjonen, då den fekk eit oppsving blant adelen i Danmark. Dei har blitt ført vidare både i reint munnleg tradisjon og gjennom skriftleg overføring gjennom visebøker og flygeblad i skillingsvisetradisjonen. Etter kvart har sjangeren blitt overteken og vidareført blant allmugen i alle dei nordiske landa, svakast på Island, som hadde så mykje anna nasjons-bekreftande materiale. Den har også blitt brukt for å bekrefte og styrkje nasjonal identitet, t.d. på Færøyane på 1800-talet. Undervegs har den munnleg overførte balladen tatt opp i seg trekk frå ulike tider, men der tradisjonsstoffet har gjeve klangbotn i miljøet, har også trekk frå gamal opphavleg ideologi blitt ståande. Det vil seie at eg går til det norske kongehoffet i tida 1250-1350, til det danske i reformasjonstida (og det svenske litt meir overflattisk, sidan likskapen med det danske er så stor) ca. 1550-1650, til Island under renessansen, 1650-1700, og til Færøyane og Noreg under nasjonalromantikken på 1800-talet. I dei to fyrste periodane er miljøet overklassen, miljøet rundt kongen.

Balladeuniverset dreiar seg ofte omkring konge og adel, noko som altså speglar miljøet der dei har blitt til. Samtidig er det religiøst/mytiske til stades i tekstane, både direkte ved å peike til Gud eller himmel, ved naturmytiske element som nøkk eller bergekonge, eller ved å heve fram spesielle kristne dydar eller synder. Ut frå variasjonar i balladane er det naturleg å sjå på korleis tilhøvet mellom dei tre institusjonane konge-kyrkje-adel har vore i dei to fyrste periodane, altså 1250-1350 i Noreg og 1550-1650 i Danmark. Det islandske samfunnet har andre kjenneteikn, utan adel, på lang avstand frå kongen, men med eit presteskap som stadig

heldt oppe skrivinga på morsmålet. Færøyane og Vest-Telemarksbygdene i Noreg på 1800-talet kan nok ha ein del fellestrekk med Island, men og ulikskapar som kan gje seg utslag i balladetekstane.

Tidlegare forskning har trekt opp eit skilje mellom aust og vest mellom kategoriar av balladar, i denne undersøkinga går eg ned på eit lågare nivå og ser på variasjonar innan same balladetype. Det vart tidleg slått fast ut frå språklege undersøkingar at kjempevisene hovudsakleg stammar frå vestnordisk område, truleg med Noreg som viktigaste opphavsstad (bl.a. Knut Liestøl 1915 og Sverker Ek 1921), medan brorparten av riddarvisene har blitt til på austnordisk område, dvs. Danmark og Sverige, med Danmark som hovudopphavsstad. Nemninga *riddarvise* har derfor blitt brukt synonymt med *austnordisk ballade*, som t.d. i den store tolkningsteoretiske avhandlinga til Sigurd Kværndrup frå 2002, som særleg tar for seg riddarballadar og naturmytiske balladar, og som heiter nettopp *Den østnordiske ballade – oral teori og tekstanalyse: Studier i Danmarks gamle Folkeviser*. Men Vésteinn Ólason (1982) har i si doktoravhandling samanlikna språket i dei 110 balladane i *Íslenzk fornkvæði* med variantane frå dei andre nordiske landa, og på dette grunnlaget fastslått at av dei som er importerte, må 23 heilt sikkert ha kome frå Noreg, i tillegg truleg 20 andre, altså til saman 43. 13 har heilt sikkert kome frå Danmark, i tillegg kanskje 7 til, til saman 20, under halvparten så mange som frå Noreg. Han fann 15 med usikkert skandinavisk opphav, 7 utan sikre kjennemerke, og 12 laga på Island, truleg 4 til, og resten fell utanom definisjonen på ein ballade. Han slår for det fyrste fast at balladen var sterkt rotfesta i norsk tradisjon i det femtande hundreåret, sjølv om der ikkje finst skriftlege kjelder før minst 200 år seinare. For det andre fann han at dei 43 med vestnordisk bakgrunn, viser seg å vere riddarviser, naturmytiske og skjemteviser, altså av dei sjangrane som vanlegvis har blitt sett på som austnordiske. Etter dette må ein kanskje derfor nyansere meir, og seie at nyare riddarviser (frå ca. 1400?) har blitt til på austnordisk område, medan dei eldre helst har blitt til i Noreg. (Kjempevisetradisjonen, den tradisjonelt vestnordiske sjangeren, har ikkje festa seg på Island, der fyller *rímur* den plassen kjempevisene har i Noreg og særleg på Færøyane.)

Definisjonar

Eg har så langt brukt nemningane *folkevise*, *ballade*, *balladetype* og *variant* utan nærare definisjon. Da folkevisenemninga vart tatt i bruk i Danmark av m.a. Svend Grundtvig (1853), og i Noreg av M. B. Landstad (1853) og Sophus Bugge (1858), var det ei omsetjing av den tyske nasjonalromantikaren Herders uttrykk *Volkslied*. For romantikarane markerte ikkje denne nemninga bare "vise av ukjent forfattar som er overlevert munnleg fra generasjon til generasjon; episk-lyrisk vise fra middelalderen", slik t.d. *Bokmålsordboka* definerer det, men "skapt i mellomalderen eller tidlegare av 'folkeindividet som sådant, ikke det enkelte menneskeindivid' "(Sv. Grundtvig i *Prøve paa en ny Udgave af Danmarks gamle Folkeviser*, 2.april 1847, etter Bang 1972, s. 37), "en Frembringelse af den poetiske Evne fordelt over den hele Masse af Folket" (Johan Ludvig Heiberg 1831, *Udsigt over den danske skjønne Litteratur*, Kbhn, sitert etter Bang 1972, s. 32).

M. B. Landstad bruker elles i innleiinga til *Norske folkeviser* nemningar som *kvæde*, *viser*, *sange*, *middelalderens digtekunst*, - det er tydeleg at ein manglar ei nemning for desse visene, som fram til denne tid hadde vore ukjente for "det dannede lag" av folket, og folkevise gjekk derfor fort inn i språket. Men det romantiske synet på visenes opphav som låg til grunn for nemninga, møtte straks motbør. N. M. Petersen skreiv alt i 1853 at "hvad enten vi vide navnet eller ikke vide det, den egentlige Forfatter var naturligvis ikke det hele Folk, men et enkelt Individ, og hvad de andre gjorde ved Sungen, ligesom med Sagaen, var ligesaa ofte en Fordærvelse, som en Forbedring" (Bidrag til den danske Litteraturs Historie I, 1853, s 172, her sitert etter Bang 1972 s. 40). Nemninga vart likevel den mest brukte i dansk og norsk folkeviseforskning i mange år. I seinare år har ein likevel over heile Norden gått meir over til den nemninga som blir brukt i svensk og engelsk, nemleg ballade. Ordet kjem av *ballar* (gl. provençalsk) å danse, (jf it ballata - liten dans og ballerina - dansarinne), og nemninga viser såleis attende til den opphavlege funksjonen som dansevise. At visene skulle dansast til, kjem ofte fram i omkveda: "Trø meg inkje for nære", "på vollen dansar mi jomfru", "glymur dansur í høll, dans sláið í ring", "stígum fast á vårt gólv, sparum ei vár skó", "dansið væl í stillum". Eg bruker folkevise i tråd med den innleiande definisjonen, altså i vid tyding, og ballade i snevrare tyding, slik den er definert i TSB:

- a genre of orally transmitted song that is defined by its form (sometimes couplets with one or two burdens, sometimes quatrains with one burden), by its narrative content, and by its objective style, the latter characterized not least by the frequent use of expressions and so-called "commonplaces (s. 14).

Vidare brukar vi *balladetype* som nemning for ein sjølvstendig ballade, som vidare finst i fleire eller færre *variantar*, ulike former eller oppskrifter.

Metode

For å knytte gjennomgangen opp mot noko konkret, ser eg spesielt på korleis kvinneidealet og kjærleikssynet har vore til ulike tider, fordi dette vil spegle haldningane i miljøet det stammar frå. På 1200-talet har ein motsetningar mellom det gamle vestlege ættesamfunnet og det nye europeisk-retta, meir hierarkiske føydalsamfunnet. Samtidig kom kristendommen med ideal som var dels samanfallande og dels i motstrid med både eldre og nyare ideal, uttrykt i kyrkjelege kardinaldyder og kardinalsynder. Vi får eit motsetningspar mellom eldre og nyare ideologi når det gjeld samfunnsystemet, med ættesamfunn – føydalsamfunn og føydalsamfunn – bondesamfunn som stikkord. Samstundes blir det ei motsetning mellom verdslege og kyrkjelege ideal for enkeltindividet, der stikkorda kan vere bl.a. stoltheit – audmjukskap og hemnhug - tilgjeving. Vidare var nok tilhøva i dei ulike oppskrivarmiljøa svært ulike, men framleis kan dei same stikkorda vere viktige.

Når ein ser etter korleis kvinnebiletet og kjærleikssynet i balladane kjem til uttrykk, ser ein om det er norrøn, kontinental høvisk, eller kyrkjeleg fundert mentalitet som kjem til uttrykk. Er det det norrøne kvinneidealet som slår igjennom, med sterke, uavhengige kvinner, eller er det den audmjuke kristne kvinna som blir teikna? Blir kjærleiken vist som uavvendeleg kraft, etter mønster av den høviske kontinentale diktinga, eller som den kristne kjærleiken som gjerne gjev utan å krevje? I balladetypane kan ein vente å finne anten ein eintydig mentalitet i alle variantane, eller at to typar mentalitet kjem til uttrykk, eller tre. Her kan ein fyrst ta ballade for ballade og sjå kva funna uttrykker, og så til slutt prøve å sjå om det teiknar seg noko felles trekk, eller om biletet blir for samansett til at ein klarar å sjå noko overordna mønster.

Til undersøkinga har eg tatt for meg TSB-katalogen og valt ut alle balladar som finst i minst fire land, dvs. at dei er godt representert på både aust - og vestnordisk område. Så har eg lese desse balladane i alle tilgjengelege variantar, og laga ein stikkord for innhaldet. Denne oversikten har eg sett som viktig å ha som grunnlagsmateriale for å kunne uttale meg med ein viss autoritet. Den har aldri vore utarbeidd for offentleggjering, men eg tar den likevel med som vedlegg, for å vise at når eg seinare brukar enkeltballadar som eksempel i gjennomgangen av ulike emne, har eg også dette stoffet som bakgrunnsmateriale for dei konklusjonar eg trekker, og viser i enkelte tilfelle til balladar som tar opp tilsvarande emne.

Med *nordisk mellomalderballade* tenkjer ein på balladar, også ofte kalla folkeviser, som stammar frå Danmark, Færøyane, Island, Noreg eller Sverige. Nemninga mellomalderballade er å forstå som typologisk alder, ikkje konkret tidfesting av dei einskilde balladane. Vidare blir det ofte delt i *austnordisk*, som omfattar Danmark og Sverige, og *vestnordisk*, som dekkjer Noreg, Færøyane og Island. I 1978 gav Bengt R. Jonsson, Eva Danielson og Svale Solheim ut ein katalog over alle dei balladane som er registrerte i Norden, *The Types of the Scandinavian Medieval Ballad* (heretter referert til som TSB). Her er balladane delt inn i 6 undergrupper: naturmytiske, religiøse, historiske, riddarviser, kjempeviser og skjemteviser. Eg siterer kort kva kjennemerke som ligg til grunn for inndelinga:

- A. Natyrmytiske – ”Ballads of the Supernatural” er ”based upon an apparent belief in supernatural beings or supernatural powers” (s. 16)
- B. Religiøse – “Legendary Ballads” “deal primarily with legendary and other Christian themes”.
- C. Historiske – “Historical ballads” har “presumed historical events” som tema.
- D. Riddarviser – “Ballads of Chivalry” er “apparently realistic descriptions of contemporary life among the nobility”, men òg ein samlesekk for dei som ikkje passer inn andre stadar.
- E. Kjempeviser – “Heroic Ballads” ”show a close connection to late Icelandic sagas”, *fornaldar sogur*, og er fyrst og fremst funne på vestnordisk område.

- F. Skjemteviser - ”Jocular Ballads” er ein nyoppretta kategori, sidan mange tidlege balladesamlarar ikkje offentleggjorde desse visene ”largely (as) a result of Nineteenth-Century Sholarly attitudes and prudishness”.

Inndelinga byggjer på den Svend Grundtvig gjorde i *Danmarks gamle Folkeviser* (bortsett ifrå skjemtevisene), den eldste vitskapelege utgåva av danske balladar. TSB har eit kort samandrag av innhaldet i kvar ballade, der ulikskapar, særleg ulike endingar, innanfor same balladen også blir referert. Den har også ein oversikt over kva land kvar enkeltballade er funnen i, og i kva for vitskapelege balladesamlingar den er trykt. Det er desse vitskapelege samlingane eg har brukt som utgangspunkt for tekstanalysane. (Meir om desse Men TSB har ikkje nokon systematisk oversikt over ulikskapar mellom variantane. Å setje opp ein slik samla oversikt over desse, ville vore interessant, men eit altfor stort prosjekt for i hovudoppgåve. Det eg har gjort, er å ta for meg nokre få representative balladar og sett nærare på ulikskapane mellom dei for å sjå om det finst systematiske tendensar, og kva dei eventuelt kan seie oss. Oppgåva kan eventuelt sjåast som eit pilotprosjekt for ei undersøking som kunne vore gjort systematisk for heile balladekorpuset. Dette ville blitt ei større avhandling som truleg ville kunne gje oss monaleg meir kunnskap om og forståing av utviklinga til balladen i aust- og vestnordisk tradisjon.

Plan for dei einskilde kapitla

I 1. kapittel tar eg for meg faktorar som har vore med og forma balladesjangeren heilt frå det ein reknar som balladens opphavstid og opphavsstad. Her ser eg på ideologien i det gamle ættesamfunnet og samanliknar med føydalsamfunnet sine ideal, og med dels motstridande, dels samanfallande kristne ideal. Vidare tar eg for meg enkelte utviklingstrekk i dei ulike miljøa og dei ulike tidene for balladeskriftfestinga, for å sjå om dette er trekk som kjem til uttrykk i balladevariantane. Kapittel 2 seier noko om det å arbeide med skriftlege tekstar av det som i utgangspunktet er ein munnleg sjanger. Så kjem hovuddelen av oppgåva i kapittel 3, der eg går gjennom nokre få balladar ved å lese dei variantane som finst i alle dei nordiske landa, ser på likskapar og ulikskapar, og prøver ut frå det å sjå om ein kan trekke konklusjonar i retning av om ulik ideologi kjem til uttrykk gjennom endringane. I kapittel 4 trekker eg saman trådane i det eg har funne.

1. Bakgrunn for ballade-variantane

Miljø

Vi reknar som sagt med at balladen oppsto som sjanger i andre halvdel av 1200-talet ved hoffet til Håkon IV Håkonsson i Bergen. Nettopp denne plasseringa er eit poeng når vi ser at så mange av balladane har vandra til Færøyane og Island, for i Håkon Håkonssons tid vart desse øyane skattland under Noreg. Sjølv om kontakten hadde vore der heile tida, måtte skattlegginga gje årsak til jamleg samkvem, under sonen Magnus Lagabøte var det t.d. ein skriftleg avtale om to handelsskip i året til Færøyane. Håkon Håkonsson fekk omsett mykje av den kontinentale riddardiktinga, m.a. av Chretien de Troyes. *Kongsspegelen*, dette læreverket i hoff-kutyme, vart truleg skrive som lærebok for sonen til Håkon, den seinare Magnus Lagabøte. Sonesonen, Håkon V Magnusson, flytte hoffet til Oslo i 1299, og sambandet sør- og austover, til Danmark og Sverige, vart etter kvart viktigare enn sambandet vest i havet til dei norske skattlanda. Orknøyane. Frå Bergen og/eller Oslo har den så spreidd seg til alle dei nordiske landa, og levd på folkemunne der til samlarar skreiv dei ned over eit tidsspenn på over 350 år, frå ca. 1550 til ca 1900. Norsk 1200-tal og dansk 1500-tal har mange fellesdrag, men òg store skilnader, det fyrste hadde eit ungt hoff som leita mot Europa etter identitet, det andre hadde eit hoff som trong balladar om gamle heltebedrifter for å stadfeste sin eigen rett til eksistens. I Vésteinn Ólasons omtalte gjennomgang av islandske balladar, finn han også at 12-16 av desse truleg har blitt til på Island, mange av dei i mellomalderen. Som nemnt vart balladar også dikta på Færøyane fram til for 100 år sidan, i eit folk som også trong å minnst gamle bedrifter for å styrke nasjonal identitet. Men på Island og Færøyane var diktarane ikkje adelsmenn, men bønder og fiskarar i eit relativt egalitært samfunn. Rett nok var det underlagt kongen av Danmark, men han var ein temmeleg fjern figur, og hans representantar var ikkje alltid like sterke.

Kva er "sant" i balladen?

Tidlegare forskarar som Grundtvig brukte mykje tid på å tid- og stadfeste enkeltballaden ut frå innhaldet, og prøvde å vise kvar både person- og stadnamn hadde sitt opphav. Dette kan sjølv sagt også ha si interesse, men ofte blir det svært luftig gissing som seinare delvis kan falsifiserast, men sjeldan verifiserast. (Sjå meir under omtalen av C 3 *Dronning Dagmar og Junker Strange*) Vi kan ikkje i dag vite kva enkeltopplysingar som kan vere korrekte,

heilskapsbiletet er likevel mykje meir truverdig enn detaljane. Når fleire balladar gjev inntrykk av eit fast mønster for handlingar, så må dette mønsteret seie noko om den sosiale røyndomen som ligg bak ved diktartidspunktet, eventuelt nedskrivartidspunktet, og dermed også om haldningar og normer som styrde denne røyndomen. Balladane fortel altså heller om normer og ideal enn om faktisk oppførsel. Ein skal også hugse at balladen viser det eksepsjonelle, det som bryt med mønsteret. Det ville ikkje vere interessant å dikte eller syngje om kvardagen og kvardagshendingar. Vi kan derfor ikkje utan vidare gå ut frå at dei ideala vi finn som underliggjande mønster i balladen, er i samsvar med korleis folk faktisk levde og handla.

Synsvinkel - kvinneleg eller mannleg dikting?

Balladane kan handle om tilhøve mellom kvinne og mann, om trekantforhold: ein mann i konflikt mellom frille og brur, ei kvinne med to friarar, av og til av ulik stand. Sjølv om det er skildra utanfrå, kan ein av og til finne at synsvinkelen ligg hos den eine eller den andre, og at skildringa ikkje er bare observerande, men deltakande. Sympatien kan ligge hos frilla eller hos brura, hos mannen eller kvinna, hos den eine eller andre standen. Kven laga og brukte balladar, menn, kvinner eller begge delar? Vi kan sjå på kven som stod for anna dikting frå denne tida. I Norden hadde vi i perioden før 1200-talet mange namngjevne diktarar, nemleg skaldane. Fordi Snorre brukar skaldestrofer for å bygge opp under framstillinga si av dramatiske hendingar, har vi mange bevarte lovkvæde til kongar og fyrstar, eller dikt som skildrar kamp og strid. Dei fleste skaldekvæda som er bevarte, er etter dei hirdskaldane som stod dei største kongane nær, t.d. Sigvat skald hos Olav den Heilage. Ein del kvinner blir omtalte som skaldar, eller har skaldmær/skaldkona i namnet, men bare etter 9 av desse er skaldestrofer bevarte. Det som er bevart, skil seg lite ut frå strofer etter mannlege skaldar. Det kan tyde at menn og kvinner dikta på same måte om same tema, eller - meir truleg - det som ikkje passa inn i sogeskrivarens prosjekt, blei ikkje skrive ned, og har derfor blitt borte.

Skaldediktinga var ein svært krevjande sjanger, med sine heiti og kenningar, og med si intrikate ordstilling vart kvædet til ein rebus som kunne løysast dersom ein hadde tilgang til mange av løysingsorda på førehand. I *Gisla saga* ligg det verkeleg ei gåte i ei skaldestrofe, nemleg svaret på kven som er Vesteinns mordar, og da er det ei kvinne, Tordis, som kjem med løysinga. For å vere i stand til dette, må ho vere van med å tolke skaldestrofer, det er ikkje noko ein kan greie utan vidare. Det kan tyde at alle kunne det, eller at Tordis var

spesielt dugande og hadde utvikla denne idretten, som dei kalla det, til perfektjonisme. I alle høve viser det at ei kvinne var meir dugande enn mannen i denne spesielle situasjonen, og det blir ikkje omtalt som noko uvanleg. (Mundal 1982)

Noko av den franske omsette diktinga, såkalla riddardikting, som var mest populær ved det norske hoffet, var dikta av ei kvinne. Marie de France stod som forfattar til *Strengleikar*, og var eit prov på at kvinner kunne bli kreditert for litterær innsats. Det kunne i sin tur legalisere kvinners rett til å utfolde seg på dette området. Når vi kjem til den anonyme diktinga, balladar, eventyr og segner, er det sjølvsagt vanskeleg å vite om det var kvinner eller menn som var mest produktive her. Men Elsa Mundal (1982) viser at dei kvinnene som blir omhandla i anonyme fornaldersoger og i folkediktinga, er meir handlekraftige og aktive enn i realistiske sjangrar med (delvis) kjent opphavsmann, som islendingesoger og kongesoger. Dette kan tyde på at sidan dei ukjende opphavsmennene (sic!) her har hatt ei anna vinkling enn dei kjende forfattarane, som alle er mannlege, kan det innan desse sjangrane gjerne vere kvinner som står bak verket.

Det kan og vere interessant å sjå på kjønnsfordeling hos songarane på den tida da materialet vart skrive ned. I Telemark var over halvparten av informantane kvinner. Birgit Hertzberg Johnsen (1982) fann at like mange kvinner som menn song kjempeviser, men medan mennene song om menn i heftig kamp, som E 37 *Ulv van Jærn*, song ei overvekt av kvinnene E 32 *Skjoldmøen*, den einaste i materialet hennar med kvinneleg helt. På Færøyane seiast det at kvinnene kunne flest riddarviser, og song desse i pausar medan dei mannlege skiparane (forsongar ved dansen) kvilte mellom øktene.

Vi skal nå sjå på korleis det samfunnet var som dei eldste balladane vart til i, for å sjå om vi kan finne att tema som er tidstypiske i balladematerialet, og i kva grad overleveringane framleis uttrykker dette i alle land. Etter å ha sett på tilhøva ved hoffet i Noreg, går vi til dei miljøa som balladane har overlevd i, og ser på skiljande faktorar: tidleg norsk hoffmiljø kontra seinare dansk og svensk kongsnære miljø, og så til meir egalitære bondesamfunn i Island, Færøyane og Noreg, med større avstand til kongen og kretsen rundt han.

1.1 Kulturen i balladens opphavstid - ideologi i endring

1.1.1 Frå ættesamfunn til føydalsamfunn

Kapittel 2 presenterer dei kulturhistoriske føresetnadane for balladens opphavstid, ved å sjå bakover til det tidlegare samfunnet som hadde bygd på slektstilknytning, og setje det opp mot mellomalderens føydalsamfunn, der kristendommen og riddarideala skiftevis understrekar kvarandre og utfordrar kvarandre.

Det samfunnet vi kjenner frå tidlege norrøne kjelder, er eit ættesamfunn der tryggleiken ligg i å vere del av ei slekt som kan verje deg. Tinget hadde lovgjevande og dømmande makt, men den utøvande makta måtte kvar enkelt ætt ta ansvaret for. Kvinnas rettstryggleik, som mannens og barnas, var derfor avhengig av ættas vilje og evne til å ta ansvar for henne. Der det ikkje finst eit rettssystem som kan verne enkeltindividet, blir kvar enkelt avhengig av slekta til å verne seg. Som del av ei sterk slekt er ein sikra eit sterkt vern mot overgrep, fordi ein overgripar veit at slekta vil sørge for å straffe, eller hemne, om ein vil. Det blir da viktig for slekta å alltid markere sin styrke, at den ikkje vil tolerere noko som kan oppfattast som overgrep. I ein slik kulturell kontekst blir ære og skam viktig, fordi ein må markere styrke, og så å seie vere på forskot mot overgrep. Verbale krenkingar må hemnast, så dei ikkje får vidareførast til fysiske overgrep. Konflikatar i islendingesogene startar ofte her. I dette ligg òg at fellesskapet i slekta blir det viktige, ikkje enkeltindivid og deira skjebne. I det førkristne samfunnet var det ikkje individets synd, men den kollektive skam over slekta ein måtte frykte, slik vi framleis ser i enkelte samfunn i dag. Å gjere noko gale vil seie å gjere noko som fører skam over slekta, noko som gjekk ut over æra, og det må gjenopprettast ved hemn. Dersom ei jente har blitt forført, eller voldteken, vil æra kunne gjenopprettast ved at ho blir gift med forføraren, dersom han elles er av akseptabel stand. Er dette ikkje mogleg, må han drepest, og kanskje også ho, for at ikkje den skamma ho har dratt inn over familien skal bli hangande ved slekta. (t.d. D 324 *De hurtige svar*) Dermed er det ikkje om ho er skuldig eller ikkje skuldig, viljug eller ikkje, som er tema, men kva som har blitt gjort mot slekta, og korleis reaksjonen frå slekta blir. Det norrøne samfunnet hadde detaljerte lover for kva som var rimeleg hemn for ulike krenkingar. Gjenoppretting av ære kunne skje innanfor lovene utan blodhemn, og vart grunnlaget for det systemet med bøter og bøtelegging som utvikla seg etter som kristendommen kom inn og slektshemn vart uakseptabelt.

Eit slikt samfunn gav tryggleik i slekta, men også ufridom og tvang knytt til den same slekta. På den eine sida ville overgrep bli hemna, på den andre sida var det liten plass for individuelle kjensler og ynskje. Kjærleik og eigne ynskje var ikkje eit tema når det galdt ekteskap, og dersom forelsking og kjærleik hadde fått nokon til å bryte normene, ville angsten for følgjene måtte vere lammande når eins eiga slekt skulle la æra stå over foreldrekjærleik, slik at det var betre å drepe ei dotter som hadde ført skam over slekta. (Det har blitt tydeleg i seinare år, også i Noreg, at vi framleis har samfunn der dette gjeld fullt ut. Vi tenkjer på fleire tilfelle der norsk/pakistanske ungdommar sjølve har valt seg partner, eller sett seg mot foreldras val, og derfor har blitt drepte av eigen familie.) Overvaking og kontroll kunne nok vere tyngjande, som t.d. når jenta i A 48 *Nøkkens svig*, som vi skal sjå på seinare, seier at ho blir vakta av far og mor, syster og yngre bror, og av festarmannen, som da skal ha henne i fylgje avtale mellom familiane.

På 1200-talet skulle nok den utøvande makta vere flytt til kongen, og slekta fråteken både ansvar for og lov til å hemne, i alle fall på fastlandet. I hoffmiljøet rundt kongen var det utenkeleg at slektshemn kunne halde fram utan at kongen ville blande seg inn og krevje at begge partar bøygde seg under kongens lover. Men på Færøyane og Island budde mellom anna dei slektene som hadde så sterk motvilje mot å bøye nakken under ein konge i Noreg, at dei emigrerte. Der var kongens makt framleis svak, sjølv om Island og Grønland vart norsk skattland under Håkon Håkonsson midt på 1200-talet. På ut-øyane var nok tilhøvet eit anna enn nær hoffet i Noreg. Men vi har i alle fall ein ballade over heile folkevisedområdet som sterkt framhevar slekta sitt ansvar for å hemne overgrep, også om dei skjer etter at ekteskapet er inngått. Det er A 26 *Blak og Ravn hin Brune*, som eg skal sjå nærare på. I det gamle ættesamfunnet var det mannens familie som hadde ansvaret for den gifte kvinna, og som vart ansvarleg for å hemne dersom ho var utsett for overgrep. Men dersom det var ektemannen som var overgriparen, måtte det bli slekta hennes som tok ansvar for å hemne det. Det er eit slikt tilfelle denne balladen handlar om, som vi skal sjå seinare.

1.1.2 Frå åsatru til kristendom

Frå skam til synd

Samtidig med at kongen fekk verdsleg makt og føydalstaten vart innført, kom også kristendommen med sitt fokus på individets ansvar for egne handlingar. I den tida balladesjangeren synes å ha vore særleg produktiv, frå 1200-talet til 1500-talet, var likevel ikkje religion individets privatsak. Det var pliktig frammøte til ei viss mengde messer kvart år, for om ikkje alle kunne lese, så måtte alle få høyre og lære nok til at dei kunne leve som kristne. Eitt nytt omgrep som kom inn med kristendommen, var synd. Før kristendommen var det ætta som måtte ordne opp når retten vart krenka, og nokon utførte handlingar som kunne føre til straff, ein blanda ikkje gudane inn i slikt. Men den kristne Gud hatar synd, synd er også innstillinga som fører til negative handlingar, og i sin yttarste konsekvens vil synda skilje oss frå Gud for evig dersom den ikkje blir gjort opp. Derfor var det livsviktig å vite korleis ein kunne leve rett. Kyrkja skilte mellom to kategoriar av synder: kvardagssynd og hovudsynd/kardinalsynd/dødssynd. (Det tidlege omgrepet var hovudlast = höfudlestr, seinare i mellomalderen vart det bytta ut med kardinalsynd eller dødssynd). Kvardagssynder blir omfatta av det allmenne skriftemålet, og blir tilgjevne gjennom faste, almisser og bønner. Dei andre er dei grove syndene som bare får tilgjeving gjennom skriftemål og bot (Hjelde1995). Gjennom bota skjer reinsing, og denne er naudsynt for at ein skal få tilgang til himmelen etter døden. Har ikkje reinsinga skjedd her på jorda, må ein rekne med å gå gjennom desto hardare reinsing etter døden, i skjærselden. Men ei dødssynd kan ikkje opprettast etter døden dersom ein ikkje har skrifa og vendt om frå det medan ein lever. Da er det viktig at dei kristne veit kva synder dette gjeld.

Balladen som exemplum

Exemplum er latinsk for førebilete, og var namnet på forteljingar brukte til å illustrere eit poeng religiøst eller moralsk. Exempla¹ var brukt både i antikken og i jødisk tradisjon. Det vart også ei populær form i Norden, ikkje minst i Bergen ved Håkon Håkonssons hoff (Haugen 1995 s. 40). Etter kvart vart det kanskje aller mest bruka i preiketekster, men det er også vanleg i andre oppdragande samanhengar, som t.d. i *Kongsspegelen*. Oftast opptrer

¹ Eg brukar den latinske skrivemåten *exemplum* – *exempla*, for å skilje det frå den vanlege bruken av ordet *eksempel*.

exempla i diverse kortprosaformer, som anekdote, fabel, legende, eventyr m.m. Men det finst også døme på at det er brukt i poesien, som t.d. i byrjinga av *Sólarljóð*. Mange exempla er bygd opp med ei tolking til slutt, men ikkje alltid er tolkinga med. *Sólarljóð*-exempla er t.d. vanskelege å tolke. Under lesing av balladar slår det meg at mange av dei også kan lesast som gode, moralske exempla. Fleire av dei balladane eg ser på, kunne ein gjerne tru var dikta med dette føremålet, den eine med sterkt kristent forteikn (A 48 *Nøkkens sving*), andre som exemplum på høvisk framferd (D 16 *Esbern Snare*, C 3 *Dronning Dagmar og junker Strange*).

Ein del av dei kjente exemplamlingane tener til å åtvare mot hovudsynder, og illustrerer kor farlege dei er. Ikkje minst gjeld dette hovmodet, den største av alle synder, ja, alle synders opphav, sidan hovmodet var engelen Lucifers synd da han ville vere lik med Gud, og derfor vart kasta ut frå himmelen med den tredelen av englane som fylgde han. Han måtte skifte namn frå Lucifer (= Lysberaren) til Satan (= Guds motstandar), og tok bustad i helvete. *Gamalnorsk homiliebook* seier det slik: ”Upp-haf allra synda er ofmetnaðr. Sá er konungr allra ilsku. Fyrir þann fello niðr englar af himni ok urðu at dioflum”. Hovmod var á gjere opprør mot den gudgjevne plassen ein hadde i skaparverket, med kongen høgast i samfunnet, slik Gud er høgast i den ándelege verda, og slik faren er høgast i familien. Det var altså samsvar mellom den ándelege verda, riksskipinga, og familielivet, slik at det eine kunne avspegle det andre, og det eine kunne vere ein metafor for det andre. Gud som konge og som far er kjente bilete frå Bibelen, og av det følgjer både at ein konge hadde same opphøgde verdigheit som Gud, og at pater familias står i same tilhøve til kone og barn som Gud gjer til mennesket som Guds barn. Det inneber at han er den som veit best og har det avgjerande ordet, men også at han ønskjer det beste for sine barn. Dei andre hovudsyndene varierer litt i ulike kjelder, vanlegvis var det 7 eller 8. I Alkuins skrift i *Gamalnorsk homiliebook* er det i tillegg til hovmod nemnt grådigskap, hor, pengebegjær, sinne, dovenskap, mismot og æresykje. Andre stader i *Gamalnorsk homiliebook* kan ein finne at ei heil rekke synder blir kalla hovudsynder, t.d. i ”Sermo ad populum” I

þat eru hofudsyndir er nu skulu þer hoyra: Kirkiustuldr ok rán, manndrap, langræki, ofund, ofmetnaðr, mikilllæti, hordómr, ofdrykkja, stuldr ok allra rangleikr, lausung, meineidar, mutufe ok trua á lyf kvenna eða gerningar, eða á spásögur. þat er alt djöfuls krafr, ok með því kvistir hann slekta menn frá Kristi ok til helvitis. (GNH 1966 s. 35)

Og disse er hovedsyndene: tyveri og ran frå kirker, manndrap, langsinne, misunnelse, hovmod, selvgodhet, hor, drikk, tyveri og all slags urettferdighet, sedløshet, mened, bestikkelse og tro på trollkjerringar og alle deres gjerningar, legeråd og spådommer. (I omsetjinga til Erik Gunnes 1971? s. 49)

Utanom hovmod kan vi i balladane finne at for eksempel latskap, sinne og hor fører til undergang og dom, anten i dette livet eller etterpå, og/eller det motsette får si løn. Hovuddydene var sanning, rettfærd, fredsemd og miskunn, i følgje Kongsspegelen, eller klokskap, rettfærd, styrke, måtehald, etter Alquin. Fleire av balladane kan vurderast som exempla, men dette slår ikkje alltid gjennom i variantane frå alle landa, som vi skal sjå. (D 16 *Esbern Snare*, D 367 *Hekseridtet*, D 258 *Waldemar og Tove*)

Frå helheim til himmel

Også synet på livet etter døden vart eit anna. Kvinner hadde ikkje så mykje å sjå fram til etter døden i følgje åsatrua, bare stridande krigarar kunne sjå fram til noko som for dei fortona seg som himmelsk, dei evige stridane i Valhall. Alle dei andre hadde bare ein bleik Helheim i vente. Når det ser ut som kvinner raskt tek til seg kristendommen, slik både Birgit Sawyer (1992) og andre hevdar, kan vel ein av grunnane vere at dei vart tiltrekt av å høyre om den himmelen som venta alle kristne. Trua på eit bevisst tilvære i himmelen kjem fram i mange av balladane, som t.d. i den kjente *Olav og Kari* (D 367).

Kyrkjehistorikaren Tarald Rasmussen er oppteken av at ein ikkje bare ser på teologanes tekstar for å forstå kvinnerolla innan kristendommen, men også kva normative kjønnsmodellar som finst innan kristen tradisjon. Han viser at kvinneandelen av helgenar går opp utover mellomalderen, frå ca. 10 % av dei som vart kanoniserte på 1000-talet, til opp i 28 % på 1400-talet. Ein fann altså ei aukande mengde kvinner som var verdige til å bli helgenar og førebilete både for kvinner og menn fram mot slutten av mellomalderen. (1995: s. 96-99) Med dette som bakgrunn, kan det vere interessant å sjå at blant legendevisene er det like mange med kvinneleg hovudperson som mannleg, i tillegg til fem viser om jomfru Maria. Dei som har mannleg hovudperson, er ofte viser om kjente helgenar, medan dei kvinnelege har ei overvekt av martyrar, kjente og ukjente. To av dei med mannleg hovudperson, er nedskrivne over heile Norden med unntak av Island (St. Jakob og St. Stefan), medan tre av dei kvinnelege finst i alle dei fem landa. Ei handlar om Maria

Magdalena, og to av dei som er spreidd over heile området, er om kvinner som blir valdtekte og drepne, eller drepne for påstått umoral, og som blir henta til himmelen når dei døyr. (B 20 *Møen på bålet* og B 21 *Herr Truelses døtre*.) At desse har vore så populære, kan tyde på at kvinner har vore tradisjonsberarar for desse visetypane. På Færøyane seiast det at kvinnene kunne flest riddarviser, og song desse i pausar medan dei mannlege skiparane (forsongar ved dansen) kvilte mellom øktene. Det er nærliggande å tru at også legendevisene høyrde til ”kvinnereportoaret”. Populariteten kan i så fall kome av både understrekinga av at sanninga vil kome for ein dag ein gong, og at om kvinner måtte lide uskuldig her, så hadde dei trass alt noko betre i vente.

Helvete var også til stades som ein skremmande realitet, men neppe som eit så nærliggjande alternativ som til enkelte seinare tider. I den fyrste tida etter innføringa av kristendommen vart alle kristne frelste, så sant ein ikkje gjorde noko som førde til at ein vart bannlyst frå det kristne samfunnet. Utover 1100-talet var det blitt plass for meir individuell tankegang, og individet vart gjort ansvarleg for si eiga frelse. Det er nettopp grunnen for den sterke understrekinga av hovudsynder som vi ser i *Gamalnorsk Homiliebok*, og det kunne vel og vere grunn nok til å la det speglast i balladar, som vart sungne i vide kretsar, og slik kunne tene som oppdragande eksempla for både adel og ålmuge.

Ekteskap, frå slektsavtale til sakrament

Fordi alle skrivne kjelder vi har, har blitt nedteikna etter at kristendommen var komen, er det stor usemje blant forskarar om kor sterk kvinnes stilling var i den eldste tida, og i kor stor grad denne stillinga vart svekka eller styrka med innføringa av kristendommen. Eg skal ikkje gå inn på diskusjonen her, bare sjå på det som har aktualitet i samanhang med balladegjennomgangen.

I det tidlegare ættesamfunnet var ekteskap regulert av lover, men bare som avtale mellom to slekter. Det var ikkje nokon føresetnad at kvinna skulle bli høyrd. Sverre Bagge (1998) har skrivne om krysspresset kvinna kom i mellom sin eigen familie og mannens, og Else Mundal (1978) om korleis dette kan vere grunnlaget for at kvinner i den eldste litteraturen blir

karakteriserte som upålitelege (som i *Håvamål* strofe 81-90, særleg strofe 84). Som nemnt under avsnittet Frå ættesamfunn til føydalsamfunn var det slekta som måtte forsvare kvinnas ære, dersom det vart konflikt mellom kvinnas slekt og mannen hennes, kunne det vere vanskeleg å vite i kva retning hennes støtte ville gå. Med kristendommen kom kravet om at også kvinnas vilje skulle høyrast når det galdt giftarmål. Birgit Sawyer (1992) byggjer mykje på kristne runesteins-innskrifter når ho meiner å finne at kvinner har tatt ved kristendommen med entusiasme, og trur at ein grunn kan vere fokuset på individet, som frigjer henne frå krysspasset mellom eiga og inngifta slekt.

Om det vanlegaste nok også tidlegare var ekteskap mellom ein mann og ei kone, så var det heller ikkje umogleg å ha fleire koner, særleg kongane viste makta si på denne måten. Med kristendommen vart polygami forbode. Når ekteskapet er eit sakrament, blir det sjølvsagt at dette kan bare inngåast av ein mann og ei kvinne. Den andre sida av det var at skilsmisse vart umuleg. I den førkristne tida var det lovregulert kva som kunne gje rett til skilsmisse, vald kunne t.d. vere skilsmissegrunn, både i Noreg og på Island. Nå vart det etter kvart uråd å skilje seg og gifte seg igjen, ein livslang separasjon var det einaste brotet som var mogleg fram til protestantismen kom og opna for skilsmisse igjen. Men om kyrkja prøvde å hindre fleirgifte, så klarte dei ikkje å få bukt med frillehaldet, mange menn hadde ei frille, eller slegfred på dansk, i tillegg til kona. Kyrkja gjekk langt i å fordømme dette, og dommen gjekk oftast hardare ut over kvinna enn mannen. Så lenge det var samliv mellom eit ugift par, så var ikkje forbodet alltid like strengt, og *Jyske Lov* hadde til og med lovfest at dersom ein hadde budd ope saman i tre år, så var kvinna ektefelle ved hevd. Særleg mange danske balladar har tema om slegfred og brud. Nokre er også spreidd over heile området, og vi skal sjå på D 258 *Valdemar og Tove*, som har fått ulike endingar i ulike land.

1.1.3 Kvinner og kjærleik, to motstridande syn

Balladane kretsar ofte om kravet om kyskleik, eit krav som gjeld bare for kvinna, og som er nytt i høve til sagalitteraturen (Andersen 1978) Kravet om kyskleik kan forklarast ut frå to ulike syn på kjærleiken, nemleg kyrkja sitt, og det romantiske synet vi finn i riddardiktinga. Kyrkjias ideal er agape - den tilgjevande og evigvarande gudgjevne kjærleiken, som er

grunnfesta i det elskande subjektet, og ikkje i objektet for kjærleiken, slik ein t.d. kan lese det ut av 1. Korintarbrev 13, 4-7.

Kjærleiken er langmodig, er velviljug; kjærleiken ovundast ikkje; kjærleiken briskar seg ikkje opp, blæs seg ikkje opp; han gjer inkje usømeleg søkjer ikkje sitt eige, ilskast ikkje, gøymer ikkje på det vonde; han gleder seg ikkje ved urettferd, men gleder seg ved sanning. Alt lid han, alt trur han, lat vonar han, alt toler han.

På den andre sida står riddardiktingas framstilling av kjærleiken som ei uavvendeleg kraft, noko som kan bli kasta på ein av utanforståande, uforståelege krefter, men som er sterkare enn alt, og som står over alle lover. Derfor kjem han ofte gjennom magi, i balladane ved hjelp av magiske runer, eller ved ein trylledrikk, som hos *Tristan og Isolde*. Det er leivningar av det magiske som ligg under når ein framleis høyrer om *fortryllande* kvinner, og vi blir ”betatt” av nokon, eller til og med heilt *bergteken*. Kjærleiken er magisk, og emnet for kjærleiken blir tilbedt og forguda. I balladane kan vi sjå att den mentale kampen mellom kyrkjias syn og den sekulære delen av høviske ideal.

1.2 Fyrste nedskrivartid i aust– nye ideologiske endringar

Det finst enkeltståande strofer og brot av nordiske balladar tidlegare, men skriftfeste, dvs. handskrivne, samlingar av balladar finn vi ikkje før på slutten av 1500-talet. Da byrja unge danske og svenske adelsmenn etter tysk mønster å samle balladar og tyskinspirerte kjærleiksviser. Adelskapet var naturleg nok interessert i å bekrefte og styrke sin identitet, både ved å skrive ned eldre viser som bygde på adelen sine ideal, og ved å dikte nye viser i den gamle tradisjonen. Så mykje som 62 % av dei danske balladane ein kjenner i dag, var oppteikna før 1580. Moten spreidde seg, og frå neste hundreåret har vi bevart 22 visehandskrift samla av adelsdamer, og til og med ei som ber dronning Sophies namn. Det at dronninga var interessert i dei gamle visene, viser seg òg ved at ho bad samlaren Anders Sørensen Vedel om å trykke dei visene han hadde samla. Dette førde til at han i 1591 gav ut den fyrste trykte visesamlinga i Danmark: *It hundrede uduaalde Danske Viser om allehaande Merckelige Krigs Bedriff oc anden seldsom Euentyr som sig her udi Riget ved Gamle Kemper, Naffnkundige Konger oc ellers forneme Personer begiffuet haffuer aff arilds tid indtil denne neruærendis Dag*. Vedel hadde ei stor samling av handskrivne viser, i alt nærare 300 variantar, delvis etter svigerfaren, delvis som han sjølv hadde samla. Dei som

vart trykte, hadde han sjølv “restituert”, sett saman strofer frå ulike versjonar dersom dei ikkje verka fullstendige, endra språklege uttrykk til det han meinte måtte ha vore det opphavelge, av og til endatil endra namn på aktørane, som vi seinare skal sjå i TSB D 258 (og også i D 424). Han såg klart at visene alt da var svært gamle. *Hundredvisebogen* som ho vart kalla, kom i fleire opplag og har vore svært populær. Om lag 100 år seinare, i 1695, vart ho utgjeven på ny av Peder Syv *forøged med det andet Hundrede Viser om Danske Konger, Kæmper og Andre, samt hosføjede Antegnelser, til Lyst og Lærdom*. Denne gjekk i Telemark under namnet *Tvohunderviseboki* (Bø 1977) eller *Kjempeboka* (Dal 1956). Desse to visebøkene har vore kjende over heile Norden, og folkevisesamlarar i førre hundreår fann stadig viser i levande tradisjon som stamma frå desse bøkene.

Vel så interessant er det vel at dei òg fekk høyre viser som nok var skrivne ned på 1500-talet, i Vedels samlingar og hos andre, men som aldri hadde vore trykte og spreidde, og likeeins viser som ber preg av høg alder, men som aldri har vore skrivne ned eller trykt tidlegare. Ein veit at det også fanst viser i skillingstrykk frå 1500-talet og framover, men lite er bevart, og det er ulike meiningar om kor mykje det har vore av dette. Iørn Piø (1985) meiner det har vore svært mange fleire enn det vi har bevart, utan at andre forskarar har godteke hans syn utan reservasjonar. Ved sidan av det som adelen skreiv ned, levde også i Danmark balladane vidare i munnleg tradisjon. Den største folkeminnesamlaren var Evald Tang Kristensen (1843-1929). Han samla ca. 3000 nyare og eldre viser frå Jylland. Blant desse finst mange av dei som elles er å finne i adelsvisebøker, men som ikkje har vore tilgjengeleg i skrift i mellomtida.

Kva slag samfunn var det så dei levde i, dei som skreiv ned dei fyrste balladane, altså adelsdamer - og menn i Danmark på 1500-talet? Der var likskapar med det norske hoffet på 12- og 1300-talet, men og nye utviklingstrekk. I Noreg på 1200-talet var det ein ung adel som såg mot Europa for å finne sinn identitet, i Danmark på 1500-talet hadde adelen mist mykje av si opphavlege oppgåve, og måtte finne nye måtar å bekrefte seg sjølve på. På 1200-talet var kristendommen ennå forholdsvis ung som statsreligion, og det var brytningar mellom konge og kyrkje om styrkefordelinga. Konge, adel og kyrkje var gjensidig avhengige av kvarandre, men styrketilhøvet varierte gjennom tidene. I høg mellomalderen

hadde kyrkja vore fyrstestanden i Danmark, med adelen som andrestand. Med reformasjonen vart styrketilhøvet endra, kongen tok over mykje av jordegodset og vart også øvste leiar av kyrkja, dei geistlege hadde ikkje lenger paven i Roma som åndeleg far og verdsleg leiar.

I den kontinentale diktinga er den føydale ideologien sterkare enn i den norrøne. Helt og heltinne må alltid vere frå same klasse, er dei ikkje det, dvs. er heltinna av ein lågare stand, blir det utan unntak ulukkelege forhold. Denne ideologien er ikkje gjennomført i dei norrøne riddarsogene, og enda mindre i balladane. Sjølv om det vanlegaste er at begge er av overklasse, så er kjærleik mellom klassane mogleg, og i fleire variantar får fattigjenta prinsen (D 396, D 397, D 401, D 403). Dei fleste av desse ber likevel preg av å vere seinare dikting. Det er likevel vanleg at ei adelsjente føretrekker ein av sin stand i staden for eit smigrande tilbod om å stige i hierarkiet og gifte seg med kongen (D 172 *Knud i Borg*, D 50 *Vilgår Hertugson*). Balladen har ofte sympati med kvinna eller dei to elskande, og dømmer den strenge faren som skil *Bendik og Årolilja* i D 432, som drep elskaren (D 324 *De hurtige svar*), eller som viser bort ei gravid dotter. Dei mange balladane som handlar om at mannen gifter seg med ei frilla si, frivillig eller ikkje, (D 109-123) kunne kanskje tyde på at dette er kvinnedikting som gjev uttrykk for maktlause kvinners ynskjetenking.

Ideologien i riddardiktinga er i utgangspunktet adelens, og når Håkon Håkonsson (1217-1263) sytte for omsetjingar av “fornsøgur suðrlanda”, bl.a. *Tristrams saga ok Isondar*, *Elis saga ok Rósamundu*, *Íventssaga*, *Strengleikar*, *Móttulssaga*, var det nok både for å vere del av eit kulturelt europeisk fellesskap, og for at det skulle verke oppdragande for dei øvre klassene. Aristokratiets kultur var internasjonal, bygd på dei seremonielle reglane som var innlærte frå bysantinsk og maurisk kultur. Men “courtly love” har alltid vore viktigare i litteraturen enn i det verkelege livet. Når tema frå denne diktinga vart så populære, og vidareført i balladane i så stor grad, viser det at dei hadde appell til alle klasser.

Ein av grunnane kan vere den sterkare fokuseringa på individet som kom med kristendommen, i motsetnad til det tidlegare slektssamfunnet, der individet bare tydde noko som del av ein ættesamhang. Det vart t.d. lovfest at kvinns vilje skulle høyrast når det

galdt giftarmål, noko som måtte føre til større sjølvkjensle også blant kvinnene. Med fokus på individ vert også individuelle kjensler viktige. Blant fleire av dei balladane som er spreidde over heile området, er temaet konflikt mellom individ og slekt ved inngåing av ekteskap. Eit vanleg tema er konflikten som oppstår mellom kvinna og slekta hennes dersom ho sjølv har valt seg mann utanom slektas viten eller vilje (t.d. D 324 *De hurtige svar*, og i fire land: D 71 *Jomfruens straff*, D 163 *Palle Bosøns død*, D 430/432 *Hagbard og Signe*). Andre forskarar, som Gro Steinsland (1985), vil seie at kvinns stilling tvert om var sterkare i ættesamfunnet enn i kristen tid, peike på ein del sterke kvinner i sagaene, vise til at skilsmisse var lett å få både for menn og kvinner, og fokusere på t.d. at den kristne monoteismen dreiv bort dei kvinnelege guddommene i heiden tru, og at gudsydrkinga blei eit område for bare mannlege prestar. Kanskje er det ikkje eit anten/eller, men eit både/og, på enkelte område tapte kvinnene noko, medan dei samstundes vant på andre område.

1.2.1 Sola scriptura – på dansk

Luthersk-evangelisk kristendom vart innført i Danmark, fyrst frå preikestolen gjennom ”den danske Luther”, Hans Tausen, frå 1526, som hadde utdanninga si bl.a. frå Wittenberg, der Martin Luther heldt til, seinare offisielt av kong Christian 3. i 1536. Prestane fekk fridom til å gifte seg, og var ikkje lenger åndeleg far for kyrkjelyden sin på den nesten bokstavelege måten som under katolisismen (jf. B 16 Maria Magdalena, som måtte sone for incest med faren, broren og presten). Helgenbileta, helgenaltera og relikviane vart plukka ut frå kyrkjene, og rikdommane i kyrkja vart nå kongens eige. Men om den økonomiske balansen endra seg, så er det grunn til å rekne med at kyrkja si makt over sinna kanskje var sterkare i denne perioden enn den hadde vore i dei føregåande hundreåra. Reformasjonen førde til meir fokus på individuell tru, og med Bibelen tilgjengeleg på morsmålet, vart det lettare å gå til sola scriptura, skrifta aleine, også for ”den opplyste meinigmann”, (for å lage ei nemning for lesekyndige ikkje-geistlege). Christian 3.s Danske Bibel av 1550 var omsett frå Luthers tyske førelegg, og vart normsetjande for det danske språket. Luthers salmar vart omsett, og det vart dikta salmar på dansk språk, i det heile teke vart språket meir i fokus enn det nokon gong hadde vore i Danmark. Dette førte også til at skrivekunsten ikkje lenger var ei kunstform hovudsakleg for dei geistlege, men også for adelskapet. Det er bevart tusenvis av

brev saman med dagbøker, reisedagbøker og andre handskrivne dokument frå denne tida. At adelen på slutten av 1500-talet også byrja skrive ned balladar og åndelege viser, og sjølv dikte nye, var ei naturleg fylgje av dette fokuset.

Reformasjonen førte ikkje bare med seg endringar i balansen mellom kongen og kyrkja og i synet på det danske språket. For mange kvinner, og kanskje særleg for adelskvinner, hadde omlegginga viktige konsekvensar. Før reformasjonen hadde mange adelskvinner hamna i kloster, ein del truleg ut frå eige ynskje, andre ut frå omsynet til kven slektene hadde råd til å gifte bort. Klostera vart nå etter kvart stengde, det siste rettnok ikkje før i 1620, fordi adelen hadde bede om å få behalde det også etter reformasjonen ”for at ikkje døtrene deira skulle vere nøydde til å gifte seg med bønder” (etter Ingesman 2001, s. 287) Dei som av ulike årsaker ikkje fekk gifte seg, måtte nå likevel vere ein del av samfunnet, og trong kanskje noko å fylle tida si med. Før katolisismen vart avskaffa, hadde mange adelege barn lært å lese og skrive i klosterskulane, både gutar og jenter. Det ser ikkje ut som utdanninga vart dårlegare, sjølv om klosterskulane vart nedlagde, for som nemnt er det tusenvis av meir og mindre viktige handskrifter bevarte frå denne tida. Truleg vart det meir fokus på å meistre sjølve skrivinga, og å skrive på dansk, i tida etter reformasjonen. Samtidig vart klostera borte, og med dei adelskvinnenenes høve til å ”sleppe unna” ekteskap og i staden vie seg til humanitært eller bokleg arbeide. Men dei utmerka seg skriftleg i denne tida likevel. Mange av dei adelsvisebøkene vi har overleverte frå denne tida, er skrivne av kvinner.

Helgendyrkinga vart forboden, og det vart truleg færre kvinnelege ideal å identifisere seg med. Men det er bevart balladar om både kvinnelege og mannlege helgenar, kjende og ukjende. Når dei har halde fram som del av den munnlege tradisjonen heilt til 1800-talet, må det vere fordi dei stadig har hatt noko å gje i det miljøet der dei har vore brukt. Sjølv om *dyrkinga* ikkje lenger var lovleg, var *ideala* som helgenane stod for, framleis dei same, og som gode eksempel kunne dei derfor framleis brukast.

Synet på ekteskapet som sakrament fylgde ikkje med inn i protestantismen, det vart nå lovleg å skilje seg. Gjennom heile den katolske tida hadde prestane tala og skrive mykje mot

hor, og det hadde vore strenge straffer for det, men samstundes var det ein viss dobbeltmoral: I Danmark vart ei slegfred ektefelle ved hevd etter tre år (Lundgreen-Nielsen 2001 s. 253). Samliv mellom to ugifte vart ikkje straffa så hardt som dersom den eine parten var gift. Likevel var det som alltid slik at di høgare ein var i hierarkiet, di større fridom hadde ein til å innrette seg etter eige ynskje. Og fordi det ikkje var råd å få skilsmisse, så vart realiteten at enkelte, både kongar og høgare adelsmenn, hadde ei kone (som dei kanskje ikkje levde saman med), og andre kvinner i tillegg. Nå vart skilsmisse igjen mogleg under visse tilhøve. Mennene kunne ikkje lenger rekne med at dei kunne ha både ”slegfred og brud”, som er eit vanleg emne i danske riddarviser. Christian 4. vart t.d. skilt frå Kirsten Munk (som han hadde vore gift med ”til venstre hand” sidan 1615) i 1628 etter gjensidige skuldingar om utruskap. Men eg kan ikkje sjå at skilsmisse er eit emne som kjem fram i balladane, her dreiar det seg framleis om rivalar som slegfred og brud.

1.2.2 Adelsvelde og kongemakt

1500-talet var ei økonomisk oppgangstid både for konge og adel. Kongen hadde store inntekter av Øresundtollen (Sjå meir under C 3 *Dronning Dagmar og Junker Strange*), og overtok mykje av kyrkjas makt og eigedomar som fylgje av reformasjonen. Riddarvesenets fylte ikkje lenger den opphavlege militære funksjonen sin, og adelen måtte søke andre grunnar for å halde på posisjon og makt. Dei styrkte den økonomiske makta si, mellom anna gjennom at nye dyrkingsmetodar gjorde landbruket meir lønsamt. Men politisk var makta deira i ferd med å bli innskrenka, noko som kulminerte med at eineveldet vart innført i 1660. Den danske adelen vart også betrakteleg mindre enn i mellomalderen, og meir ”aristokratisert” (medan den svenske adelen vart fornya utanfrå på 1600-talet, og var mykje meir lagdelt enn den danske. Den norske adelen vart rekna som utdøydd ved starten av 1500-talet, og det norske riksrådet var ikkje i funksjon etter 1536.) Fram til 1560 var det bare ein liten elite blant adelen som fekk meir omfattande bokleg lærdom, størstedelen av adelssønene vart sett i teneste for å lære å fylle plassen sin i riddarstanden, der opplæringa konsentrerte seg om ”gudsfrykt, krig og rytteri” (Ingesman 2001), Etter 1570 har bokleg lærdom teke over, og når dei nå drog på utanlandsopphald, var det til utanlandske universitet, ikkje til fyrstehoffa i Europa. Adelen gjekk frå å vere ein riddarstand til å vere ein embetsstand. (Ingesman 2001, s. 279)

Samstundes utvikla adelen ein viss dekadanse, det vart viktig å vise rikdommane sine. Det vart ein ”byggjeboom” av herregardar, vinforbruket steig sterkt, og frå midt på 1500-talet såg kongen behov for ”luksuslover” som skulle avgrense utfoldinga av overdriven luksus. Til dømes vart det forbod mot å importere silke frå utlandet, å kle seg med gull- og sølvinnverka trådar og å pynte kleda med bordar og snorer av gull og sølv, å bære meir 1-2 smykke samstundes, perler var tillate bare på hovud- og halsklede for andre enn kongen m.m. (Ingesman 2001, s. 372) (Desse detaljerte forskriftene er interessante å ha i bakhovudet når ein les D 16 *Esbern Snare*, som nettopp skildrar ei fornem, gullprydd herremannsdrakt.) Noko av tanken bak denne lovgjevinga var å sørge for at alle skulle ”kjenne sin plass” i hierarkiet, å utfalde prakt som ikkje passa seg, var å vise hovmod, nettopp den grunnleggjande synda som prestane hadde tala mot. Det passa kongen godt å støtte dette synet, og lovene vart delvis grunngjevne med at ovlivnad og fråssing var moralsk forkasteleg og ville nedkalle Guds vreide over heile landet. Dei mange balladane som har hovmod som hovud- eller sidetema, har altså passa like godt inn i denne tida som på 2-300 år tidlegare, og det har falle lett både å bevare temaet i tidlegare balladar, og dikte nye i same stilen.

I Sverige skreiv også adelen visebøker, som i Danmark. Adelen i dei to landa hadde nær kontakt, og det er også her bevart handskrivne samlingar frå 15- og 1600-talet. Historikaren Johannes Messenius (ca 1580-1636) hadde planar om å trykke ei svensk visesamling etter mønster av Vedels Hundredvisebog, men planane vart stoppa da han vart fengsla for papistisk verksemd. Andre samlarar fekk heller ikkje trykt sitt materiale, så fram til 1800-talet er det bare handskriftsamlingar, til dels store, og ein del skillingstrykk frå 16- og 1700-talet.

1.3 Nedskrivartid i vest

1.3.1 Island

Island vedtok kristendommen på Alltinget år 1000, og fekk sine eigne bispesete, presteskular og kloster, frå 1152 under erkebispesetet i Nidaros. I 1262 vart den norske kongen godteken som overherre av Alltinget, (utan at Island formelt var ein del av Noregsveldet,) og

sysselmann vart innsett. Både kyrkjeleg og verdsleg var det såleis sterke band til Noreg, og fram til høgmellomalderen verkar det som dei fleste unge menn hadde minst ein tur til Noreg, nærast som ei initiering til vaksenlivet. Kulturutvekslinga på denne tida må derfor ha vore svært sterk. Etterkvart vart sambandet veikare, og kongen heldt ikkje eingong lovnadene om 6 årlege forsyningsskip til landet, sjølv om lovnaden vart fornya både i 1302 og 1319. All handel vart monopolisert, naturkatastrofar og pest desimerte folketalet, og islendingane vart ikkje lenger sjølve eit sjøfarande folk. Den kulturelle påverknaden vart svakare, og det er lite truleg at t.d. mange balladar vart overført landa imellom lenge etter 1300-talet.

På Island fekk reformasjonen den same språklege verknaden som i dei fleste land elles, med unntak av Noreg, at det nasjonale språket fekk eit oppsving. Bibelen vart omsett til islandsk og trykt i 1584 på bispesetet i Holar. Island hadde altså også eige trykkeri, i motsetnad til Noreg. Sjølv om Island vart med inn i unionen med Danmark, så var avstanden til kongemakta lang, og den mentale tilknyttinga neppe særleg sterk. Dei sterke hovdingslektene produserte geistlege, men der vart aldri noko adelskap. Sjølv om det naturleg nok var skilnad på fattig og rik, så var likevel samfunnet mykje meir egalitært enn i Danmark. Det er da naturleg at i islandske balladevariantar, som i andre vestlege, er ikkje kongen så sterk og motpartens underkasting så sjølvsgagt som i dei austlege variantane. Ein annan faktor som kan ha skapt ein viss skilnad i mentaliteten, er den måten kristendommen vart innført på Island. Her vart det aldri eit totalforbod mot den gamle trua, nytt og gammalt kunne leve side om side, og dette kunne kanskje vere med og bevare nærleik til eldre ideologi.

Island var fyrst ute på det vestnordiske området til å skrive ned sine balladar. Det heng truleg saman med påverknad frå Hundredvisebogen, og med at islendingane både hadde halde skrivetradisjonen oppe, og hadde eit skriftspråk til rådvelde. Det eldste folkevisehandskriftet er frå 1665, skrive av presten Gissur Sveinsson (1604-83) frå Arnarfjord. Dette inneheld 71 viser. Det neste er skrive av brorson hans, Oddur Jónsson (1648-1711), og inneheld 74 viser. Broren Magnus Jónsson (1637-1702) har òg latt skrive ei visebok som nå er borte, men som ein har to avskrifter av. Same familien stod altså for innsamlinga av 74 balladetypar før 1700. Av desse er det 24 som ikkje finst i seinare samlingar. Arni Magnússon, som elles var mest interessert i handskrifter, var den viktigaste balladesamlaren på 1700-talet. Desse

samlingane, saman med nokre mindre, var grunnlaget for Jón Helgasons 1962-70: *Íslenskt fornkvæði*, København, ei vitskapeleg utgåve som i staden for å gruppere etter innhald, slik Sv. Grundtvig og dei fleste andre gjer, fører balladetypane opp etter kronologien i handskriftene. Ho inneheld 110 nummer, av desse er 84 definert som balladar i TSB.

På Island har aldri balladen hatt den same status som i dei andre nordiske landa. Ein islandsk kulturhistorikar på 1920-talet kallar den "misforstått og forvansket dansevisetøv, som de (islendinger i utlandet) har lært seg i handels- og havnebyenes lastehuler i dans og rus med gledespiker og annet avskum" (Vésteinn Ólason 1970). Islendingane har så mykje annan eldre kultur å forske på. Men som nemnt har Vésteinn Ólason skrive utførleg om dei islandske balladane og sett på truleg opphav for kvar enkelt av dei.

1.3.2 Færøyane

Færøyane vart kristna av Olav Tryggvasons mann Sigmundur Brestison i 999, var eige bispedøme frå 1111, og som Island lagt under Nidaros erkebispedøme frå 1152. Det skal ha hatt sitt eige Allting alt frå år 900, der alle frie menn var like for lova. Etter 1035 var leiaren for Alltinget, (lagmannen,) den norske kongens lendmann, og Færøyane vart ein del av Noregsveldet. Det var derfor både verdsleg og kyrkjeleg tette band til Noreg, men desse vart lausare etter kvart som norskekongen flytte hovudstaden frå Bergen til Oslo og konsentrerte politikken meir austover. Det ville derfor også her vere mykje lettare og meir naturleg å leite etter det felles opphavet til balladane i denne tida enn i etterfylgjande hundreår, da det vart monopolhandel og lite kommunikasjon. Med reformasjonen kom dansk inn som kyrkjespråk, og i 1620 vart den færøyske kyrkja lagt under bispen på Sjælland. Når nokre av dei færøyske balladane har danske språklege drag, så kan grunnen for ein del vere at dei har vore danske frå fyrst av, medan andre kan vere prega av at nedskrivaren ikkje kunne skrive anna enn den dansken han hadde lært, slik også Sven Grundtvig tolkar enkelte oppskrifter. Ordbruken vil likevel vise det vestnordiske opphavet.

Peder Syv kjende og refererte til "de Færøske Dr. Ole Worms Viser" i 1639. Dette er den fyrste samlinga med balladar vi veit noko om frå Færøyane. Denne samlinga er dessverre

gått tapt, men vi kjenner titlane på nokre av visene den inneheldt. Den færøyske studenten Jens Christian Svabo var den neste som samla inn, i åra 1781-1782 skreiv han ned ca 50 balladar, utan at dei nokon gong vart trykte. Neste innsamling vart utløyst av den danske presten og tangsamlaren (!) H. C. Lyngbye, da han på ei reise i 1817 fekk høyre nokre av visene i *Sjúrdarkvæðið*, den færøyske balladesyklusen om Sigurd Fávnesbane. Etter reisa bad han amtsprosten i Vágur, V. U. Hammershaimb, om å få desse skrivne ned for utgjeving, og utløyste dermed skrivelysta hos fleire færøyske bønder, med Jóannis í Króki - Johannes Clementsen - som den største og pålitelegaste nedskrivaren. V. U. Hammershaimb samla så dei ulike oppskriftene og overgav dei til Sv. Grundtvig og Jørgen Bloch, som i 1890 hadde 234 viser frå Færøyane i 8-900 oppskrifter på til saman 70.000 strofer - frå eit land som på denne tida hadde ca 5000 innbyggjarar.² Dette materialet er grunnlaget for *Corpus Carminum Færoensium. Føroya kvæði I-VI (CCF)*, utgjeve av N. Djurhuus og Christian Matras 1951-1972, der dei aller fleste færøyske balladane er med. CCF består av 236 viser, av desse er det 177 som er definerte som mellomalderballadar i TSB.

1.3.3 Noreg

På den tid adelen i Danmark samla inn og bygde vidare på balladetradisjonen, fanst korkje norsk adel eller norsk skriftspråk lenger. Nokre få bondevisebøker har vi likevel. Det eldste kjende visehandskriftet i Noreg er i privat eige og er ikkje tilgjengeleg for forskarar, men skal vera skrivne 1590-1620 av Tollef Osmundsen Rygnestad i Setesdal, og inneheld danske viser i dansk språkform. Det neste er *Røldalshandskriftet*, trykt og gjeve ut av Reimund Kvideland i 1976. Dette inneheld ikkje balladar, men "gudelege viser" og skillingsviser. Det er verd å merkje seg at begge dei to eldste visesamlingane er i bondeeige. Bergensrunene

² Balladeinnsamlinga vart viktig for utviklinga av det færøyske skriftspråket. I motsetning til Island hadde ikkje Færøyane noko eige skriftspråk på denne tida. J. C. Svabo, den fyrste balladesamlaren, var òg den fyrste som prøvde å gjengi det færøyske talemålet i skrift. Han brukte ein svært ortofon skrivemåte, det same gjorde fleire andre nedskrivjarar. Enkelte støtta seg på dansk, og skreiv eit slag blandingspråk. V.U. Hammershaimb, den største samlaren, kom til å utarbeide den skrivemåten som framleis er i bruk, der det etymologiske er lagt mykje meir vekt på. Det gjer språket lettare å forstå for andre med nordisk bakgrunn, men vanskelegare å lære å skrive rett, sidan det ligg forholdsvis langt frå uttalen.

viser at lese- og skrivekunna var utbreidd i breie lag av folket i mellomalderen. Men fordi reformasjonen gav oss dansk som kyrkjepspråk, fekk allmugen kjennskap til dansk skriftspråk og til sunge dansk, medan norsk skriftspråk vart ikkje-eksisterande. Særleg etter konfirmasjonsreforma vart innført i 1736 var Noreg likevel, med resten av Skandinavia, blant dei land i Europa som hadde høgast lesekunne. (Solberg 93, s. 54-56) Men lesekunna galdt dansk, ikkje eit norsk språk som samsvara med det talte. Blant dei som ikkje bare kunne lese, men også skrive, var dette kanskje ein barriere mot å skriftfeste noko som vart talt eller sunge på dialekt. I Moltke Moes samlingar finst det eit visehandskrift frå 1780, her er det òg danske viser, 10 av dei er direkte avskrift frå Peder Syv. Bøndene og prestane i Noreg klarte altså ikkje, eller tenkte ikkje på, å skriftfeste dei dialektfarga balladane, og heller ikkje lokale eventyr og segner. Dette kom fyrst da dei skolerte akademikarane frå Kristiania tok til å leite etter det munnleg overleverte i bondetradisjonen. Dei hadde kunnskapar nok til å skape sin eigen skrivemåte av dialekten. Men vi ser at dei har hatt problem, og funne litt ulike løysingar, t.d. på korleis dei skriftfeste ulike dialektale vokalfonem.

Den fyrste trykte balladesamlinga i Noreg, stod Jørgen Moe for i 1840: *Samling av Sange, Folkeviser og Stev*, (Christiania). Så kom M. B. Landstad med *Norske Folkeviser* i 1853, og Sophus Bugge med *Gamle Norske Folkeviser* i 1858, og i vårt hundreår Moltke Moe og Knut Liestøls samlingar med *Norske folkeviser*. Landstad meinte som N. M. Petersen i Danmark at visene måtte førast tilbake til “den ægte, oprindelige Form” (Bang 1972) og både hans og Moes tekstar var “restituerte”, likevel i langt mindre grad enn kritikarane i samtida skulda han for. Sophus Bugge derimot følgde Grundtvigs line og heldt seg til dei originale oppskriftene. I det som var meint å skulle vera fyrste band i den norske vitskapelege balladeutgåva, gav Ådel Gjøstein Blom ut *Norske legendeviser* i 1982. Men der har arbeidet stansa opp, og i dag er framleis Noreg det einaste landet i Norden som ikkje har noka vitskapeleg utgåve av balladearven sin, korkje utgjeve eller under arbeid. Rettnok er balladane blitt lagt inn på database, noko som opnar for andre typar bruk, men som er mindre eigna til å trekke til seg nye brukarar enn ei trykt utgåve ville vore. Noko av grunnen til at balladar og balladeforskning får så lite merksemd som den gjer i Noreg i dag, samanlikna med t.d. Danmark, ligg nok i at dei er så lite tilgjengelege.

Da folkeminnegranskarar samla inn tradisjonsstoff frå heile landet på 1800-talet, var det i Vest-Telemark dei fann hovudtyngda. Det er mange meiningar om kvifor dei har blitt bevart bare her. At det har vore eit avsondra miljø, at folk var mellomalderlege ”i jordbruk og februk, husbygging, klededrakt og levevis, - og i folkelynnet”, slik Svale Solheim (1973, s.86) refererer Landstad og Moe. Kvifor dei skulle vere meir mellomalderlege her enn i andre avsidesliggjande distrikt, meiner han kan henge saman med at her var det eit mykje meir egalitært samfunn, utan rike stormannsætter som kunne rekruttere lendmenn for kongen, men med mange sjølveigande bønder og få leiglendingar. Dei hadde derfor ikkje fått inn den hierarkiske samfunnsmodellen som rådde blant adelen i heile Norden, og som vart vidareført i dei delane av landet som hadde større jordeigarar med mange leiglendingar. Dette kan vere noko av grunnen til at vi her finn spor av eit ættesamfunn som liknar det gamle norrøne. Gjennom provsbrev³ frå seinmellomalderen får ein eit inntrykk av eit samfunn som held fast på mykje av det norrøne synet på slekta, ein drapsmann måtte langt framover i tida betale *frendebot* til slekta til den drepne, fordi heile ætta si ære var blitt krenka. Desse breva viser også kor lite som skulle til før nokon følte seg så ærekrenka at dei svara med drap. I tillegg var ofte hemntanken så sterk at ikkje eingong bota strakk til, og dei blei klaga for ”den verste svik nokon kan tenkje seg, å love fred og grid og sidan hyse avund og vond vilje i hjarta mot den som ein gjorde semje med”, slik oslobispen Øystein Aslaksson skriv i eit hyrdebrev til telemarkingane i 1395. (Solberg 2003, s. 16) Dei hadde også gripe til våpen for å sleppe å betale tiende til kyrkja, slik resten av landet måtte det.

³ brev med utgreiing om drapssaker før fastsetjing av dom, gjerne skrive av lensmannen eller annan sysselmann.

2. Balladeteksten som sjanger

2.1 Munnleg og skriftleg

Før ein kan gå inn i balladane og sjå etter ulikskapar, må ein også kjenne det sjangerspesifikke, slik at ein ser og innser kva endringar kan tyde på. Balladen er fyrst og fremst ein munnleg sjanger, dette kjem til uttrykk på mange felt. Det som Ong kallar oralitetens psykodynamikk viser seg gjennom gjentakningar og redundans, som eg alt har nemnt, gjennom faste epitet og formelbruk, alliterasjon og assonans, gjennom faste stadar for handlinga, situasjonsfokusering i staden for abstraksjon, oppramsing av hendingar utan forklaring på kvifor ting skjer. I gjennomgangen legg ein merke til at i ulike ballade-variantar er det ulik grad av desse kjenneteikna, i ein variant blir det brukt tre nesten like strofer på det som i ein annan blir fortalt i ei (C 3, A 48 osv). I kor stor grad dei ulike trekka viser seg, kan vere ein indikator på alder og munnleg bruk. Munnlege sjangrar er ofte sterkt agonistisk prega, seier Ong, og i balladen er også emnet ofte kamp. I det færøyske materialet, som framleis var i bruk som danseviser da det vart skrive ned, er det ei sterk overvekt av kjempeviser, der hovudmotivet er ei kampskildring mann mot mann, eller mann mot overnaturlege vette. I riddarvisene er det dialogen som verkar agonistisk, her blir ofte konfliktane presentert i reine konfrontasjons-scener, som t.d. i F 7 *Hvormed vil du føde meg?* (om korleis ein gut må gjere rekneskap for jenta korleis han vil brødfø henne i ekteskapet) og D 324 *De hurtige svar* (korleis ei jente svarer for seg når faren klagar henne for å ha ein elsker), som begge finst over heile det nordiske området. Det har blitt hevda at kamppreget i orale sjangrar kjem av den maskuline dominansen i tidlegare orale samfunn, mennene var også herskarar over retorikken. Men i desse to balladane er det interessant nok kvinnene som vinn debatten, i D 324 må mannen ty til vold for å få overtaket. I alle dei norske og færøyske unntatt ein, og i ein av dei danske, kommenterer (det mannlege?) diktar-eget at "før tryt vatnet i hav, før kvinna manglar svar".

Samtidig som balladen er ein opphavleg munnleg sjanger, så er det i dag umogleg å forske på den munnlege teksten. Det vi kan arbeide med, er dei variantane som har blitt skrive ned på ulike stader og til ulike tider, altså bare skriftlege tekstar som uttrykker ein av dei munnlege tekstane som fanst på nedskrivartidspunktet, meir og mindre prega av

nedskrivaren. Som Vésteinn Ólason seier: "The recordings we have never represent the totality of a ballad as it lived and functioned in its time" (1982, s.31). Likevel arbeider vi med det materialet som er tilgjengeleg, og trur at det framleis kan gje oss ny lærdom om tidene som har gått føre oss.

2.1.1 Leerstellen

Munnleg dikting er additiv heller enn subordinerande, og samanstellande (Ong: *aggregative*) heller enn analyserande. Det kan vi fyrst sjå på syntaksplan: setningane er jamstelte, sjeldan underordnande, og det er få underordnande konjunksjonar eller adverb. Der nedskrivaren har vore tru mot tradisjonsberaren, byrjar gjerne dei fleste strofer med og, dette fungerer kanskje heller som ein opptakt enn som vanleg jamstellande konjunksjon. Det additive, eller om vi vil, det aggregerande, viser seg òg på handlingsplanet. Hendingane kjem "som perler på snor", der "perlene" er dei dramatiserte scenene, og "snora" er dei tomromma i teksten som vi sjølve må fylle ut, når det gjeld årsak og verknad, tidsgang, tankereferat og underliggande filosofi. Ingen forklaringar byggjer opp under handlingane, likegyldige ting blir ikkje nemnt, handlinga går ikkje jamt på tidsaksen, men i sprang frå ei viktig hending til neste, og vi får det W. Iser kallar Leerstellen eller tomrom i teksten. Dette kan vel for så vidt dekkast av det som Lothe 1997 (s 60-61) kallar implisitt ellipse, definert som "den delen av historien i en fortelling som ikke blir fortalt, der det ikke er noen direkte hentydning om utelatelse i teksten". Tomromma, eller ellipsen, i ein tekst fyller mottakaren ut frå sin eigen forståingshorisont, og når det da er stor avstand i tid mellom skaping og teksttolking, kan mottakarens tolking bli temmeleg ulik det som må ha ligge i teksten den gongen han vart skapt. Det som vi automatisk vil legge til grunn for å fylle ut den informasjon som manglar, er viktig å vere merksam på, for her vil vår forståingshorisont vere avgjerande for kva vi tolkar inn. Når det gjeld så gamle tekstar som balladane, er det sers viktig, fordi det er så lett å legge inn føresetnadar frå mykje seinare. Eit enkelt eksempel: D 172 *Stolt Ellensborg* startar med ein dialog der ho gjev kjærasten, hr. Peder, løyve til å dra utanlands i åtte år. Neste "episode" startar med at etter åtte år byrjar ho å vente, og går på stranda for å sjå etter han. Dei åtte mellomliggande åra blir i det heile teke ikkje nemnt, og at han har funne seg ei anna, kjem bare til uttrykk i neste dialog. Seier vi at hr. Peder neppe kunne bry seg mykje om henne når han vart så lenge vekk, så er dette ei typisk tolking frå vår tid. I mellomalderen var ekteskapsavtaler som ikkje vart innfridd før etter svært mange år, svært vanlege, og

denne lange ventetida kjenner vi også frå t.d. islendingesogene, der ei langvarig sjøreise var ei naudsynt initieringsrite for mannen. Men Leerstellen kan og bli tolka og eventuelt fylt ut av seinare balladebrukarar som kan gje opphav til nye og avvikande variantar. Når vi sit med dei mange ulikskapane, vil nærlesing av variantane kunne avsløre djupareliggjande årsaker til ulikskapane enn sviktande hukommelse.

2.1.2 Redundans

Karakteristisk for oral framføring er mange mnemotekniske grep, som t.d. ein sterk grad av redundans. Det vises på det leksikalske planet, same ord eller ordgruppe blir tatt oppatt fleire gonger. Det same skjer på setningsplan og på handlingsplan. Same strofe blir tatt opp att med små endringar, gjerne etter tretallslova, som i eventyr. Det gjer at framføraren får tid til å kvile hjernen, og tilhøyraren fell ikkje ut om han skulle gå glipp av eit ord eller ei strofe. Stilistisk tener gjentakinga til å forsterke dramatiske situasjonar og viktige punkt, og det har ein suggererande effekt under framføringa. Men her blir motsetninga mellom det munnlege og skriftlege tydeleg, for mange nedskrivarar har ikkje sett verdien i å vere tru mot det munnlege førelegget, og ofte tatt vekk strofer som dei såg som uttværing av temaet. Dette går tydeleg fram når ein samanliknar færøyske balladar (som vart skrivne ned medan dei ennå var i bruk som danseviser, og delvis av nedskrivarar som sjølve åtte del i tradisjonen), med variantar frå andre land der dansetradisjonen var utdøydd, og der nedskrivarane samstundes kom utanfrå miljøet, og kutta ut strofer som dei såg på som "bare gjentakingar." (Jf. Landstad 1853/1958 s. 436 o. fl.) Også i vår tid har det vore vanleg å sjå på parallellstrofer og gjentakingar som utviding av det opphavlege. Otto Holzapfel (1980 s. 89-90) godtek Knudsens teori (1962, s. 135) om at balladane har funnest både i lang og kort versjon, og at ein så song "lang variant" til dans, og "kort variant" til kveldsarbeid. Denne teorien seier meir om vårt skriftkulturbaserte ideal om å fortelje kort og konsist enn om eit verifiserbart grunnlag for teorien. V. U. Hammershaimb seier nettopp eksplisitt at det er same vise som blir bruka og lært ved kveldseta til seinare dansebruk. Det same seier gjenlevande "kvøðakempur".

Omkved

Omkved kan seiast å vere det mest gjennomførte uttrykket for redundans i balladen, og er eit av kriteria for at ei folkevises skal bli klassifisert som ballade. Mange balladar har innhaldsmessig frittstående omkved som kan danne ein lyrisk bakgrunn for den episke forteljinga, som i E 113 *Skrímsla*, ei nifs forteljing om møte med det underjordiske “skrímslið”, “skrømtet”, men der omkvedet heile tida teiknar biletet av mild vårstemning: (her etter Hammershaimb 1891) ”Vinturin líður, sumarið kemur, jørðin gerst so blíða, grør so fagurt aldin undir líða.” (Vinteren lid, sommaren kjem, jorda blir så vennleg, og ora (oreskogen) gror så fagert under lia.) Elles er omkvedet ofte knytt til den opphavlege bruken av balladen som dansevises, eit vanleg færøysk omkved er ”Dansið væl í stillum, stillið tykkum allar. Riddarar, Noregis menn, dansið væl í stillum.” Men i ein del balladar er omkvedet knytt til handlinga, og blir ein forsterkar gjennom heile balladen. Det vakraste dømet eg kan tenke meg på det, er i A 54 *Margit Hjukse*, den såre balladen der alle blir taparar, og der aktørane skiftast om å seie at “det er eg som ber sorgi så tunge”. Dei balladane eg går nærare inn på, viser seg alle å ha omkved av denne typen, altså knytt til innhaldet i balladen. Eg veit ikkje om det er gjort undersøkingar på distribusjonen av ulike typar omkved i eldre og yngre balladar.

2.1.3 Formlar og epitet

Formelbruken er blitt forska mykje omkring, mest fullstendig av Ernst von der Recke. Materialet han samla, er dessverre framleis ikkje trykt. Med ein formel forstår vi eit uttrykk eller ei heil strofe som blir brukt i fleire ulike balladar. Tidleg balladeforsking sa at ein ballade hadde tatt materiale frå ein annan, i dag seier vi vel heller at den som song balladen, og den som skapte han, brukte materiale frå eit felleseige av faste uttrykk. Ein gong må sjølv sagt uttrykket ha vore nytt, alle ting har sin fyrste gong, men det er vanskeleg så lenge etter å seie kva som var fyrst og sist, om det i det heile er mogleg, sjølv om det stadig blir gjort slike forsøk. Påfallande er det likevel at fleire uttrykk som dukkar opp for fyrste gong i skrift i omsetjingane av den franske høviske diktinga, også er å finne i balladane.

Formelbruken er eit fenomen som er typisk for munnleg dikting, bl a fordi formalar er lettare å hugse. Like viktig er det at formelbruk er ei økonomisering av det episke. For oss verkar

det kanskje stereotyp og einsformig når same formel kjem att i så mange balladar, men ein skal hugse at for tidlegare tilhøyrarar låg det så mange konnotasjonar i formlane at dei gjorde det overflødig med lange forklaringar, dei låg der alt i formelen som “residual formulary essentials of oral thought processes.”(Ong 1982, s. 38)

Den utsmykkande formelen, epitheton ornans, som vel ikkje “bidrager til handlingens utvikling eller kun i ringe grad giver opplysninger, der er nødvendige for at forstå balladens handling”, i følge Holtzapfel (1980 s. 31), ber altså i seg ei komprimert forteljing. Ei stolt jomfru, ev. med kvitan hand, er straks plassert i høve til alder og sosial klasse. Dersom ho går for sin fader at stande, veit vi at ho er underlegen, og skal anten be om ei teneste eller stå til rette for noko ho har gjort. Den som kan gå med skarlakfarga eller blått tøy, er sjølv sagt av høgare stand. Dersom nokon smiler under skind eller hyller sitt hove i skind, veit vi at vedkomande ikkje har godt i sinne. I tidas løp går den opphavleg meiningsberande formelen, over til å bli ein klisjé, som så i sin tur missar sitt meiningsberande innhald til den grad at vi ikkje lenger forstår innhaldet i klisjeen. Kunsten i mellomalderen låg ikkje i å vere nyskapande i uttrykka, men i å bruke det formelbiblioteket som alt fanst, på ein kunstnarisk god måte. Dette impliserer samstundes ei forståing av verda som dominert av uomskiftelege normer og ritual. Når ein skal lese balladen som tekst, er det derfor viktig å gå til det opphavlege innhaldet i formlane.

3. Balladeanalyser

For kvar ballade er det ein tabell over kva land balladen er funnen i, og kva nummer den har i balladeutgåva, tittel i dei ulike landa, fyrste oppskrift, kor mange variantar som er vurdert i kvart land, og kor lange variantane er. Der det er mange variantar, tydar det på større popularitet. Lengda på variantane, eller stor skilnad i lengde, kan seie noko om minkande popularitet. Når det gjeld talet på variantar som er oppgitt i dei ulike utgåvene, så har det norske dokumentasjonsprosjektet gjeve eige variantnummer til alle nedskrifter, også kortare brot, som i DgF og SMB bare blir nemnd saman med hovudoppskriftene. Som forskingsgjenstand brukar eg derfor bare dei norske variantane som er episke heilskapar, og ser bort frå enkeltstrofer. Dermed går eg kanskje glipp av enkelte filologiske utdjupingar, men skulle eg ta med alt, måtte eg også gjort tilsvarande for dei andre landa ut frå originaloppskriftene, og materialet ville blitt altfor stort og omfattande for ei hovudoppgåve. For dei fleste balladane kjem fyrst gjennomgangen av den som er fyrst oppskreven, det vil i praksis seie ein *dansk* variant. I ettertid ser eg at ein har svært lett for å binde seg til den varianten som er fyrst gjennomgått, som prototype for den gjeldande balladen, sjølv om den slett ikkje treng å vere den eldste, og i ein del tilfelle kunne kanskje vinklinga blitt ei litt anna dersom rekkefølga hadde vore ei anna.

3.1 A 26 *Blak og Ravn hin brune*, Individ og slekt

Ingen annan ballade har ein så klar bodskap om at kvinna si slekt må stille opp mot ektemannen. Denne balladen finst i alle dei fem nordiske landa, men har ikkje vore med i Syvs visebok, og er såleis ikkje overført skriftleg landa imellom. Ulike variantar beheld ulikskapane frå land til land.

Eg går gjennom variantane kronologisk etter nedskrivartid. Det vil seie at fyrst kjem den danske, som er fyrst nedskriven. Vi ser kva som er bevart der, men held det samtidig klart at den som er fyrst skriven ned, slett ikkje treng å vere den eldste. Deretter kjem den islandske, som også vart skriven ned relativt tidleg, og så norsk, færøysk og svensk. Til slutt vil eg sjå på likskapar og ulikskapar både mellom enkeltland og mellom aust og vest.

3.1.1 Utbreiing

Land, nr i balladeutgåva	Tittel	Oppskrivartid	Vurderte variantar	Lengde, tal på strofer
Danmark, DgF 62	<i>Blak og Ravn hin brune</i>	før 1600	2	65
Sverige, SMB 9	<i>Rammen Rune</i>	1810-1814	2	31 - 32
Island, ÍF 7	<i>Hildibrands kvæði</i>	1600-talet	7	28 - 41
Færøyane, CCF 116	<i>Blankans ríma</i>	1825-1853	3	22 - 42
Noreg, A 26	<i>Rammen som bere bod</i>	1840-åra	20	20 - 38

Danmark

DgF 62 *Blak og Ramn hin brune*, 65 strofer

DgF har frå fyrst av bare ein variant av denne balladen, ein kompilasjon av oppskriftene frå fem ulike handskrifter, dei eldste frå før 1600. Da Tang Kristensen dreiv sitt innsamlingsarbeid på Jylland på 1800-talet, fann han den framleis levande i jysk tradisjon, og denne har blitt tatt inn i tilleggsbindet, bind X, av DgF. Den har altså vore i bruk både i ålmugetradisjon og blant adelen.

DgF-varianten er temmeleg lang[□], med 65 to-lina strofer, episodiske sekvensar med til dels lange dialogar, bunde saman med korte overgangar. Tittelen held fram dei to dyra som dei viktigaste, hesten Blak og ramnen ”hin brune”, sjølv om det er dei to syskena Hildebjørg og Hildebrand (dei vanlegaste namna) som er mest i fokus. Omkvedet er ”Vnder lyddenn – Ieg weedd weell, huor denn iumfru er, der meeg bydder”. Ein kan delvis tolke det til innhaldet ved at jomfrua ventar på bror sin, men elles er det eit vanleg omkved som er lettast å tolke eksofort, at balladesongaren har ei jomfru som ventar ”under li”. Her er så mykje som peikar tilbake på den oralkulturelle bakgrunnen at ein kunne gjerne brukt denne balladen for å eksemplifisere Ongs oppramsing av korleis munnlege kulturar hugsar (jf. kap. 2.1 Munnleg og skriftleg). Nesten alle dei verkemidla han reknar opp som typiske for munnleg kultur, er til stades. Dess meir ein finn av desse orale trekka – parallelle eller antitetiske fraser, setningar og strofer (t.d. parallellstrofer i strofe 4, 15 og 19, antitetiske setningar i strofe 3 og strofe 38), additiv oppbygging (strofe 7-13), redundans gjennom formlar og epitet (hviden sølv, røden gull, i kranken stund), eggjande, *agonistisk* tiltale (strofe 37-38) – dess meir grunn er det til å rekne med at balladen er gamal.

Innleiingsstrofene, 1-2, fortel kort kva som har skjedd før handlinga tek fart, at Kirsten har blitt gifta bort til framandt land av bror sin, og det gav henne ”mang en mødig dag”, for straks etter bryllaupet oppstår konflikten, noko som blir vist ved å synleggjere motsetninga: ”Om sönndagenn waar hun saa høfskenn brud, om manddagenn bleff hun saatt y mørckenn bwree” (strofe 3). Den fyrste dialogen, strofe 4-23, er bygd opp over 3 parallellstrofer, der ho

⁴ jf. Holzapfel 1980 s 89: "normal" lengde på ein dansk ballade er 33 strofer.

stiller tilnærma same spørsmål til ektemannen tre gonger, i strofe 4, 15 og 19 : ”Mynn herre, huad laadder y wydde meg, imenn y laader saa biendde meg?” Han svarar med ei skuldning som ho kvar gong tilbakeviser, kortare og med stigande intensitet for kvar gong. Fyrste gongen svarer han at ho ikkje hadde med seg gull nok da ho kom, noko ho tilbakeviser utførleg, over ni strofer viser ho til alt ho har hatt med: åtte kister fylte med sobel og mår, dyrehorn, kvite sølv og raude gull; hest og sal til faren, skarlak til mora, “snekke uti floden” til broren, brystgull til systera, beinkvite skjorter til hoffmennene og silke til håret for alle møyar i hans teneste. Neste gong seier han at det er fordi brørne hennes har drepe faren hans at ho blir bunden. Kristin har jo nettopp sagt at ho hadde med grå gangar og gylt sal som gåve til faren. Her er eit av desse tomromma i teksten som også er så typiske for balladesjangeren. Det kan vere vanskeleg for oss i dag å vite om dette er pga. ein implisitt ellipse som innebar at det for dei samtidige tilhøyrarane var opplagt kva som var underforstått og utelate (jf. kap.2.1.1 Leerstellen), eller om tradisjonsberaren har gløymt nokre strofer. Dette vil da vere eit av dei punkta ein ser etter i dei neste variantane, for å sjå om ein får utvida kunnskapen der. Skal vi tru at faren kan ha blitt drepen i bryllaupet? Kanskje uttrykket om at hennes brør “var bløffuen saa bolde” antyder noko slikt. Det er ikkje ukjent korkje frå islendingesoger, balladar eller seinare diktning at bryllaupsfesting kan føre til slagsmål og drap, slik t.d. Jørgen Moe skildrar det mykje seinare i *Fanitullen*. Men skuldningane til mannen kan ho svare kort og greitt på, med to strofer: faren har blitt bøtt på rett vis, og det er derfor heller ingen grunn til å straffe henne. Dette er også eit trekk som peikar inn i slektshemn-tida, der eit drap kunne bøtast økonomisk etter nærare avtale mellom slektene, og da var det nidingsverk å ikkje halde den avtalen som var inngått.⁵ Så kjem det klagemålet som det er umogleg for henne å motbevise, og som kan føre til døden: ”thu kaamst icke møø y bwrre till meeg” (strofe 20), og ho har bare Gud å vende seg til for hjelp, med bøna i strofe 21 – 22: ”Saa hieellpe meg Gud aff alle mynn nød, som ieg kaam y mynn brwdeseeng møø! Herre Gud løsse saa weell mynn harum, som ieg kaam møø y eeders arrum!” Men ektemannen viser ingen skånsel, han lovar henne inneburing, og seinare skal ho på bålet. Dette er ei straff for utukt som blir bruka i nokre få balladar, og det er verdt å merke seg at kvinna i desse alltid får bekrefte si uskuld, sjølv om det ikkje skulle skje før

⁵ Jf. Klage på Telemarks-bøndene frå biskop Øystein Aslaksson i eit hyrdebrev av 1395: ”manndrap hender dessverre oftare her enn i noko anna bygdelaag, og av det kan vi sjå at kjærleiken mellom dykk er skral – mest ved at nokre av dykk tar imot bøter etter frendar som er drepane av vanvare, og likevel hemner seg like mykje som før. Dette er det verste svik nokon kan tenkje seg, å love fred og grid og sidan hyse avund og vond vilje i hjarta mot den som ein gjorde semje med. (Solberg 2003, s. 16)

etter at ho er død, t.d. i B 29 *Ildprøven*, der flammene ikkje kan skade den uskuldeige møya, og B 20 *Møen på bålet*, der møya blir brent, men to duer kjem og tek sjela hennes til himmelen. Det fell nær å tenke at når balladen så sterkt gjev uttrykk for kvinners ønsketenking om at sanninga må komme fram ein gong, om så ikkje før etter døden, så må ein slik ballade vere skapt og tradert av kvinner, i eit samfunn der kvinner hadde lite å forsvare seg med overfor eventuelle falske klagemål frå maktsterke menn. Det ideologiske kravet i denne balladen er at slekta har plikter overfor brura.

I neste dialog, strofe 25-34, sit ho i buret ”saa lennge, teell hun hørrede raffuens wennege”. Denne ramnen kan vi sjå som svaret på hennes tidlegare invokasjon: ”hieellpe meg Gud aff alle mynn nød”, hjelpa kjem nå bokstaveleg tala frå himmelen. Ho bed han flyge til heimen hennes med bod til broren, og får samtidig med kor aleine ho er, og langt frå heimen: ”Wylldt thou flyffue for meg tiell Tuone-by? der buor alld mynn freendder y. Der buor faader och muoder, mynn søster och mynn broder” (strofe 27-28). Ho byd han eit gullband for turen, men han har meir bruk for ramneføde enn for gull. Når ho så byd han “min herres hjerte” slår han til, på vilkår av at han får augo i tillegg. I ei tid der alt hadde si symbolske tyding, indikerer denne danske varianten at denne mannen har eit korrumpert hjarte som naturen sjølv vil ta opp i seg og endre, og han har augo som ser lygn som sanning om den uskuldeige kona si. Ramnen her er ein bodberar frå naturen som hjelper til å setje alt i rette skikk. Samstundes er han svaret på ei bøn til Gud. Det er i balladeuniverset ingen motsetnad mellom det naturmytiske og det kristne. Huldre og haugfolk, nøkk, havfruer og fortrolla dyr lever sitt parallell-liv til vanlege menneske. Dei kan hjelpe, bergast eller overvinnast, ofte ved hjelp av kristne symbol som kross eller klokkeringing. At denne ramnen er ein omskapt bror av henne, kjem fram i siste episode.

Det er typisk for menneske i dyreham at dei har overnaturlege evner, slik også her. Den vonde ektemannen har lova at Kirsten skal brennast alt neste dag, så tida er knapp. Ofte blir geografisk flytting eit tomrom i balladetekstar, her blir nettopp avstanden gjort til eit poeng, det at det var langt mellom den trygge heimen og det farlege framande ho var hamna i. I neste episode, strofe 35-39, flyg ramnen over tre kongerike før han er framme hos broren Hildebrand og kan fortelje korleis systema har det. Tiltaleformlane han brukar, er eggjande, verbale angrep som tydeleggjer kontrasten mellom Hildebrands tryggleik i heimen og systema

i dødsfare i framandt land: ”Hør thu thett, vnge Hylldebraand: dynn søster seeder bunden y haarden baand. Tthu seeder her och drecker wynn: y morgenn daa breender dy søster dynn”(strofe 37-38). Hildebrand reagerer momentant, strofe 39 er ei vanleg formelstrofe for å vise intensiteten. ”Hylldebrannd sprang offuer bredenn borrd: denn kllaarre wynn paa guollditt stuod”. Holzapfel 1980 (s. 46-47) viser korleis denne formelen har sitt opphav i at bordplasseringa faktisk *var* slik at dersom du skulle forlate bordet før dei andre, måtte du ”springe over bord”, og at på grunn av den uorden dette førde til, kunne det til og med straffast med bøter.

Her er inga tid å miste, og Hildebrand hastar til stallen og vurderer dei hestane han har. Hesten er fast deltakar i folkevisene, det vanlegaste, for ikkje å seie det einaste husdyret. Aktøren ”salar gangaren grå” eller kjem ”riand til gards”. Vanlegvis viser det bare kva klasse vi rører oss i, småkårsfolk hadde ikkje råd til hest, men her er vi midt i adelskapet – *riddarstanden*. I namnet ligg nettopp det som skilde standen ut frå tidlegare kongstenarar/krigarar, at dei kjempa til hest. Men fleire folkeviser har omskapte hestar, blant dei norske kan vi t.d. nemne Beiarblakk, Rosensfole og Liten Lavrans.⁶ Hildebrand treng også meir enn ein vanleg hest. Tida er knapp, for å rekke fram over dei tre kongerika i tide må det overnaturlige krefter til. Og i stallen finst ein som Hildebrand tydelegvis veit kan klare det som trengst, strofe 40-46. Men her er namnemagi knytt til dei magiske evnene, Hildebrand må love å ikkje nemne Blakkens namn. Når det røyner på, gjer han det likevel, og utløyser det som ser ut som ein katastrofe: Han sjølv sekk til havsens botn, og Blakken må symje resten av vegen, som ein vanleg hest.

I strofe 47-53 har Kristin blitt ført til tinget, det må altså vere like før ho skal brennast. *Tinget* er elles ein institusjon som heldt seg mykje lengre i vestnordisk tradisjon enn i austnordisk. Det er derfor verdt å merke seg at dei variantane som vart tidlegast nedskrivne, har bevart sekvensen om at dei er på tinget, både den danske og nokre islandske. I norske og færøyske variantar, som ikkje er skrivne ned før på 1800-talet, er ho heile tida i tårnet, utan at det er snakk om korkje brenning eller ting. Når ho høyrer Blakkens skrik, veit ho straks

⁶ Sverker Ek (1921, s. 90) har sett på fleire viser med omskapte hestar, og meiner at alle opphavleg er norske.

kva som har skjedd, at broren Hildebrand ligg på havsens botn. Men Blakken er ennå i stand til å kjempe, saman med ramnen tek han livet av hundre mann.

I siste episode, strofe 54-65, er det duka for lukkeleg ending. Den vonde ektemannen er død, og Kirsten er fri til å ri heimover. Når dei kjem til stranda, er broren Hildebrand der - i live. Og med eit kyss kan så Kristin oppheve forbanninga over hest og ramn, som nå viser seg å vere brørne hennes. Men før den klassiske happy end-formelen i siste strofe: ”Dy thuog hynnder daa alle vdj derris arum, forsuondenn er nu buode angist och harum”, er det ein interessant dialog mellom Kristin og broren Hildebrand, som er skuld i ulukka hennes. Han ønskjer henne velkommen heim og undrar kvifor rosenkinna har blitt så bleike (strofe 55). Ho svarar ikkje t.d. at det er fordi ho sat i mørke bur, slik vi fekk vite i strofe 3, eller at ektemannen ville ta livet av henne, men fordi ”ieg waar langtt fraa muoder mynn”, altså hovudgrunnen er at ho blei sendt så langt av stad. Og så følgjer hennes, eller diktarens moral (strofe 57 – 58): ”Ieg raader nu huer daannemand: gyfftte aldrig synn bønn till fremede laannd. Weell faar dy bund søllef och guld: dy er dog weed all deris gledeskyld”. Blir ho sendt langt av garde, så blir ho skilt frå all glede, sjølv om ho skulle få sølv og gull i staden. Diktarmoralen blir gjort eksplisitt ved at Kristin, eller forteljaren, vender seg direkte til mottakaren, eller enkelte mottakarar, nemleg ”hver danemann” med denne oppfordringa om å ikkje sende døtrene for langt av garde, sjølv om det kunne vere godt økonomisk utbytte av det. At dei får både sølv og gull ved eit slikt gifte, stemmer elles dårleg med det som vart fortalt i strofe 6-14 om alt det brura førte med seg til brudgommens familie.

Språket i varianten

Eldre ord i balladen kan peike mot opphavstida, medan bøyingsformene oftast vil peike mot nedskrivningstida. Fleire forskarar har peika på at denne balladen har gamalt og/eller vestnordisk opphav, Vésteinn Ólason (1982, s. 144-145) referer Axel Olrik, Ernst von der Recke, Sverker Ek, Finnur Jónsson og Knut Liestøl, som til saman gjev overtydande prov på dette. Eg tek med enkelte eksempel.

strofe 4; *imenn* må vere frå det norrøne *í meðan*.

strofe 9: *graa ganngger och gylltte saaddell* er eit allittererande uttrykk som vi finn att i dei vestnordiske variantane. Substantivet *ganger* (norr. *gangars*) er i Danmark bare kjent frå

balladar, medan det er elles er godt belagt i norrønt. Epitetet *gylte* er ein reminisens av norrøn akkusativform *gyltan*.

strofe 14: *mord*, som andre stadar er skrive mår, maar o.l, er ikkje uvanleg i balladar. Det heng saman med det norrøne *mær = møy*, men sjølv om det har vore mange teoriar omkring ordet, rår det framleis usemje om opphavet. (Sumlen 1989, og Lundgreen-Nielsen 2000 s.78-83) Ordet fins ikkje utanom balladar i Danmark, men finst på svenske runesteinar.

I strofe 14 finst òg uttrykket *til sin hár*, noko som kan sjå ut som om nedskrivaren er ustø i genus, og bøyer inkjekjønnsord som hankjønn, (Altså at det skulle vore ”til sitt hár”) men det er heller ei eldre genitivform, der preposisjonen *til* gjev genitivform av pronomenet. (I eintal skulle det da frå gammalt vore *sins*)

Strofe 26: *nam* av *næmme*, norrønt *nema = ta* (Kalkar III s. 187)

Strofe 36: *stuoffuen*, norrønt *stofa*, (Kalkar IV s. 153)

Strofe 47: *skrynny* av *skrynne* forklarar Kalkar med *vrinske* (III s.823), også av norrønt, men ikkje nemnt i Fritznar

strofe 51: *i hundred manne blod* er ein reminisens av norrøn genitiv: hundrað *manna blóð*, ordforma er elles bare brukt i samansetningar i dansk (jf. Recke 1927 s. 281)

strofe 64: *både = bæði*, begge, frå norrønt (Kalkar I, s. 315).

Det er mykje bruk av *epitheton ornans*, utsmykkande formlar. Eksempla er mange: hviden sølv, røden gull, grå ganger, gylte sadel, skarlagan rød, skjorter små, røde gullbånd, ravnem hin brune, den klare vin, brede bord, den salte hav. Både epitet og andre uttrykk har alliterasjon, som både gjer det lett å hugse, og som minner om eldre dikting: grå ganger og gylte sadel, mine brødre var bleven så bolde, syv tønner sølv og gull så rød, mynde meg nu, min søster god, sørg ikke kjære søster min. Agnes Agerschou (1941, s.66-67) seier om alliterasjonsuttrykk at både er orda i ”de faste bogstavrimede Forbindelser” ”gamle nordiske Arveord” og dei ”berettiger os til at regne Alliterationen som et af Folkevisens oprindelige elementer. Vidare knyter Olav Solberg (1994, s. 35-37) dette trekket, saman med fleire andre, til den omsette romantiske diktinga, *Fornsögur Suðrlanda*. Varianten har altså mange gamle språklege drag. Balladar vart rettnok dikta i gamal stil, og arkaiske drag i språket vart bevarte gjennom balladesjangeren. Men det er likevel ikkje truleg at ord som ikkje lenger var

forståelege, ville bli brukt i ein ny ballade. Dei eldre orda vi finn her peikar mot at balladen er skapt tolleg lenge før nedskrivartida.

Det stemmer da med inntrykket av innhaldet. Den haldninga til slekta som kjem til uttrykk, er eldre enn det importerte høviske kjærleiksidealet som viser seg i nyare balladar. Temaet i denne varianten kan seiast å vere *slekta sitt ansvar for kvinna, både før og etter giftarmål*. Prosjektet er ikkje fyrst og fremst å framheve den vonde ektemannen. At han er vond, går tydeleg fram av handlinga, men det blir ikkje spesifikt karakterisert som vondt. Hildebrands handling derimot, å gifte bort systera til framandt land, blir fordømt (strofe 57): ”Jeg raader nu huer daannemand: gyfftte aldrig synn bønn till fremede laannd.” Her er ikkje noko opprør mot det bestående, at det er slekta ved far eller bror som har ansvar for giftarmålet, det må bare gjerast med forstand og omtanke for den som risikerer å bli ”ved all deres glede skilt”. Vi kan likevel merke ein viss høvisk påverknad. Ong (1982, s 45) seier at i munnlege kulturar blir individuelle reaksjonar ofte framstilt som eit uttrykk for eit felles reaksjonsmønster, slik vi ofte ser i ein vanleg uttrykksmåte i islendingesogene: “Folk meinte han hadde lita ære av dette”. Denne balladen har ein klar kontrast til dette når diktaren trer fram og seier: ”Jeg råde vil hver danemand, gift aldri sine børn til fremmed land” (strofe 57). Men dersom ein samanliknar med t.d. *Strengleikar*, som vart omsett til norrønt på 1200-talet, så er det ein vanleg måte å uttrykke seg på. Forteljestemma er her tydeleg emfatisk deltakande, ulik dei fleste andre balladar. I oppbygging gjev denne balladen konnotasjonar til eksempelforteljinga, forteljingar med god moral, til skrekk og åtvaring om korleis det kan gå dersom ein ikkje gjer det rette. Meir om dette i oppsummeringa av alle variantane.

Island

Dersom eg går inn på enkeltvariantar, fører eg opp kva bind av *Íslenzk fornkvæði* ein finn kvar variant i, sidan det elles er tungvint å finne dei for samanlikning, sidan kvar balladetype ikkje står med variantane samla, men er spreidde etter kva handskrift dei står i.

ÍF 7 Hildibrands kvæði er ein av dei eldste balladane som er skrivne ned på Island, like før 1700. Den er også med i eit handskrift frå ca. 1850, så den har altså halde seg levande i tradisjonen etter fyrste nedskrivning. Alle har tittelen "Hildibrands kvæði", broren er halden

fram som hovudperson, han som gifter si syster til framandt land. Her finst 7 aktuelle variantar med innbyrdes ulikskapar, og desse kjem, som vi skal sjå, att i andre nordiske land. 3 variantar har omkvedet "á mína trú" - "og enn er hon jomfrú" som er naturleg å tolke til innhaldet i balladen, og understrekar kor naturstridig dette ekteskapet er, der ho blir gift og framleis er jomfru. Omkvedet er brukt også i to andre balladar, A 41 og D 76, der dei også kling saman med innhaldet. **B**-varianten (bd. IV, s. 181-185, 29 strofer,) har omkvedet: "j landinu svo vida - vel má herenn av Danmòrk ut rida" Dette omkvedet er ikkje så naturleg å knytte til innhaldet i balladen, dersom ein da ikkje skulle tenke seg at Hildibrand reid ut med ein heil hær. Ei slik tolking er det ikkje noko belegg for. Men sjølv om det må tolkast eksofort, er det heller ikkje eit av dei omkveda som er kjent frå mange andre balladar, det er bare brukt i ein variant av A 38 *Kvæði um tvær systur*. **E** (bd. V, s. 132-135, 41 strofer): Omkvedet har blitt endra litt, frå "á mína trú" til "a heidna tru - og enn er hun jomfru". Med det framhevar ein kanskje det negative ved å vere i eit heidensk samfunn enda litt meir.

Alle dei islandske opnar tilnærma likt den danske, men med ei presisering av at systema blir "gefinn a heidna torg". Det er altså ikkje bare at ho kjem langt av stad til eit framandt land, men det er eit *heidensk* land. Den hjelpelause stillinga kvinna er i ved giftarmålet blir understreka når uttrykket er at ho blir "*gefin og seld* -einum ríkum greifa í valld". Ho blir straks lagt i band, etter ein dialog med greiven, der han skuldar henne for å ikkje ha kome som møy, og ho sver ved Gud at dette ikkje stemmer. Etter å ha kome i tårnet ser ho opp mot sky etter redning, og ein ramn kjem for å trøyste. Ho byd han "kápu blá", (i eit par variantar er det parallellstrofer med raude, blå, grøne eller brune klede) for å bere bod til Hildebrand, men ramnen lovar å gjere det bare dersom han får lever og lunge av ektemannen Torkel. Når ramnen kjem fram for Hildebrand, fortel han at systema sit bunden, blå og blodut, som om ho ikkje skulle ha nokon bror ("sem ongvann ætte hún broðr"). Her er det altså implisitt sagt at dersom ein har brør/familie, så har dei ansvar for å hindre at ein blir utsett for ein slik urett som det systema her er. Broren reagerer med å kaste frå seg harpa han sit med, (atter ei karakterisering av kva stand han høyrer til i), og springe over bordet så øl og mjød renn, som i den danske varianten.

Så skil variantane lag. To av dei har ein hest som kan tale, som i dansk. Men i dei fleste hentar Hildebrand seg bare ein hest i stallen, utan at det er noko spesielt med den, og rid den

lange vegen til mågen. Avstanden blir også her framheva, han rid ”myrkvann skóg og lánga leid”. Det blir også sagt at han sprengde både to og tre (hestar?). Når han kjem fram om kvelden, blir han møtt av greiven, som bed han velkomen og byd han vin, men Hildebrand vil sjå syster si. Torkel seier ho er i ferd med å føde ein gut, men Hildebrand insisterer, sjølv om Torkel prøver å halde han borte med å seie at det ikkje høver seg for menn å gå inn der kvinner er. Og heile tida kling omkvedet bak "og enn er hún jomfrú". (Óskar Guðmundsson, islandsk historikar, peika på for meg at i katolsk tid ville det vere bortimot blasfemisk å synge dette, at ei jomfru skulle vere i ferd med å føde ein son, det var sjølvsagt bare den reine Maria møy ein kunne seie slikt om.) Men broren let seg ikkje stoppe. Han bankar på og bed henne lata opp, men ho er bunden og hjelpelaus, så han må sjølv vere hendig og klare å opne døra, og hogg så jarnbanda av henne. Den diskontinuerlege frasen (etter mønster både frå norrøn dikting og frå omsette riddarromanar) "Fattar hefr hann fíngur og smá" viser òg noko av riddaridealet, Hildibrand har så visst ikkje arbeidsnevar, men keike, små fingrar, som den kan ha som ikkje treng å drive med kroppsarbeid. Ein variant avsluttar så med at "þad var eina morgunstundu - greifinn heck svo hott sem hundr", i andre variantar sláss dei både to og tre dagar før greiven blir hoggen i to, og den fornøgde rammen får si lever og lunge, men utan at vi høyrer om noko forvandling hos han.

D (bd. IV, s. 181- 185, 29 strofer) ligg nærare den danske, her seier hesten til Hildebrand at han ikkje må tale til han. Dette klarer han ikkje å halde, og druknar. Men hesten kjem fram på tinget, slår ned hundre mann, som i den danske, og får med seg Þjóðbiorg. Ho kysser han, og han blir forvandla, ikkje til bror hennes, men til ein kongsson.

H (bd. VI, s. 161-166, 36 strofer) skil seg ut. Den har Herre Karl som namn på broren. Den liknar den danske i at den har med at ho gav fleire gåver til slekta til ektemaken, og den har ein fortrolla hest. Men her er det Blakken som søkk når Karl bryt namnetabuet, og vi høyrer ikkje meir om han.

På Island finst altså to hovudvariantar. Den eine lar Hildebrand sjølv kome til Torkel, og der er ein dialog både mellom Hildebrand og Torkel og Hildebrand og systera, før Torkel blir drepen (A, D), og syskena kan dra heim saman (C). I den andre er det den omskapte hesten

som kjem fram etter at Hildebrand bryt eit namnetabu og druknar. Hesten og ramnen nedkjempar Torkel og hans menn på tinget, og hesten blir ein kongsson (B). I tillegg er det ein der hesten druknar etter at namnetabuet blir brote, men broren bergar seg i land og drep mågen (H).

Færøyane

I dei færøyske variantane er det hesten som er hovudpersonen, han blir nemnt i tittelen, og dette er verkeleg Blankans ríma, det er *hans* innsats som set *jomfrua* fri, og *hennes* kyss set *han* fri.

Omkedet " gylt sadil á - tad vænasta viv, id vinnast má" er det same i alle variantane. Det kan knytast til innhaldet, særleg sidan hesten er så viktig her, og vinn "det venaste livet" gjennom innsatsen sin. Alle legg vekt på det umoglege i prosjektet: "Tað plagir eingin danimann kvitta, sína systur á heiðið land gifta. Tað gjørdi meistari Hildibrand, gifti sína systur á heiðið land" (B, strofe 1-2). Motsetninga mellom å vere brur på sundag, og i jern måndag er med (strofe 3), men ikkje nokon dialog mellom ekteparet, og inga forklaring på kvifor ho blir lagt i jern. Det heidne blir bare farleg utan at ein kan forstå kvifor. Ho ser opp og fram etter hjelpesmann, og snakkar til "fuglurin brúni". Han er ikkje nemnt som ramn, som i dei andre landa, sjølv om det er ein vanleg fugl på Færøyane. Fuglen seier han kjenner broren Hildebrand, og vil bere bod dersom han får lever og lunge av Torkel. Pussig nok startar både B og C med broren Hildebrand, men når ramnen kjem fram, vender han seg til broren Karl, det namnet vi òg fann i ein islandsk variant. Brorens reaksjon er skildra med same formelstrofer som i dansk og islandsk. Her kjem kanskje også forklaringa på at han "sprengde både to og tre" i islandske versjonar, for han byd sveinane sine å sale opp den grå, og den kvite, som kan både slå og bite, den brune, for han skal ride til Tune, og den blanke, som kan så vel å ranke".

Avstanden mellom heimen og det framande langt borte blir framheva ved fuglen sitt svar, - "eg kan bera bod i kvart eit land -", i skildringa av flygeturen, og når broren legg ut på redningsaksjonen sin etter å ha reagert sterkt og raskt på ramnebodet. Den lange reisa er skildra meir utførleg her enn nokon annan stad, med strofer som liknar på eit par frå

Draumkvedet:

”So rídur harri Karl mýri og mógv, illa spilti hann skarlaksskógv.

So rídur harri Karl mýri og mosa, illa spilti hann skarlakshosur.

So reid harri Karl mýri og á, illa spilti hann kápu blá." (strofe 25-27)

Skarlakssko og -hoser viser igjen stand/overklasse. Blankan "rennur á vatn sum grönari jörd", men salgjorda brest midtfjords, utan at nokon utløysande faktor blir nemnt. Men hesten kjem fram, slår 30 mann under fot, og løyser Maritas jarnband med tennene. Til lønn vil han ha eit kyss, og dermed blir han ein riddar (A) eller ein kongsson (B, C). og Marita blir ei "drotning so bold - alt Eingulland fekk ho i vold". Alle færøyske har altså at Blankan er ein riddar eller ein kongeson som gifter seg med Marita, medan broren druknar. Ho får oppreising, han døy, som kanskje er ei "rett" straff for å ha forsømt det ansvaret han burde hatt for systema si da han gifte henne bort til framandt land, slik alle variantane i starten held fram at ein ikkje bør gjera.

Noreg

Som vi ser av tabellen, er det svært mange variantar i norsk tradisjon, og mange av dei er godt bevarte. Dei må da vere bevarte i rein munnleg tradisjon, denne balladen er ikkje kjent frå trykte kjelder før Grundtvig gav ut DgF. Dei danske variantane frå 1500-talet fanst bare i private, handskrivne bøker. Og i Noreg er det to litt ulike varianttypar. I tre variantar er det kong Valdeman som har gifta bort dotter si til ulykke. Dialogen mellom Hilleborg og ektemannen er med, som i den danske. I dialogen med ramnen bed han om eit stykke av brystet hennes for å flyge med bod, dessutan vil han ha med eit brev for å overtyde kongen om at han snakkar sant når han kjem. Kongen talar med hesten sin, som ber han til namnet blir nemnt, og kongen fell av eller blir borte. Blakken slår 30 mann under fot, og tek med seg Ingebjørg, som ho heiter her, over sundet tilbake. Der dukkar kongen opp igjen, men sidan namnetabu er brote, blir påkjenninga for stor for Blakken, og han døy. Og så kjem ei strofe som eg har høyrte sitert når folk pratar om at tilhøvet mellom hest og eigar er så tett at ein helst vil behandle dei som menneske: "Ha de'kje vore fe manneord ha Blakkjen sillt fengje vigde jord." Men når ein held desse variantane saman med andre, så kunne ein kanskje også tenkt seg ei anna tolking: hadde det ikkje vore for at Valdeemon/Hildebrand snakka, så ville hesten blitt omskapt til mann igjen, og høyrte heime på kyrkjegarden når han døyde, i staden for å døy i dyreham. Det er altså tre variantar som har dette innhaldet.

Dei andre 22 variantane fortel alle at Hildebrand gifte bort syster si til ulykke. Dersom det ikkje blir eksplisitt sagt, så har dei det med i omkvedet ”Dei sigler med fløy – dei gifter si syster til Samsøy”, som er langt det vanlegaste omkvedet i denne balladen i Noreg. (Dette er elles ikkje eit svært vanleg omkved, men vi finn det att i den neste balladen vi ser på, D 367 *Hekseridtet*.) Ingen av desse har nokon dialog mellom ektemakane. Mange startar med dialogen mellom systera Hilleborg (det vanlegaste namnet) og ramnen, så direkte over i dialog mellom broren Hildebrand og ramnen, mellom Hildebrand og sveinen/sveinane hans der han bed dei sale på den beste hesten, og dialog mellom Hildebrand og Torkjell, som i islandske variantar. Men så kjem eit nytt tillegg. I dei fleste norske variantane har ektemannen ei frille som er årsak til at kona blir sett i fangeholet. Det er ikkje usannsynleg at dette har vore med opphavleg, som ei forklaring på kvifor ho blir så dårleg behandla. Da blir dette ein av dei få balladane (den einaste?) som fortel om eit trekantforhold frå den bedratte konas synsvinkel.

”Heve du loje hel heve du stole/ hel hot heve du fe båndi brote”.

”Eg hev inkje loje eg hev inkje stole/ eg hev inkje fe båndi brote.

Når me sille kåls klæer siæra/ tærna fekk klæer å eg fek vera.

Nå me sille te bore gå/ tærna te bors å eg ifrå.

Når me sille te sænji gå/ tærna te sængs å eg ifrå”. (variant 4, strofe 30-34)

Det vanlege omkvedet om å gifte si syster til Samsøy kan vere interessant dersom ein tenker reint konkret. Sjølv om ein ikkje er så oppteken av å knytte balladane til historiske personar og stader som Grundtvig var, så er det vel ikkje heilt usannsynleg at ei norsk adelsdotter kunne ”risikere” å bli gift til Samsø, ei øy nær Århus, der det i mellomalderen låg ikkje mindre enn tre borger (og den eine av dei vart riven av Marsk Stig, som også er ein godt kjent ballade-person).

Sverige

SMB 9 *Ravnen Rune* har bare to variantar, men det er fleire som har sunge desse variantane, særleg den fyrste. Dei er nedskrivne fyrst på 1800-talet, og finst altså ikkje i adelshandskrifter. I Sverige er det ramnen som er med i tittelen. Det er avbleika oppskrifter i høve til dei danske, til B-varianten fylgjer mange kommentarar, songaren hugsar ikkje strofene, men fortel innhaldet i prosa.

Omkveda kan gå som ein undertone til tematikken, understreke reisa til framandt land og den vanskelege utfriinga.: **A.** ”Där ligger en så lönderliger stig - i riden och så varlig”. **B** ”Det faller så underlig till – I riden så vardelig”.

I Sverige er det som i den eine islandske og norske typen *faren* Herr Tune/herr Wallemo som var så vis ein mann, han gifte si dotter til framandt land. Dei to variantane er temmeleg ulike. B har som den danske varianten dialogen mellom kone og ektemann over 9 strofer, hennes spørsmål om kvifor han vil binde henne, og hans svar. Fyrst seier han også her at ho ikkje hadde med ”jordegods”, ho gjer nærast litt narr av han i svaret: ho kunne da ikkje ta med seg svarte mold! Vidare ramsar ho opp gåvene, som er langt på veg dei same som i norsk og dansk: sju kistor gull, føyrgyllene sadell, et gångande skepp i floden, en gångare grå så goder, sju stora gullkistor. Så er det igjen skuldinga om at ho ikkje var møy, ho skal på bålet neste dag. Når ho sit i tårnet og ynskjer seg ein fulltru ven som kunne bere bod til faren, kjem ”den gamle Gam”, som er villig til å dra når ho lovar å la ungane hans få ete av brystet hennes. Og som i dei tilsvarande norske variantane må ramnen ha med seg eit teikn på at han verkeleg er sendt av henne. Den lange avstanden som er viktig i dansk variant, er ikkje nemnt. I neste strofe er ramnen framfor kongen, som spring over bord så mjød og vin skvett., og går i stallen og vurderer folane sine, i strofer som ligg svært nær dei norske. Dei er ulike i avslutning, i A-varianten løyser bare faren dottera frå lenkene, tar ho opp på hesteryggen, og byd greven god natt, med ei vanleg formelstrofe. I B-varianten er namnemagien med, og Blakken slår greven i hel, og dei hentar opp faren frisk og sunn på heimvegen.

3.1.2 Oppsummering

Dette er ein ballade som finst i mange ulike oppskrifter, ulikskapane følgjer ikkje landegrensene, men ulike variantar finst parallelt i dei ulike landa. Innleiinga er tilnærma den same:

Ei kvinne (dansk/svensk: Kirsten, færøysk: Marita, islandsk: Hljóðbjörg, norsk: Ingebjørg/Hilleborg/Hildebjørg) blir gifta bort til framand land av broren (dansk: Hildebrand, færøysk: Hildebrand/Karl) eller faren (norsk: Valdemon, svensk: Tune/Vallemo). Ektemannen (dansk namnlaus, færøysk/islandsk/norsk: Torkel), set henne

straks i eit fangetårn, med truslar om at ho skal bli brent. Når ho spør kvifor, kjem han med falske klagemål mot henne. Ho bed Gud om hjelp, og ein ramn kjem til henne i tårnet, og lovar å bere bod til faren/broren om kva som er i ferd med å skje med henne. Vidare er det litt ulikskapar:

1. Broren kjem til hest og hentar henne. (Ektemannen har ei frille som har tatt konas plass både ved seng og bord.) Broren drep den dårlege ektemannen.
2. Broren dreg for å hjelpe henne med hjelp av ein blakk hest (dansk: Blakk, færøysk: Blanke, norsk/svensk: Blakken) med overnaturlige evner. Han bryt eit namnetabu og blir sett ut av spel, men hesten og ramnen nedkjempar ektemannen og tek henne med tilbake til broren. Så kysser ho hest og ramn, dei blir omskapte og harmonien er gjenoppretta, alle syskena er samla i heimen.
3. Hesten set jenta fri og drep ektemannen, men døyr når dei kjem tilbake til den ventande broren.
4. Hesten frir jenta og drep ektemannen. Når dei kjem tilbake til den ventande broren, får hesten ein kyss av jenta, og blir forvandla til bror hennes. Ramnen blir også til ein bror ved eit kyss, eller til ein kongsson i ein norsk variant. I ein færøysk variant blir hesten til ein prins som gifter seg med jenta.

Det som har vore viktig på alle stader og til alle tider for tradisjonsberarane, er det som er felles overalt. Tittelen viser at *nedskrivarane* har lagt vekta på litt ulike aktørar. I Danmark er begge dyra med i tittelen: *Blak og Ravn hin brune*, i Sverige har ramnen blitt den viktigaste. På Færøyane ligg vekta på den fortrylte hesten, der er det *Blankans ríma*. På Island er den bortgiftande broren i sentrum, med *Hildibrands kvædi*, og i Noreg er alle variantar representerte (– blant dei variantane som *har* overskrift), her er *Rammen og Blakkjen* (var.1, 6, 7, 10, 11, 15), *Det uheldige giftermål* (var. 2), *Hilebrands vise* (var. 3), *Hilebors vise*(var. 4), *Hilebrand og Hilebor* (var. 8), *Hillebran aa Hærepær* (var. 9), *Hilebjør aa Ramnen* (var. 12), *Ravnen bere bod* (var. 13). Det som slår gjennom som hovudtema, er likevel kvinna som blir utsett for overgrep i ekteskapet. I alle land er det eit hovudpoeng at dersom du har blitt gifta bort til ulykke, så vil slekta kome til unnsetning, og naturen sjølv, gjennom dyreverda, vil samvirke for det. Det tyder på ein sosial struktur der

slekta nærast er determinert av naturen til å vere den sterkaste tryggleiken ein har, tilsvarande det gamle norrøne ættesamfunnet. Framstillinga er mykje den same både i aust og vest, på dei ulike nedskrivartidene, og i dei ulike miljøa. Det norske omkvedet forsterkar fokuset på tematikken når alle strofer endar med at ”Dei gifter si syster i Samsøy”. Den islandske forsterkar fokuset på uretten mot ho som blir gifta bort, når den stadig gjentek at ”enn er hun jomfru”. Dei eldste oppskriftene, både danske og islandske, har mange detaljar som understrekar at dette går føre seg i eit adelsmiljø, både når det gjeld utsjånad (keike, små fingrar), gåver og aktivitetar (spelar på harpe, drikk vin, rid).

Det kan vere spennande å leike med tanken om at denne balladen kunne ha blitt til som eit slag *exemplum* for korleis giftarmål *ikkje* bør inngåast, frå den tida da det for fyrste gong vart nedfelt i lova at kvinna si meining også skulle bli høyrte når det gjaldt giftarmål, etter at kristendommen hadde opna for at ekteskapet som sakrament faktisk vart inngått av to individ, og ikkje av to slekter.⁷ På den eine side bør ho ikkje bli ”gjeven og seld”, slik dei islandske variantane uttrykker det, og endatil ”til heide land”, på den andre sida ligg det framleis nær å forvente ein rask reaksjon frå slekta dersom eit slektsmedlem var utsett for ei slik skammeleg handling som her. Fordi kvinna si stilling ikkje endra seg positivt gjennom hundreåra som fylgde, korkje blant høg eller låg, ville temaet stadig gje gjenklang, særleg blant dei som kjende det på kroppen. Det er vel ikkje overraskande at i Noreg er det 15 kvinner og 4 menn som har sunge denne balladen for nedskrivarar.

Fleire andre balladar tematiserer også ein konflikt mellom kvinna si slekt og belar/ektemann. Men da er gjerne eit kjærleiksspekt med i tillegg. Denne balladen utmerkar seg fordi alle ymt om kjærleik er totalt fråverande. Men i dei fleste norske variantane har ektemannen ei frille som er årsak til at kona blir sett i fangeholet. Da blir dette ein av dei få balladane (den einaste?) som fortel om eit trekantforhold frå den bedratte kona si synsvinkel.

⁷ Knut Helle 1995: Kirken begrenset fra første stund ættenes mulighet til å gjøre ekteskapsavtaler---. I løpet av 1100-tallet ble ekteskapet anerkjent som sakrament. Det skulle være en pakt mellom to mennesker, avhengig av begges frivillige samtykke. (s. 115)

I det materialet som finst i alle 5 landa, er det ikkje fleire som tar opp slektas ansvar eller slektshemn enn den vi har gjennomgått. Men i ei av dei folkevisene som vi las på folkeskulen, (i alle fall i mi tid), er utgangspunktet noko tilsvarande. Men skolesangbøkene har fått inn ein kompilasjon av to innbyrdes motstridande variantar, noko Knut Liestøl og Moltke Moe må ta ansvaret for. Når ein ser på enkeltvariantane, finn ein interessante skilnader. Dette gjeld den kjente *Olav og Kari*, som i TSB heiter *Hekseridtet*. Sjølv om den er registrert i bare 3 land, er den så interessant i denne samanhengen at den får vere med. Da går vi frå A 26, ein ballade med eit reint slektshemnmotiv, til D 367, variantane er delt i to typar motiv, eitt hemnmotiv og eitt helgenmotiv.

3.2 D 367 *Hekseridtet*

Denne balladen er funnen i Danmark, Sverige og Noreg. Alle stader er det ei svigermor som lyg på svigerdottera, men TSB-samandraget viser at ulikskapane vidare er ganske store:

A woman says to her son that she has seen his wife riding on wild animals and meeting with supernatural beings. D: The young wife hears this. She asks her husband's permission to go to her parents, and then she leaves forever. N, S: The man believes his mother, beats his wife and kills her. S: He is executed. cN: The wife comes to heaven. *The Virgin Mary asks her if she wants her husband and mother-in-law to come to heaven, but she says only her husband.* (mi framheving)

Referatet av dei norske variantane har blitt litt feil, som vi ser, det er Kari som bed jomfru Maria om Olav og svigermora kan få kome til himmelen, og ikkje omvendt.

3.2.1 Utbreiing

Land, nr i balladeutgåva	Tittel	Oppskrivartid	Vurderte variantar	Lengde, tal på strofer
Noreg, DokPro 367	<i>Olav og Kari</i>	1860-talet	17	13-36
Sverige, SMB 166	<i>Herren Båld</i>	1810	1 (5)	28
Danmark, DgF 361	<i>Hekseridtet</i>	1870-talet	1	22

Her ser eg fyrst på dei norske variantane for å få eit heilskapleg bilete, og så vidare på den svenske og danske.

Noreg

Det kan sjå ut som om dette har vore ein meir populær ballade i Noreg enn i Danmark og Sverige etter talet på variantar å døme. Det er likevel verdt å merke seg at dei 18 variantane som ligg på Dokpro, er frå bare 12 (ev. 13) informantar, og 9 av variantane er bare fragment på 1-4 strofer. Det er vel derfor rett å seie at også her var denne balladen ved å bli borte på oppskrivar-tidspunktet. Dei to ulike endingane viser likevel ei svært gammal motsetjing, nemleg mellom slektshemnmotiv og kristen tilgjeving.

3 variantar byrjar med at Olav rid rundt og bed inn til bryllaup, så rid han ”sør undir øy å fester a Signelill den vene møy”, han flyt ho heim, og riddarar og sveinar fylgjer med dei. Så lever dei i hop i 8 år, og får barn saman. Og da fyrst får han lyst til å sjå att mor si, og dreg for å vitje henne. Bare ein informant har den innleiinga som har blitt gjort allment kjent, og som peikar mot ein underliggande konflikt ved at ”Olav sat heime i åtte år før han ville si mo’eri sjå”, etter han var gift. Mora har neppe vore svært glad for konevalet til Olav. Når han så omsider kjem heim, svarer han på moras spørsmål om ekteskapet hans at det er som ein samanhangande fest, ”so likar eg gifta go, liksom kvor dagjen å drikke jol (variant 1, strofe 8). Men mora kjem med sterke klagemål mot Kari/Signelill, at ho har vore ute saman med alvar, ridande på ein isbjørn og med ein orm til beksel, slik vi kan lese om jotunkvinna Hyrrokkin ved Balders bålferd. Der er det rettnok ulv ho rid på i staden for kvitebjørn, men elles er framstillinga den same. Og når Olav har vondt for å tru dette om den gode kona si, så kjem mora med det urimelege, ja, reint naturstridige, i at han ikkje skulle tru på mor si: ”Hossi kan grase på jore gro, når sonen må ’kje si moeri tru?” Denne strofa er med i mange av variantane, det er eit argument som har hatt gjennomslagskraft og fall lett i minnet. Som vi var inne på i avsnittet om ideologi i mellomalderen, så kunne kvinnene bli oppfatta som ustadige fordi dei måtte velje side i konflikhtar mellom den slekta dei er fødd inn i, og den dei er gifta inn i. Her er det Olav som må velje side, og han vél å tru på mora. Hennes argumentasjon overtyder han, og han rid heim og slår Kari til ho er døyande. Mange av variantane har fyrst nokre strofer som byggjer opp den mørke stemninga og angsten for det som skal kome: Kari/Signelill står ute og ser mannen kome ridande, og ser på rittet og på utsjånaden at anten er Olav full, sint eller redd. Alle tre tilstandane kunne vere med og

forklare mishandlinga hans.⁸ Å få høyre at den han har elska og trudd på, er ei trollkjerring, kunne sjølvsgagt gjere han ikkje bare sint, men også redd. Trolldom var ei hovudsynd, og det same var det å ”trua á lyf kvenna eða gerningar”, (trollkvinner eller deira gjerningar) i følgje *Gamalnorsk homiliebook* (1971 s. 49). I ein kombinasjon av sinne og redsle slår han ”så serkjen rivna og holdet brast”. I nokre av variantane rekk han likevel å angre, så å seie bytte side og vise sin stadige kjærleik til kona, han tek henne på fanget og ber henne inn før ho døyr.

Dei fleste variantane i norsk område (15 av 17) har ”helgenendinga”, at Kari så kjem til himmerrike og ikkje vil sitje før ho har bedt for både ektemannen, som har skamslått henne så ho døydde, og for svigermora, som var den som sto bak og laug på henne overfor Olav. Og alle desse har same utfall, Olav skal få kome inn, men svigermora blir dømd til helvete. Jomfru Maria iretteset til og med Kari/Signelill for at ho kan tenke seg å be for ei slik svigermor:

Signelill, Signelill, still din munn, du be alli fyre slik heinghund.

I helviti der æ ein stein, der må Olavs moere kvile sine bein”.

(variant 1, strofe 35-36)

Å drepe i ukontrollert sinne er altså ikkje ei dødssynd, i alle fall ikkje dersom nokon går i forbøn for deg, men å lyge trolldom på andre, det overgår det som kan tilgjenvast. Ikkje så rart kanskje, når ein veit kor alvorleg resultatet kunne bli for den som vart klaga for trolldom. (Men det stemmer for så vidt med det som elles er tilfellet når ein ser på lovgjevinga, at ”maskuline synder” som drap blir straffa lettare enn ”kvinnesynder”, som t.d. å få barn utanom ekteskap)

Men i ein variant (eller rettare to variantar, men etter same informant) er endinga ei heilt anna. (Dokpro var. 5 og 6) Her er ingen kristen martyr som går i forbønn til jomfrua Maria

⁸ Formelstrofene som er bruka her, finn vi att i færøyske variantar av D 231 (som ikkje er oppskrivne i Noreg), der mannen trur kvinna har bedrege han, og også slår henne, men borna hans bed han la henne bere jern for å prove uskulda si.

for syndene til mannen og svigermora. Her endar det med at før ho døyr, bed ho Olav om å dra serken hennes or blodet, og sende den til hennes mor, med bod om å ”två han reine”, og ikkje gifte bort fleire døtrer ”til slike”. Dette gjev konnotasjonar til eldre tiders *fryjning* - oppfordring til hemn, slik vi finn det i islendingesoger. Til dømes i *Njáls saga* kjem konflikten i denne overgangstida klart fram. Flose vert skildra som ein fredssøkjande i utgangspunktet, og når Hoskuld, frenden hans, blir drepen, vil han søkje oppreising og bøtelegging av dei skuldige på tinget. Men kona til den drepne *fryjar* han, eggjar han til hemn ved å kaste den blodute kappa til den døde over han, og hånar han som eit kvinnfolk dersom han ikkje tek blodhemn. Likevel søker han framleis ei fredeleg løysing på tinget, men da bota blir målt opp i sølv, og Njål på toppen legg ei silkedrakt, kanskje for å gjere det ekstra vél, så tar Flose det som enda ei ærekrenking, fordi drakta er så fin at den kan oppfattast som feminin, og at han dermed utan ord igjen blir skulda for å vere eit kvinnfolk. Etter dette blir blodhemnen uunngåeleg, og soga blir driven fram mot Njålsbrenna, der Flose og hans menn tar hemn på ein slik måte at han veit det vil bli oppfatta som eit nidingsverk. Flose viser igjen at han eigentleg ikkje ynskte det slik, og byd Njål og Bergtora fritt leide ut. Men nå er det Njål som viser kor mykje ære og skam tyder, han svarar at han er så gammal at han ikkje vil klare å hemne sønene sine, og da er det betre å døy enn å leve med ei slik skam. – Dersom vi set den avvikande norske varianten av D 367 *Olav og Kari* inn i ein slik kontekst, vil hennes oppmoding om å sende den blodute serken hennes til mora, bli oppfatta som ein ordlaus oppmoding til hemn.

I fleirtalet av variantane, 10 gonger, er omkvedet ”Dei sigler med fløy” og ”-Dei gifter si syster til Samsøy”. Dette er som vi såg tidlegare, eit omkved som er kjent også frå A 26, der temaet er ei jente som blir mishandla i ekteskapet, og der familien ved broren kjem og hemner seg over den vonde ektemannen, altså eit tema som ikkje ligg så langt frå denne Olav og Kari-varianten. Dette omkvedet verkar framandt når det fylgjer varianten som endar i himmelen, der jo ikkje familien hennes blir nemnt elles i det heile tatt. Den enkle forklaringa kan sjølvsagt vere at dette omkvedet kan ha blitt vilkårleg kopla. Det er ikkje ei heilt tilfredsstillande forklaring når eit så uvanleg omkved går att i så mange av variantane. Dersom ein held saman dei variantane som startar med at ”Olav rid sør under øy og fester Signelill, den vene møy”, og dei som har hemnmotivet, så passar det godt at serken blir sendt til hennes familie, som da ”gifter si syster i Samsøy”. Omkvedet kan da vere med på å forsterke inntrykket av at dette er ein svært gammal ballade, eller i alle fall at temaet er

førkristent, frå ei tid då blodhemn var ein naturleg fylgje av overgrep. Samtidig er det med og bind denne balladen saman med den føregåande, A 26. Desse har både same omkvad og eit slektshemn-motiv, som ikkje er vanleg elles.

5 av fragmenta har ikkje noko omkvad, og bare i 3 variantar finn vi det eksofore omkvedet som er mest kjent i dag, ”- trø meg inkje for nære” og ”- på vollen dansar mi jomfru”.

Sverige

SMB 166 *Herren Båld* finst òg i bare ei oppskrift frå 1810-talet med 28 strofer. I tillegg er der 4 korte yngre brot. Her drep Herren Båld kona si, liten Kerstin, med sverd etter at mor hans har klagt henne for å vere ei trollkvinne. Ho bed han gje tinga hennes til familien: faren skal ha hesten, som han skal ”rida i sorgstället på”, altså i gravfølgjet (*Svenska Akademiens ordbok*). Mora skal ha silkeserken (som i den norske, rett nok utan noko om at han er blodute), broren gullkrona ”jag vet han frågar och etter min död”, og systrene skal få gullskrina hennes. Her ligg det truleg også forventning om hemn frå familien, og hemnen kjem. Båld rid til svigerfamilien, og fortel at kona nå har det godt i himmelen. Dei ser det blodute sverdet hans, og forstår at det er han som har drepe Kerstin, og han blir lagt i lenker og endar på steile og hjul. Det er lite logisk at han skulle ri til svigerfamilien, og ikkje eingong gjere sverdet sitt reint, dersom han ikkje eigentleg kjem for å gjere bot og bere straffa for det han har gjort. Men når han får si straff, ”stegel och hjul”, så er denne straffemetoden ei offentleg straff, altså ikkje direkte frå slekta. Her er ikkje lenger den gamle ættehemnen, det finst styresmakter som tek seg av den som har gjort brotsverk. Steile og hjul var elles ei straff som var i bruk alt frå mellomalderen, og visstnok meir i Sverige enn i Noreg og Danmark.

Danmark

DgF 361 *Hekseridtet* har ein einaste variant, med 22 strofer, nedskreven av folkeminnesamlaren E. T. Kristensen i 1871 og 1872. Denne er altså ikkje bevart hos adelen, men den har likevel teikn som kan tyde på at det er ein eldre ballade som har blitt innført til Danmark, som Axel Olrik peikar på i føreordet til balladen. Fyrstestrofa er den same som vi finn i norske variantar. Hr. Peder fester liten Kirsten, men her tar han henne med heim til

mora med ein gong. Mora ”svøber hendes hovud i skind”, som vanleg når ein har vondt i sinne. Ho spør kvifor sonen ikkje tuktar kona si, og fortel at ho har sett svigerdottera saman med trolla på heden, ridande på dei ”mindste dyr, i skoven gå”, med ein lindarorm til beislering og salknapp. Liten Kirsten høyrer samtalen, og blir redd for kva dette kan føre til. Ho ”kommer ind igjen saa grædendes”, og på mannens spørsmål om kvifor ho er så bleik, bed ho om å få dra heim og vitje mor og sysken, som ho seier er sjuke. Hr. Peder let henne dra, tilsynelatande litt motvillig, men utan konfrontasjon. Han vil gjerne vite når dei skal vente henne tilbake, når dei skal ”brygg’ og blænde Vin”, men ho seier ho aldri kjem att. Her er bare ei bleik avskygning av den norske balladen. Det som står att, blir ein angstvekkar for det å bli klagt for trolldom, den danske Kirsten rømmer for livet når ho høyrer eit slikt klagemål.

3.2.2 Oppsummering

I alle tre landa finn vi ein ballade om den vonde svigermora som kjem med falsk klagemål mot svigerdottera, og om sonen som svingar frå å vera hjartans nøgd med kona si, til å tru på mora sitt klagemål om trolldom. I Danmark rømmer kona unna når ho høyrer klagemåla. I Sverige og Noreg drep mannen kona si, men angrar seg. Den eine norske varianten endar med at kona bed han sende den blodute serken hennes til mora, i svensk variant er det ein tilsvarande, meir utbygd sekvens, som gjerne kan vere gamal. I svensk variant blir han så straffa av styresmaktene, medan den norske knyter an til slektshemntanken frå førkristen tid. Den andre norske varianten endar med at Kari kjem fram for jomfru Maria og bed for mannen og svigermora; mannen får tilgjeving, men ikkje svigermora.

Alle oppskriftene er frå 1800-talet, men mentaliteten er eldre. Det verkar ikkje truleg at nokon på eit seint tidspunkt ville setje inn slektshemnvarianten *i staden for* den kristne. Det kan derfor tyde på at dette fyrst har vore ein ballade som opna for slektshemn dersom kvinna skulle bli utsett for overgrep frå svigerfamilien. Og den viser at problematikken omkring svigermor/-dotter er kjent og frykta frå langt tilbake. Vidare kan ein lese inn ei utvikling frå den norske hemn-varianten der slekta blir gjeve ansvar, til den svenske, der styresmaktene er den straffande myndigheit, og vidare til den danske, som bare har att angsten for kva som kan skje dersom ein blir utsett for trolldomsanklager. Helgen-varianten

er også truleg gamal, for sjølv om Maria-dyrkinga heldt seg svært lenge i folkekristendommen, vart det truleg ikkje dikta om Maria på denne måten fleire hundre år etter reformasjonen. Olav blir fylgt av riddarar og sveinar, han kjem ridand' i går', i den svenske har både han og ho "gångare grå" – vi aner restar av eit riddarmiljø, utan at vi kan vite om det er meir enn arkaiserande former.

Vi ser da at hemnmotivet er bevart i både vest og aust, men medan den vestlege bare legg ansvaret for hemnen hos slekta, har den austlege varianten vidareført det til at styresmaktene tar seg av straffa. Dersom vi reknar med at den er opphavleg vestnordisk, kan vi ha hatt ein variant med den gamle slektshegn-mentaliteten som har spreidd seg over heile området. I Sverige har den så blitt noko omforma slik at han passa meir inn i samfunnet. I Danmark har ikkje denne mentaliteten hatt same grobott, der har det blitt bevart bare dei brota som har gjeve gjenklang, dvs. konflikten som kan oppstå mellom svigerdotter og svigermor, og angsten som følgde trolldom og klagemål for trolldom. Samstundes har vi ein legendevariant bevart i vest, men ikkje i aust. Denne siste varianten er som eit exemplum på kristen tilgjeving, og kunne isolert sett ha fortent ein plass blant legendevisene, slik Ådel Gjøstein Blom (1982) har gjort det i det som skulle vera byrjinga på ei vitskapleg norsk balladeutgåve. Dersom den er oppstått før reformasjonen, passar den godt som analog til annan før-reformatorisk Maria-dikting.

Det kan vere eit poeng at til hemnvarianten er det bare ein mannleg informant, og ingen kvinner, medan det til helgen-varianten er 2 menn og 9 kvinner. Hemnmotivet er ikkje blitt bevart av ei einaste kvinne. Rettnok er det i Noreg mest alltid flest kvinnelege informantar, men det er nokså lett i dag å tenke seg at hemntanken ligg nærare hos menn enn hos kvinner, og at det kanskje derfor er lettare for ein mann å vidareføre denne varianten, medan kvinnene vidarefører den mjukare helgenvarianten.

Frå motstridande overleveringar med hemn og helgen-exemplum, til eit exemplum for høvisk oppførsel, eller ei lovprising av kvinneleg utfalding.

3.3 D 16 *Esbern Snare*

3.3.1 Utbreiing

Land, nr i balladeutgåva	Tittel	Eldste oppskrivartid	Vurderte variantar	Lengde, tal på strofer
Danmark, DgF 131	<i>Esbern Snare</i>	før 1650	5	20-31
Sverige, SMB 67	<i>Esbern Snare</i>	ca. 1750	4	9-24
Island, ÍF 55	<i>Kvæði af Kristínni ok Ásbirni/ Kristínnar kvæði/ Ásbjarnar kvæði</i>	1665	6	14-16
Færøyane, CCF 114	<i>Asbjørn Prúði</i>	1847	1	14
Noreg, Dokpro D 16	<i>Asbjørn Snare / Asbjørn og liti Kjersti</i>		7	11-23

Namngjevinga viser kor lett det fell å usynleggjere kvinna. Hovudpersonen er jo så absolutt Kristin som syr, men ho er likevel ikkje verdig ei overskrift. Grundtvigs namngjeving har også følgt med inn i TSB-katalogen, slik at dette namnet får autoritet, og det er bruka i SMB, enda friaren der ikkje eingong heiter Esbern, men Asbjørn i to variantar, og elles er unemnd. (I ein av handskriftvariantane står det *Asbjørn Snare och liten Kristin*) Landstad har *Asbjørn Snare* til overskrift, medan balladen på Færøyane heiter *Asbjørn Prúði*. Til samanlikning har dei eldste islandske variantane *Kvæði af Kristínni ok Ásbirni* eller *Kristínnar kvæði* og Sophus Bugge har *Asbjørn og liti Kjersti*. Her er altså begge like viktige, eller Kristin får den plassen som er naturleg ut frå innhaldet i balladen. For dette er fyrst og fremst ein ballade om saum av bryllaupsskjorte som overgangsrite frå barn til vaksen, gifteklar kvinne. Men ut

over det er det vanskeleg å sortere her, for variantane har fellestrag og ulikskapar på kryss og tvers landa mellom.

Danmark

A-variant

Saumen som initieringsrite er altså det som er mest vektlagt over alt. Den danske A-oppskrifta⁹ er mønsteret på høviskheit, "hun er med ære og dyd opprunnen" heiter det i omkvedet, og her er det verkeleg ære og dyd alle vegne. Herr Jeger (Ieffuer) drikk med stallbroren Espen Snar og bed om dottera hans, men Espen rår han frå det, fordi ho ikkje er noko tess, ho kan korkje skjære eller sy hoffklede. Herr Jeger vil likevel prøve evnene hennes, og sender henne stoff til å sy av. Som den velseda jenta ho er, bed ho mora om råd, og får ei påminning om at ho må sy "mot den klare sol", ei påminning til oss om den innsatsen det kravde å sy desse sirlege broderia som vi kan sjå ennå i dag, i ei tid da dei stort sett var avhengige av naturleg dagslys. I denne varianten syr ho bare roser og liljer, i andre variantar har ho opp til seks ulike saumemotiv på kledningen. Og så blir saumen sendt til herr Jeger, som ser av resultatet at dette er ei jente som er verdt å satse på, så han rid til henne og finn henne gifteklar, det forstår vi av formelen "ho står ute og børster sitt hår", som alltid blir brukt i denne tydinga. Han vil ha henne til "aller-kjærasten sin", noko som kunne blitt til eit upassande forhold, men ho sender han kysk vidare til far sin. Og herr Jeger meiner alvor, han går vidare til faren, som også er hans stallbror, og bed om Kristin. Dette er ein høvisk far, han gjer slik det står i kristenrettane at han skal, og han sender bod på Kristin og lar ho sjølv få uttale seg, og spør om ho vil ha herr Jeger. Som den gode dotter ho er, vil likevel ikkje Kristin la sin eigen vilje stå som einaste rettesnor, men svarar at dersom faren vil ha det slik, så vil ho også gjerne det. Lønna er så eit bryllaup etter alles ønske. Og kanskje ligg eit lite underforstått spark til alle dei som ikkje er like ærbare og høviske som herr Jeger i den siste strofa:

Tak haffue her Ieffuer, hollt sin thro:
med ere lod hand sitt brølope boe.
- Hun er med erre och dyd op-runden.

⁹ Vibeke Bildts kvarthåndskrift nr 46, fra 1631

Språket viser ein del eldre drag:

strofe 4: *aff nye*, norrønt *af nýju* = frå starten av

strofe 6 *att sye*, = for å sy

strofe 11 *thille* norrønt *þili* = golv, framleis i bruk i Setesdal og Sogn. Tilje er eit mykje brukt balladeord.

strofe 14 *tinge-stok* = tingbenk, dette ordet indikerer avstand i tid eller rom til nedskrivaren i Danmark, da denne forma for ting-samling ikkje lenger var nokon levande institusjon andre stader enn på Færøyane og Island.

strofe 14 *gulle lok*, svekka akkusativform som er vanleg i balladar

strofe 26 *heder på*, norrønt *heitir á* = kallar på

strofe 30 *halle mere* gammen, norrønt *hálfra meira* = dobbelt så mykje

Her er ein variant som bekreftar dei rådande ideal i adelskretsane, anten vi knyter den til balladeopphavstida i Noreg, eller nedskrivartida i Danmark. Ein høvisk friar gjev den utvalde høve til å vise kva ho er god for på eitt av dei få områda der ei kvinne hadde høve til å utfalde seg. Når ho har fullført oppgåva, kjem han så fyrst til henne for å fri. Ho sender han heilt korrekt vidare til faren, som sjølv sagt er den som har makt til å avgjere giftarmål for dottera. Men her er ein gjennom høvisk og omtenkjam far, som vil at dottera skal få uttale seg, kanskje til og med bestemme. Og ho svarar, som ei vel oppseda dotter, “ja, dersom det er det du vil, kjære far”.

Denne varianten kunne vere eit exemplum for det høviske riddaridealet, ein ballade som fungerer slik kong Håkon ynskte at Kongsspegelen skulle fungere, til førebilete og opplæring. Men i den danske E-varianten, Syvs visebok, kjem ei overraskande vending i to parallell-strofer

Du beder riddern seile over Aa! Aldrig skal hand mig i tale faa!

Du beder ridderen seile over Aa! Ret aldrig skal hand faa min tro. (strofe 23-24)

Når Syv ”rettar” og utvidar, er det elles alltid for å gjere balladen ”historisk korrekt”, t.d. med å endre namna, som i D 258 *Valdemar og Tove*, eller for å framheve den høviske ideologien, som vi skal sjå i C 3 *Dronning Dagmar og Junker Strange*. Når det her tvert om bryt med godkjent ideologi, må det vere grunn til å spørje seg om han ikkje kan ha hatt eit eldre førelegg felles med den færøyske.

Sverige

Tre av dei fire svenske variantane har ei utviding som ikkje er med i andre land. Her bed Kirsten stemor si om hjelp med saumen, men får til svar at ho ikkje har vore interessert i å lære før:

Jag bad dig wara hemma at knyppla och Sy. Men du tog dina Systrar och gick uti by. (A-var. strofe 9)

Jag bad du skull bli hemma, sy pärlor på krans / då gick du med andra små jungfrur i dans. (B-var. strofe 4)

Men ho klarer oppgåva her også, og har med omtrent dei same motiva som i norske og danske variantar. B-varianten har bare fått med konflikten med stemora og saumen, til gjengjeld er saumemotiva mange. A og C fører fram til bryllaup. Den siste er svært lik på Syv, og sluttar altså også med kaut avvising. Den nestsiste strofa er same som hos Syv, men siste strofa har fått heilrim: ”Och bed du den riddaren rida öfver bro / slått aldrig så gifver jag honom min tro.”

Færøyane

Den færøyske fortel omtrent same historia, og har same endinga som Syv. Men her er rollene snudd om i starten, det er faren som byd fram dotter si. Handlinga startar med at Asbjørn og kongen ”ligg under øy” og snakkar om ”den vene møy” (begge uttrykka er vanlege balladeformlar). Kongen byd fram dottera og vil ha Asbjørn til måg, men Asbjørn er lite interessert i henne, sidan han ikkje har tiltru til hennes saumeevner. Kongen forsikrar at ho er ein like god skreddar som Asbjørn er riddar. Dette kunne sjølv sagt også tolkast som ein insinuasjon, men vi kan velje å tolke det positivt. I alle fall fører det til at Asbjørn vil teste evnene hennes. Han kjøper ”skrud og lin”, måler opp til nye klede og sender stoffet til

Kirstin. Ho bed så mora om råd, men ho har ikkje tru på at denne saumen kan bli til anna enn spott, og bed henne sende det tilbake. Den same sekvensen finst hos Syv, og i dei svenske variantane, der (ste-)mora i tillegg kjem med klagemål om at Kristin bare gjekk ut til dans og moro når ho skulle lære å kniple og sy, bryggje og bake. Så må Kirstin utfalde seg på eiga hand, og gjer det med bravur: ho saumar roser og liljer, kvart det dyr som i skogen rann, femten jomfruer i ein dans, riddaren som kysser si jomfru, riddaren med drege sverd, snekka som renn i stridan straum. Og så er kleda klare for oppdragsgjevaren. Kristin vil sende drengen sin med dei, og må fyrst forklare korleis han skal finne Asbjørn: det er han som har kappe med gulltrådar i, altså han som skin mest og skil seg mest fordelaktig ut. I alle islandske og norske glitrar han også: han stiller harpe og ber gullring. Og Asbjørn forstår å verdsetje kunstferdig handverk, han signar både mor og dotter for det flotte arbeidet. Men sveinen er meir interessert i handling enn i ord, han vil vite kva løna blir. Når Asbjørn byr seg sjølv, er ikkje løna interessant for henne som har utført arbeidet, ho bed han sigle og ro, for aldri skal han få hennes tro. Denne slutten er som sagt elles å finne i den danske E-varianten, Syvs visebok, og i svensk D-variant.

Island og Noreg

Alle dei islandske manglar den innleiande dialogen mellom far og friar, dei byrjar med at Kristin bed mor si om lov til å skjere klede til Asbjørn, og sluttar med at han tek mot saumen hennes og erklærer at ho skal vere i bryllaupet hans, eller meir direkte, skal vere brura hans. Og så sluttar det der, utan den provoserande avslutninga som færøysk har. Den ligg likevel så nær både færøysk og norsk i så mange uttrykk elles at dei må ha felles opphav. På norsk er det 7 svært like variantar, og *ein* avvikande, som ligg svært nær Syv, men den sluttar som fleire islandske, alle dei danske unntatt A, og ein av dei svenske, med at han byr seg sjølv som skreddarløn.

3.3.2 Oppsummering

Temaet i denne balladen kan seiast å vere saumen som ei overgangsrite frå barn til vaksen; klarer Kristin å sy bryllaupsskjorte for friaren, så er ho klar til å giftast. I alle land klarer Kristin utfordringa med glans, og friaren er så imponert over saumen at han ”glåpte på”, som fleire norske variantar har. Han vil sjølv vere skreddarløn, som er den naturlege

romantiske oppfølginga av ei slik gåve; skikken med å sy bryllaupsskjorte er kjent både frå Noreg og mange andre land. I 3 danske variantar får vi hennes avsluttande kommentar at det er nettopp han ho ønskjer, og i norsk blir det straks bryllaupsfeiring, medan i færøysk, i ein svensk og hos Syv ønskjer ho han slett ikkje, og bed han ”sigla og ró”, ”rida öfver bro” eller ”seile over Aa” (Syv) utan henne, - ”ryke og reise”, dersom ein skulle omsetje det stolte, nedsetjande svaret til noko tilsvarande daglegspråket i dag. Ei så kaut jente går langt over det som er tillateleg etter gjeldande moralkodeks.

Grundtvig er mest oppteken av å finne ut om det er den historiske Espen Snare som har fridd, eller har gifta bort dotter si, det verkar ikkje så interessant i dag. Meir interessant er det vel i vår samanheng å sjå på om det er ein friar som vil ha jenta, eller om det er ein far som byd henne fram, slik det er lagt fram i den færøyske og i dei fleste norske. Når forholdet er omsnudd frå starten, kongen byd fram dotter si, medan Asbjørn er skeptisk, så blir avslaget hennes etterpå også ei fornektning av at ein far kan oppføre seg slik, motsett av den høviske faren i den danske A-varianten. Vekta blir veldig sterk på det ho kan, detaljforklaring om saumemotiva tyder på kvinneleg synsvinkel. Balladen er nedskriven etter bare kvinnelege songarar i Noreg, på Færøyane er han nedskriven etter både kvinner og menn.

Grundtvig meiner at den færøyske varianten er påverka av Syv, men i tillegg har eit anna førelegg. Det er kanskje like naturleg å tru at det er Syv som har hatt eit anna, ukjent førelegg felles med dei vestnordiske, sidan dei vestnordiske elles har så mange felles drag, og den islandske var skriven ned 30 år før Syv skreiv sin variant. Som nemnt er det rettnok mange andre tilfelle av at Syv har endra og skrive om, men da er det for å få balladen i samsvar med høviske ideal, ikkje det motsette, som her. For her blir den mest vanlege austnordiske eit høvisk exemplum, medan den færøyske saman med Syv blir eit eksempel på ei sterk, nesten frekk, uavhengig kvinne som set seg ut over normene for skikk og bruk. Ho vil ha stadfesting og påskjøning for det ho gjer, men ikkje i form av giftarmål. Her er igjen eit av dei sterke, aktive kvinnene som vi gjerne samanliknar med sagatidas kvinneideal, men som her nesten går over i det parodiske.

Når den blir verande i tradisjonen og spreier seg til ålmugen, så er det truleg fordi den ålmenne innlevinga med jenta som utfører eit meisterverk mot alle odds, mot forventningane frå omgjevnadane, vil gjere den bevaringsverdige. I tillegg er det igjen naturleg å førestille seg kvinnelege tradisjonsberarar som med innleving syng om dei ulike motiva som vart sydd inn (jomfruer i dans, riddaren som kysser si jomfru –), som romantisk dekorasjon både i skjorta og i songen, men også som forståing for og godkjenning av handverkskunstnarleg utfolding. Det er ikkje mogleg her å dele mellom vest og aust, men heller mellom eit høvisk exemplum og ein variant med ei sterk, uavhengig kvinne som minner om dei sterke sagakvinnene.

3.4 A 48 Nøkkens svig

Denne balladen finst i alle dei fem nordiske landa. TSB-samandraget seier ”A merman dresses up as a gentleman and decoys a maid into the sea. F, I, cN: The maid saves herself by mentioning the merman’s name or (cN) by knifing him.” Nøkk, nykur, etymologisk kjem det frå same rot som angelsaksisk og gamaltysk nikor, som tyder krokodille, altså eit langt meir konkret innhald enn det vi har i dei nordiske landa. Den nordiske nøkken personifiserer faren ved grenseoverskridande åtferd for kvinner. Balladen åtvarar mot kvinneleg hovmod, der hovmodet ligg i å ville kontrollere sin eigen seksualitet.

3.4.1 Utbreiing

Land, nr i balladeutgåva	Tittel	Oppskrivartid	Vurderte variantar	Lengde, tal på strofer
Danmark, DgF 39	<i>Nøkkens svig</i>	før 1600	3	17-34
Sverige, SMB 20	<i>Näcken bortför jungfrun</i>	1780	25	13-20
Island, ÍF 2	<i>Elenar ljód, Kristínnar kvæði</i>	1600-talet	2	10-12
Færøyane, CCF 153	<i>Nykurs vísa</i>	1847	1	14
Noreg, dokpro A 48	<i>Nøkken som belar</i>	1800-talet	27	15-27

Sjølv om denne finst i Peder Syvs *Hundredvisebog*, så finn ein at den har ikkje vore styrande, norske og færøyske versjonar har markante skilnader frå denne.

Danmark

Namngjevinga gjev ein peikepinn om kven som er viktig, og kven som er bare ein ”eksempel-skapning. I den danske A-varianten heiter nøkken Allfast, og jomfrua er namnlaus. B-varianten har nøkken Øgler og Marstigs dotter, Syv skildrar ”en havmand” og Marstigs dotter. Marstigs dotter opptrer i fleire balladar, så her er det bare eit innlån.

Den norrøne forstavinga all- i adjektiv og adverb tyder svært, i følgje Fritzner, Allfast er altså ein som kan halde deg svært fast, farleg fast. Alle danske versjonar handlar om den hovmodige jomfrua som fell for smiger og ein vakker skapning, lar seg føre med av lysta, og blir eit eksempel på at ”når lysta er svanger, føder ho synd, og når synda er mogen, føder ho død. (*Jakobs brev* 1, 15) ”Hovmod står for fall” heiter det framleis, det blir eksemplifisert her. Jomfrua/Marstigs dotter ”går i dansen med stort hovmod”. Formelen er brukt for å varsle at her kjem det til å skje noko som set vedkommande på plass. A-varianten opnar med ein dansescene i kongens gard, der kongens dotter stolt leier an i dansen og kved føre (slik dansen framleis blir bruka på Færøyane). Nøkken forkler seg, ventar når det går ein ”bededans” (der ein mann kan be om eit kyss frå alle dei deltakande kvinnene), og jomfrua bed han å danse med seg. Han vil ikkje danse, men ha henne med, og byd henne gullband og gullkrone om ho kjem. Ho har ingen reservasjonar mot å følgje han, men trur ikkje ho klarar å komme seg unna alle dei som vaktar henne. Det som held henne innanfor konvensjonane, er altså ikkje eige ønske, men andres overvaking. Saman med nøkken er ikkje det tradisjonelle noko hinder, han står over alle ”normale” hindringar, og tek henne med på ein gullpynta fole, og ei kort stund kan ho tru at nå ventar rikdom og lykke. Men brått stansar ferda ved ”så vilt eit vann”, og ho har inga bergingsvon, men går under der, og ”det måtte man høre så langt av led – under liden, hvor den jomfru under vandet skreg. Mig tyckes, det er tungt at ride”(strofe 25).

B-varianten er den mest detaljerte. Kor demonisk nøkken er, kjem tydelegare fram her. Handlinga går ikkje føre seg i kongens gard, men utanfor og i kyrkja, der Øgler, som nøkken heiter her, snur alle bilete i kyrkja med ryggen ut, ”Och hand gick sig i kirckenn indt, och alle di billeder vennde hand om-kring” (strofe 6), om han ikkje klarte å sjå dei heilage, eller

om helgenane kunne ha avslørt han, veit vi ikkje. At ”riddaren” så påstår at han kjem frå Noregs land, utsendt av ”Norgelands konge”, skal kanskje forklare at han er ukjent på staden, og gjere han litt eksotisk. Denne varianten seier heilt eksplisitt at undergangen kjem over henne pga hovmodet: ”Hun gikk i dans med stort hovmod, derover kom henne så ondt et bud.” (str. 2). Hovmodet ligg kanskje i at ho blir så bergteken av nøkken at ho bryt ut for seg sjølv: ”Krist give, riddar, at du var min!” Slikt frimod og slik eigenvilje passar seg dårleg for ei ugift kvinne i eit patriarkalsk samfunn, da tar ho seg ein plass og ein myndigheit ho ikkje har, nettopp det som er hovmodets vesen (slik Lucifer ville setje seg i Guds plass). Samstundes er det lysta som driv henne, ”lysta som styrer kjøtet og lysta som styrer auga”, (Johannes 1.brev, 2.16), ei lyst som kan føre til hor, som også høyrer med blant kardinalsyndene. Men dei som vaktar henne, er ikkje få, far og mor, ei søster og hennes yngste bror, og så festarmannen, som ho ”har størst sorg for”, om det nå skal lesast som at han er vanskelegast å komme unna, eller om det er han ho har mest vondt av fordi han kjem til å sørgje mest over henne når ho dreg. Nøkken rår over mange slags evner, han kan òg gjere dei usynlege, så dei kjem seg ut av kyrkja, bort frå dei som kunne vakte henne. Ute blir dei møtt av tretti riddarar som følgjer dei på veg, men det er ikkje lenge før desse blir forvandla til troll, og når dei så blir ståande ved elva medan han skal hente ein båt, får ho tid til å gremme seg over den sorg ho valdar både far, mor og festarmann, innsjå deira omsorg, og tre ut av balladeuniverset og åtvare dei som høyrer balladen, slik det ofte skjer i seinare skillingsviser: ”Nu råder jeg hver en skjønn jomfru: gå aldri i dans med stort hovmod” (str. 29) Nøkken gjer det klart at det er for seint for henne: ”Det skulle du ha tenkt føre, da havde du ikke kommet i min verre” (varetekt, str. 30) Og så høyrer atter hennes skrik under vatnet.

Dette er eit perfekt exemplum, alle som høyrde dette, ville oppfatte at hovmod er farleg, at å reise seg i eigenvilje mot slekta og den familien har utsett, er livsfarleg. Og her er det ikkje bare fordi faren og slekta hemner det, men fordi det er mot sjølve naturen, og den rettfærdige straffa vil kome over ein også gjennom naturen. Den overnaturlige nøkken, som høyrer til i folketrua, opptreer som ei personifisering av syndene *hovmod* og *lekamleg lyst*, og å gje seg over til han, må føre til undergang fordi ein set seg opp mot gudgjevne konvensjonar. Som i A 26 ser vi at det naturmytiske og det kristne samverkar i ein einskap for å gjere til inkjes det vonde.

Peder Syvs variant har ikkje innleiinga om Marstigs dotter i dans. Her er det ”havmanden” som bed om råd frå mor si korleis han skal få Marstigs dotter, og mora gjev han ”hest av klareste vand, og bidsel og sal av hvideste sand”. (str. 2) ”Så skapte hun ham til en ridder så fager”, og så er han med eitt inne i kyrkja, der Marstigs dotter ynskjer seg denne riddaren, og gjerne fylgjer han. Her er heller ingen motstand frå foreldre eller andre, dei fylgjer henne tvert imot på veg, men blir ikkje med heilt fram til stranda. Her er bare rudiment av eksempelforteljinga, det einaste ymtet om dans og hovmod kjem i siste strofa, med oppfordringa ”Jeg råder alle og hver jomfru god, gå ikkje i dansen med stort hovmod”. (str. 14) Det som står att her, er nærast ein ”mellomaldergrøssar”, angst for det/den ukjente, eller for freistinga. Varianten har tydelegvis heller ikkje hatt så stor gjennomslagskraft, andre balladevariantar har levd sitt liv på folkemunne uavhengig av den trykte versjonen.

Sverige

I SMB 20 *Näcken bortför jungfrun* er det ført opp 25 lengre og kortare variantar av denne balladen, men ein del av dei hadde kanskje vore meir naturleg å ført som ein eigen balladetype, dei har ingen nøkk, men ”ein herre”, og også elles ligg dei langt frå dei eldste variantane. Av dei som liknar vidare, har dei fleste ei anna innleiing enn på dansk. Oftast blir det fortalt at det var ein herre/greve/konge/adelsmann/bonde med tre døtrer, ”den eine var så deilig, den andre så grann, den tredje lova å aldri taka mann”. Hadde det vore for å gå i kloster, så kunne det vore ære verd, men også da måtte ho fyrst hatt farens samtykke. Men her blir det framstilt som ei hovmodig handling, som overskrid grensene for kva ei jente kunne ha rett til å bestemme, altså igjen eit lucifersk hovmod ved å ta seg til ein plass og autoritet ein ikkje har. Alle jenter måtte tilhøyre nokon, og ha nokon til å ta vare på seg, anten faren, ektemannen eller kyrkja. At ho ikkje vil gifte seg, blir spurt vidt og breitt, også til nøkken, som så forkler seg og lokkar med seg denne formastelege jenta. I ein del variantar køyrer han henne fyrst til kyrkje, men skundar seg ut når presten lyser velsigninga. Ho fylgjer viljug nok med fyrst, men variantane gjev god plass til å la jenta sjølv skildre korleis dei kjem til å gråte heime dersom ho ikkje kjem attende. Og enden er like tragisk her som i dei danske variantane.

Heller ikkje i dei svenske variantane har jomfrua noko eigennamn. Ho er framleis bare ein eksempelfigur. I den eldste varianten og i ein frå 1810 heiter nøkken Håfast og Hållfast. Det er naturleg å lese det danske Allfast som det opphavlege, og det svenske har blitt endra slik at det framleis gav meining etter som språket endra seg. Dei danske variantane er skrivne ned omlag 200 år før dei svenske.

Noreg

I DokPro er det ført opp 27 variantar, 8 er korte fragment. Bare to av dei ser ut til å følgje den danske tradisjonen, det er variant 12, der er det Liti Kjersti som blir med nøkken, og som kan høyrast skrike under vatnet, og variant 19 med 7 strofer, som endar med at nøkken ”tok henne i gulan lokk, so sløngdn’a på havsens botn”. I alle dei andre er det bergingsvon, jenta drep nøkken med kniv (13 variantar), eller ho nemner han med namn, da er han avslørt og makteslaus (i variant 11). Sven Grundtvig meiner at når Heiemo drep nøkken med kniv, så er det ”feil”, men i norsk folketru har det jo vore slik at dei underjordiske ikkje tålte kniv, ein trong ikkje eingong bruke kniven, bare halde han over dei for at dei skulle miste makta si. Om dette trekket er opphavleg, kan nok absolutt diskuteras, men noko av tanken med denne oppgåva, er nettopp å sjå kva ulike innslag kan byggje på av endra ideologi og tankemåte. Nøkken her er så menneskeleg at han kan drepast med kniv, han må altså ha eit bankande hjarte og blod som renn. Og at ho gjorde vel med å drepe han, kjem fram ved at bota ho må sone, er bare å faste tre fredagar. Fredag var fastedag uansett. Moralen her blir ikkje at hovmod fører til døden, som i dansk variant, den seier heller at det er håp om å overvinne det vonde. Kardinalsynnda frå den danske varianten har blitt til ei freisting du kan overvinne med hjelp av den utrustinga du har, her eksemplifisert med knivar. ”Tru ikkje mine små knivar vil hjelpe meg?” seier ho. Sagt på ein annan måte: freistinga, personifisert i nøkken, kan ein overvinne med hjelp av den styrken ein har i seg sjølv. Kampen blir ei gjenspegling av styrkeprøvene som vi har så mange av i kjempevisene på vestnordisk område. Der som her kan også den som er antatt sterkaste i utgangspunktet håne den svakare angriparen i eggjande strofer: Han har kjempa og overvunne mange før, han har stått for både børs og pil, ei jente kan ikkje vera nokon trussel, han aktar ikkje på kvinnfolkhand. Men han ”ha enki halvtala ord før sylvbunden kniven i hjarta stod” (var. 2, strofe 17). Det kan minne om ein Davids triumf over Goliat, det bibelske motivet om den svake som vinn ein uventa siger over den sterkare, som truleg har festa seg sterkt i sinnet til den som følte seg som den svakare part på

så mange område i livet. Og avslutninga er i mest alle variantane korleis Heiemo triumferer over den døde nøkken, t.d.: ”Her ligg du, nykkjen, renner blo, enno trør eg mine jomfruskor! Her ligg du, nykkjen, fyr ravn og hund, enno hev eg min kvearlund”! (Desse avslutningsstrofene er også brukte i fleire norske variantar av A 26, av Hildeborg når Hildebrand har drepe Torkjell).

Variant 13 frå 1857 ligg som sagt nær dei danske variantane, med liti Kjersti som hovudperson, og endinga med at ein høyrer hennes skrik under vatn. To variantar har Gulborg til hovudperson, alle dei andre har Heiemo. I alle norske variantar er det nøkken som er namnlaus. Han er ikkje så farleg at han har fått eit eigennamn. Det passar også godt med at det er liti Kjersti som er den sterke og vinn over naturskapnaden med det ho har av utrustning.

Færøyane

Den færøyske varianten er kort, bare 14 strofer, og vart skriven ned i 1847. Fyrste og siste del er på færøysk, medan midtpartiet er på dansk, likevel er det ikkje same strofene som i Syv. Dei to deltakarane er den namnlause nøkken og Elsa litla. Elsa litla er ikkje hovmodig slik at ho held seg frampå i dansen og viser seg fram, men ho blir også tiltrekt av nøkken, som ho møter i kyrkja(!). ”Krist gevi tann riddar hann var mín” er med også her. Nøkken lokkar i tillegg med rikdom, og ho lar seg lokke med ”til rosenlund” – ein stad for romatiske eller erotiske møte. Men fyrst etterlyser ho rikdommen han lova, og nå avslører han seg, slotta hans finst i vatn og sjø (str. 10) Frå denne strofa går det igjen over til færøysk. Så kjem same utfriinga som i norske versjonar, men her ikkje ved hjelp av angrep, men gjennom forståing og avsløring av den vonde, ho forstår kven han må vere: ”eg meini, tú ert eit nykartrøll” (str. 11), som i ein norsk variant, og dermed er ho fri, og kan skunde seg heim, medan ”hon takkaði Gud, ho fekk ikkje mein” (str. 14).” Her er det nok å nemne han ved namn, da er han avslørt og dermed makteslaus. Og ho kan takke Gud, som sjølv sagt er den som gjev utfriing gjennom innsikt og visdom.

Island

ÍF 2 *Elenar ljóð* / *Kristínnar kvæði*

A bd. 3 s. 249, *Elenar ljóð* finst i eit av dei eldste balladehandskriftene frå før 1680.

Omkved: "laufid á þann linda - allt er óhægri ad leysa enn ad binda" kan vere ein diktarkommentar til innhaldet, det går rett nok bra her, men det er lettare å halde seg unna freistaren enn å kome seg unna han i ettertid.

I den eldste oppskrifta, *Elenar ljóð*, syng Elen så høgt at nøkken høyrer det, ho blir átvara mot å dra til (danse-)vake av far sin fordi der kan mang ein bedárar, (eller dáre,) sjá deg. Ho er ikkje redd for å bli dára, er ulydig og dreg likevel. Der kved ho så høgt at nøkken høyrer henne, som i nokre norske. Han kjem med gangar grå og med gyltan sal, så og seie utstyrt for å dáre henne, og tek henne med ved salbandet. Når ho bed om å få kvile litt, er han viljug til det, om ho bare vil ha han. Det nektar ho, med uttrykket "eg þvi ekki nenni" = det ynskjer eg ikkje/ har eg ikkje lyst til, og slepp unna, truleg fordi ho dermed uforvarande nemner namnet hans, sidan "Nennir" er eit sjeldsynt namn for nøkk. Ho startar på heimvegen, og lovar Gud for at det ikkje vart meir, ("þad vard ei meir") som det står. Dette vart altså bare ei átvaring, ho fekk sjansen til å kome unna, og det vart ein lykkeleg utgang også i denne varianten.

C-variant, (bd. 7 s. 121) *Kristínnar kvæði* utmálar korleis Kristin førebur seg til å dra heimanfrá, tvert imot farens vilje, for å vere med på "gleda i lunden den grøne" (str. 2), som må lesast som eit hint om hennes ynskje om å kontrollere sin eigen seksualitet. *Lunden den grøne* blir brukt synonymt med *rosenlund* som møteplass for amorøse eventyr. Ho rid så hardt og sterkt at "Nennir", som i vatnet låg, høyrde henne, men ho nemner han ved namn, og han må kverve frå henne. I *Elenar ljóð* er nenna i normalbruk som verb: "eg þvi ekki nenni", kan omsetjast med "det ynskjer eg ikkje", men i *Kristínnar kvæði* er Nennir brukt som namn på nøkken. som sagt, eit sjeldsynt namn, bare kjent frå islandsk. (Det finst heller ikkje hos Fritzner.) I begge desse variantane blir vi presentert for ulydige, og dermed hovmodige jenter, Elen har eit ordskifte med far sin, der han vil nekte henne å gå til vaka, men resignerer med at "slikt gordi aldrei moder þín". Og så kved ho så høgt at nøkken høyrer henne, og kjem og tek henne med. At han kverv frå henne bare fordi ho seier at ho ikkje vil bli med han, kan virke litt enkelt, dersom vi altså ikkje er klar over at nøkken på islandsk kan heite Nennir, da må han vike fordi ho uforvarande har sagt namnet hans - på

same måten som Hildebrand i A 48 misser Blakken når han seier namnet hans. Også Kristin dreg av stad mot farens vilje, i tillegg verkar ho temmeleg hovmodig der ho rid, med seksti bjøller alt omkring, *píper* og *simphón* spelar; seksti mann, tolv møyar og fem riddarar er fylgjet hennes, så det er ikkje rart om nøkken høyrer henne. Denne varianten er uheil, slutten med at ho nemner han, kjem brått på, men i alle fall kverv han straks frå henne når han blir namngjeven og avslørt.

3.4.2 Oppsummering

Danske variantar held fram hovmodet som dødeleg, samsvarande med at det er ei dødssynd. Svensk tema er som dansk, men meir eksplisitt i grunngevinga: ho vil ikkje gifte seg. Ei slik opprørske haldning kan ikkje godtakast. Det kan minne om korleis *Kongsspegelen* viser til at alle må underordne seg og halde seg til sin plass for at det ikkje skal kome sott på folket. I forlenginga av mentaliteten der kan ein bruke denne balladen som eit exemplum til skrekk og åtvaring, og da er det logisk at hovmod må ende med døden.

Den islandske varianten har hovmodet med, men den har ei heilt anna grunnhaldning, her er det frigjeri i at ein gjenkjenner og avslører den vonde. Det blir ikkje eit eksempel til skrekk og åtvaring, men tvert om ei oppmuntring om at sjølv om du har hatt feil haldning og dermed har fått den vonde innpå livet, så vil han fly bort dersom du avslører kven han verkeleg er. Den færøyske varianten har mista delen om hovmodet, her ligg kanskje synda i den erotiske tiltrekkinga. Men avslutninga er den same, freistaren blir nemnt ved sitt rette namn, og han må vike bort. I norske variantar er også hovmodet borte, her møter vi ei frimodig kvinne som utmerkar seg med songen sin, og nøkken høyrer henne og er ute etter henne av den grunn. Vi kan nok lese inn ei åtvaring om at det kan vere farleg å halde seg frampå, ein er meir utsett for angrep da. Men uansett så har ho med seg det som er naudsynt for å fri seg frå den farlege nøkken. Her er det hennes eiga kraft og innsats som gjeld, det førkristne idealet om ”mátt mín ok meginn” som gjev siger.

På austnordisk område har nøkken eit tydingsberande namn som forsterkar personlegdomen hans, Allfast eller Hållfast viser ein som held farleg fast i eit dødeleg grep. Jenta derimot, har

ikkje noko eigennamn, ho er eit avskrekkande exemplum for alle jenter. I Noreg og på Færøyane er nøkken namnlaus. På Island har han eit namn som gjer han sårbar, han blir avslørt gjennom namnet, og kan overvinnast. Jenta i vestnordisk område kjem oss nærare ved at ho har blitt gjeve eit eigennamn, sjølv om det i islandsk og færøysk er eit vanleg balladenamn.

Vi ser altså at dei austnordiske balladevariantane av A 48 *Nøkkens svig* kan lesast som kristne exempla for å åtvare mot kardinalsynda hovmod, medan dei vestnordiske kan lesast som oppmuntrande (eksempel-)forteljingar om at vel er verda ein farleg stad, fordi vi har draging mot undergrunnskrefter i oss, men vi har også i oss ein styrke som kan overvinne faren. Fordi denne styrken er til stades, får vi ei mannjamning som fører tanken til kjempevisene som finst i store mengder på vestnordisk område. Igjen finn vi på vestnordisk område ei sterk, sjølvstendig kvinne som klarar seg på eiga hand, sjølv om ho ikkje har innordna seg det patriarkalske samfunnet.

3.5 D 258 *Valdemar og Tove*

3.5.1 Utbreiing

Land, nr i balladeutgåva	Tittel	Oppskrivartid	Vurderte variantar	Lengde, tal på strofer
Danmark, DgF	<i>Valdemar og Tove</i>	1583	4 (+2)	33-48
Sverige, SMB 129	<i>Kung Valdemar och Tova</i>	ca. 1750	5	15-19
Island, ÍF	<i>Kvæði af Tófu og Suffaralín</i>	1600-talet	2	21-38
Færøyane, CCF 178	<i>Valdimann og Tova</i>	1825	2	8
Noreg, dokpro D 258	<i>Valdemar og Tove</i>	før 1883	1 (+2)	17

Både ein norsk og nokre svenske variantar har felles trekk med D 232 *Liden Kirstin og dronning Sofie*, og ser ut til å høyre nærare saman med den enn den dei har blitt lagt inn under.

Danmark

A-varianten Visa har 40 to-linja strofer med ettersleng. Den er klart episodisk, med seks episodar utan samanbindande forklaringar. I fyrste episode, strofe 1 - 8, blir Tovelill presentert, med tenande ternar som pyntar henne. Kongen ser henne, fattar interesse, og sender sine sveinar for å hente henne til seg. Neste episode, strofe 9 - 20, må som vi seinare forstår, gå føre seg mange år seinare. Dronninga ser Tove danse, og innleier ein samtale, der den stolte Tovelill fortel om sine flotte morgongåver, men også at kongen fekk viljen sin “for hans makt var større end min”. I tredje episode, strofe 21 - 26, går dronninga fram for

kongen og bed om forklaring på kvifor Tovelill er den favoriserte. Kongen seier det er på grunn av dei to sønene Tove har gjeve han, og som alltid er nær, både i strid og på utanlandsreiser. Til slutt seier han, (ev ho) at Tove skal bli driven ut av landet. I fjerde episode, strofe 27 - 33, gjev dronninga bod om å varme opp badstova, narrar Tovelill til å gå der inn, og slår døra igjen, medan Tovelill bed henne for Guds skyld om å sleppe henne ut. Så er dronninga ute på Ribegate i femte episode, strofe 34 - 37, der ho møter Tovelills søner Christopher og Knud, og skadefro bed ho dei hente mor si i badstova. Tove-sønene rid dronninga ned. I siste episode, strofe 38 - 40, blir sønene stilt fram for kongen, og bedne om å hente dronninga inn frå gata Dei svarar at det skader ikkje om dronninga er død, men Gud gje at Tovelill lever. Ho blir så henta frå badstova, men er “som en gås, de steger om jul”. Og etterslengen går som ein stadig dirrande undertone gjennom heile visa “(I) med/ men råde. Kong Valdemar lover dem både”

Kunsten i mellomalderen låg ikkje i å vere nyskapande i uttrykka, men i å bruke verkemiddela i sjangeren på ein kunstnarisk god måte. Denne balladevarianten utnyttar dei stilistiske verkemidla på ein måte som støttar fint opp om innhaldet, utan at det blir klisjéprega. Korleis ein enn vel å tolke etterslengen, omkvedet, så er det nær knytt til innhaldet, og går som ein hardingfele-undertone ved sidan av den eksplisitte handlingsgangen.

Gjentaking er eit typisk balladetrekk, eit av dei typisk munnlege trekka i balladesjangeren. Ein del balladar tek oppatt sistelina i ei strofe som fyrstelina i den neste. Der dette er gjennomført gjennom ei heil ballade, kan det bli stillestående og kjedeleg. Men her er det brukt bare i dei tre fyrste strofene, og tener da som ein opptakt der vi får Tove tydeleg presentert. Bruksmessig sikrar det at alle får med seg kven og kva denne visa skal handle om, sjølv om det skulle vere litt vanskeleg å høyre kvart ord i starten når alle jamnar seg til i ringen, dersom vi nå tenker oss at visa blir brukt som ballade = dansevisa.

Det er altså Tove som blir sett i fokus fyrst, i sin ungdom, rikdom og hovmod, (strofe 1-4). Ung og gifteklar er den som står ute og børstar sitt hår, eller står ute med utslått hår. (jf.

Solberg, Holzapfel) Oftast er det jenta sjølv som børstar håret, i denne balladen er det to terner som gjer det, eit prov på at Tove er av høg byrd, med “tenarar på kvar finger”. Det kan vi forstå også av det ytre: ho har hovudgull og skarlakskinn, og spegel å sjå seg i. Men Tove blir også gjeven hovmodige trekk gjennom formeltrekka i denne presentasjonen. Når ho står ute i sin faders gard, med to møyar til å børste sitt hår, to andre til å sette hovudgullet på, to til å halde spegelen, to til å legge på skarlakskinn, og to til å følgje henne ut og inn, så er dette formelstrofer som går føre ulukkehendingar. Grunnen ligg i at ho er for opptatt med seg sjølv, og kanskje også at ho fører andre i freisting ved å gjere seg synleg for mennene ute. Begge delar er ei form for hovmod. Hovmodet viser seg også seinare når ho går i dans med silke som slepar marka, det som er det fyrste som gjer at dronninga legg merke til henne.

Etter at Tove er presentert, blir vi gjort kjent med kongen, ikkje hans utsjånad, men hans attrå og hans maktbruk. Til dette blir ei anna form for gjentaking bruka, den akkumulerande, også her med tre gjentakingar, (strofe 5-8). Denne innleiinga til forholdet, når Tove står ute i sin faders gard, og kongen krev henne fordi han “stod og så derpå, så snarlig mon han dertil godvilje få” ville truleg i mellomalderen skape ein opplagt konnotasjon til kong David og Bateba, og dermed også til det ulukkelege resultatet av at kongen dér tok seg til rette. Det same gjer denne kongen når Tove ikkje vil kome på hans fyrste bod.

Så manglar bare den siste parten i trekanten, dronninga, som fyrst er bare ein lokalisierende bakgrunn for Toves opptreden. Ternene dansar i dronningas gard, med Tovelill som forsongar. (Igjen ei påminning om at dansen gjekk føre seg som på Færøyane i dag, med ein dansande forsongar, som vi også hadde i A 48.) Tove okkuperer framleis scenen der ho er til stades, gjennom same kumulative effekt som vart brukt om kongens makt, (strofe 9-11). Dronninga kjem så endeleg på scenen, merkeleg veik og saktmodig, der ho ser Tove trå silken under fot og reagerer på så hovmodig framferd, men sidestiller Tove med seg sjølv i tiltalen til henne, (strofe 12-13). Og Tove er ikkje den som kryp, ho er tvert om ein usurpator til dronningnamnet, (strofe 14). I dialogen, også denne etter tretallslova, der dronninga stiller spørsmål og Tove gjev sine skrytande svar, er ho framleis hovmodig og stridslysten, (strofe 15-18), men den siste delen av dialogen synes å spegle eit radikalt brot med den strilynte

tonen, når ho må slå fast at grunnen til at kongen fekk viljen sin var at ”hans makt var større enn min”(strofe 19-20).

Men i neste episode går så dronninga over i ei aktivt handlande rolle, ho 2svøber sit hoffued i skindt”, ein formel som alltid vert bruka der vedkomande ikkje har godt i sinne, i følgje Holzapfel (1980)¹⁰, og saa gaar hun i lofft for dan-kongen ind, spør kvifor han har Tovelill “i hiertet saa kier”. Og kongen svarar, igjen eit tre-ledda svar, fyrst at ho er mor til dei to sønene hans, så presentasjon av sønene, og så løfte om å drive Tove bort. Ut frå desse strofene blir det klart at samlivet med Tove må ha vart i så mange år at sønene har blitt vaksne nok til å vere med faren i strid, (strofe 22-26). Strofe 26: “Nu vil vi lade det så blive, og skal jeg hin Tovelill av landet uddrive” har Grundtvig under tvil tillagt dronninga (jf. hans kommentar i DgF bd.3 s.52). Dersom det er rett, blir strofa ståande som ein enkeltepisode, noko ho seier til seg sjølv, eller eventuelt til kongen. Men alt i neste strofe kallar ho på sveinane sine til å varme opp badstova, så samanhengen blir i så fall dårleg. Slik eg forstår det, gjev det betre meining å tolke strofe 26 som kongens avslutning av samtala med dronninga, noko han seier for å roe eller trøyste henne. Da lovar altså kongen å sende Tove av stad. Igjen må vi tenke oss at tomrommet i teksten mellom strofe 26 og 27 markerer eit visst tidsspenn der ingenting skjer.

Men dronninga er ikkje nøgd med det, ho initierer vidare handling. Og nå er det med autoritet ho set sveinane sine i arbeid, og sender bod til Tove, som “stiltis for bord”, ein vanleg formel for å få fram kven som er den underdanige i ein samtale. Når det gjeld den avgjerande handlinga, å stengje Tove inne i badstova, så er det ho sjølv, og ikkje underordna sveinar, som slår døra igjen, dauv for Toves bønnfallande rop om å sleppe ut. Nå er det slutt på Toves hovmod, bare trygling for livet når ho forstår at i denne badstova skal inga kroppsleg reinsing skje, her er korkje vatn eller vaskemiddel. Men ein kan kanskje likevel seie at balladen viser veg til ein katarsis, der hovmodet blir “brent opp”, (strofe 27-33).

¹⁰ ”At svøbe sit hoved i skind” eller at ”svøbe sig i skind” kan ligestå tydelig alene ud fra balladeteksten tolkes som et symbol på eller et ”signal” for en person, som er fjendtlig indstillet, som lyver, eller som gennem sin optræden markerer en farefuld situation. (s. 51)

Men nå har dronninga tiltatt seg ein autoritet ho ikkje har rett til, ho har falle i Lucifers felle og tilrana seg ektemannens rettmessige makt, altså ófmetnaðr, den alvorlegaste av kardinalsyndene. Og hovmod står som kjent for fall, særleg i diktinga frå mellomalderen. Derfor er det bare i tråd med det ein kan vente når hemnen når henne gjennom Toves søner (strofe 34-37).

Så er det bare menn igjen i scenebildet, Tove-sønene må stå til rette innfor kongen, og blir bedne om å hente dronninga inn. Truleg er det rett, som Grundtvig gjer, (DgF bd.3 s.53) å gå ut frå at strofe 39 er ein del av kongens replikk, da ville det samsvare med ånda i fleire av dei andre oppskriftene, der dronninga rett nok lever vidare, men blir støytt bort av kongen etter å ha teke livet av Tove. Men ein kunne også tenke seg at det er sønene som svarar faren (fullt ut i moras hovmodige ånd) at det skader ikkje om dronninga er død, dersom bare Tove lever. At dronninga må vere død, og temmeleg godt mosa, er svært sannsynleg. Ein hest er nesten umogleg å få til å trå på noko levande, så det må ha vore mykje stamping og småtrakking i motvilje dersom hestar skulle pressast til dette, (strofe 38-40). Siste strofa er så burlesk i uttrykket at den minner meir om ei kjempevise eller skjemtevise. (Den kan dessutan få oss til å undrast kor langt tilbake skikken med å eta gås til jul kan strekke seg.)

Språket i varianten

Språket i balladen avspeglar for det meste nedskrivartida, men her er enkelte trekk som peikar mot eldre opphav. I strofe 2 og 3 setter de *hoffuidt-gull aae*, tydeleg den norrøne forma for *på*, som ville vore den gammaldanske forma. I strofe 27 har vi forma *heder o*, der det norrøne *heita á* ligg under, i staden for det danske *kalde på*. I strofe 35 seier dronninga “her kommer i *baade*, Christopher og Knud”, kommaplasseringa viser at Grundtvig ikkje har oppfatta dette som det moderne “her kjem de, både -- --”, men som den norrøne dualis nominativforma *þit báðir*, altså ”her kjem de to, Christopher og Knud”.

Enkelte stader kan det sjå ut som det opphavlege rimordet kan ha blitt bytta ut med eit nyare: I strofe 22 er rimorda *eder - kier*, dette ville blitt rim dersom det nyare *eder* var bytta ut med norrøn 2.person dativforma *þér*. I strofe 29 er rimorda *thou - gaa*, her kan ein tenke seg

maskulin akkusativforma *tvá* for å få fullrim. På den andre sida så har balladen generelt eit avslappa forhold til rim, det er ikkje nødvendigvis fullt rim i kvar strofe, *gaard* rimar t.d. på både *haar* og *klar*. I norrønt hadde begge dei to siste orda vokalen á: *hár*, *klár*. I andre strofer er rimet heilt fråverande, utan at ein kan gje seg til å spekulere over om det eingong kan ha funnest eit anna ord, dette gjeld strofene 27 *thou - loffue*, strofe 31 *min - beredt*, strofe 37 *ligerviss - rie*, strofe 38 *bordt - ind*, strofe 39 *dødt - leffue*. Manglane i rima er konsentrerte om badstuescenene, ei forklaring kunne vere at her strekk ikkje “formelbiblioteket” til, dette er ei nokså eineståande hending.

Balladar verkar konserverande på språket, arkaiske uttrykk kan bli brukte. Men det er ingen grunn til å tru at nokon ville skape balladen med uttrykk som elles var ukjente av talespråket. At det finst så mange restar etter norrøne uttrykk i denne balladen, peikar derfor mot at den må vere atskillig eldre enn nedskrivartidspunktet, sjølv om den er skriven på 1500-talet. Ida Gjõe brukar det omkvedet som er det vanlegaste i dei danske oppskriftene, og skriv: “ Med rade. Kong Waldemor hand loffuer dem boe”. *Boe* er også skrive *bae*, og kjem trulegast av det norrøne pronomenet *báðir/báðar* = *begge*. Etter Kalkar (1976) kan *love* ha fleire tydingar, dei som er aktuelle her, er 1: *elske, fatte kærlighed* til, jf. engelsk *love* og 2. *trolove seg med*, som t.d. er sitert i Kolderup-Rosenvinge (1821-46): *Samling av gamle danske love* V. 531: "Hvo som loffuer thu quindfolck, hand haffuer forbrut fire thi marck och bliffue widd den første" (Den som trulovar seg med to kvinner, han har forbrote førti mark og skal behalde den fyrste av dei). Denne tydinga er utvikla frå det norrøne *lofa* = *love*, gje lovnad på. Ein kunne også ta med tydinga *lova, lovprise* som aktuell. Dersom vi brukar tydinga *trulovar seg med*, og går ut frå den siterte lovboka, blir det lettare å forstå dronningas tiltaleord *lieger min*, altså *liken min*, og Tovelills tilsynelatande hovmod når ho trår silken under fot og seier at “skal jeg dronning i Danmark være -“. I følgje denne lova var Tove faktisk den rettmessige dronninga, fordi ho måtte vere ha vore den fyrste kongen hadde bunde seg til, sidan dei to sønene hennes er så store at dei ”tener (kongen) nær”. Og når kongen har gjeve henne morgongåver, stadfester det at han har gjeve uttrykk for alvorlege hensikter. Ho seier også rett ut at “han havde den agt at give mig sin tro”, altså at han hadde tenkt å gifte seg med henne. Men noko av rikdommen i språket ligg i at eit ord kan ha fleire tydingar, og når vi brukar ordet, treng det ikkje alltid ha bare ei tyding. Derfor kan vi gjerne

la fleire tydingar klinge med: Kong Valdemar elsker dei begge, han har lova begge ekteskap.¹¹ Da vil denne uløysande konflikten klinge som undertone gjennom heile balladen, for kva gjer ein med ein slik gordisk knute? Når det gjeld dei to fyrste orda i omkvedet: "Med råde", så gjev dei ikkje utan vidare meining. Svend Grundtvig foreslår under tvil å tolke det som "med fullt overlegg" (DgF bd III s. 52). Kværndrup (2005 s. 567) følgjer Grundtvig utan reservasjonar og tolkar det som *med velberådd hu*. Men Ida Giøe har skrivne *med* 24 gonger, og *men* 13 gonger. Ser vi på B-varianten, Karen Brahes Foliohandskrift, så er det også skrivne "*Imen rade*", og ut frå ei lectio difficilior-tolking vil ein da kunne gjenkjenne Ivar Aasens *meinråd*, som blir omsett med renker, altså at kongen gjennom sitt renkespel har lova ekteskap til begge to.

DgF har 3 andre variantar av denne balladen. B- og C-variantane ligg nokså nær A, men C har ei ending som skal vise at Tove hadde brukt tryllemidlar for å lokke kongen. Dette har eg sett som innlån frå ein annan ballade, og ikkje gått nærare inn på. D-varianten er Peder Syvs hundredvisebog nr 44. Fordi kong Valdemar Atterdag (1320-75) i følgje Saxo hadde sønene Cristopher og Knud, har Syv meint at visa måte vere om han, og har sett inn dronningnamnet Helvig, som da skulle vere det historisk korrekte. Sofie var namnet på Valdemar den Stores dronning, 1131-82. Tove er ikkje namngjeven i danske historiske kjelder, men ho finst i Knytlingasaga og i den norrøne krønika om dei danske kongane. Det er interessant at sjølv om Syvs hundredvisebog har vore godt kjent på Færøyane og i Noreg, finst ikkje namnet Helvig/Hedvig att i ei einaste oppskrift, Sofia er brukt over alt. Balladen må altså ha blitt overført munnleg, i ein variant som har stått sterkare enn Syv.

Island

ÍF 53 *Kvædi af Tófu og Suffaralín* er gjengjeve i to handskrifter frå slutten av 1600-talet, dei eldste balladehandskriftene som finst på Island.

A (bd.1 side 6-12) byrjar med ein sekvens som saman med omkvedet indikerer at Valdemar og Tove pleier å møtast ute i lunden, ein formelplass for kjærleiksmøte : "Hann/hon plagar sig ut at rida - Sprettur eitt laufed i lundenum so vijda". Tove kler seg fint, "gull ved kvar ein

¹¹ Troels-Lund meiner at det er brukt i tydinga elske (1969/1914-15, bd. 5 s. 18)

saumen låg", og ho kler seg om natta, som tyder på at det er ei hemmeleg ferd. I neste episode rid Tove til borgarlid og spør Gunnar prest om Valdeman har fest seg møy, og får til svar at han har festa seg til Suffaralín frá Odinsøy. Så får vi ei jamføring av kvinnene, i to parallelle episodar blir dei to kvinnes kvalitetar sett opp mot kvarandre. Fyrst sender kongen bod på Tove, ho kler seg i sobel og kjem fram for han. Kongen vil høyre hennes meining om Suffaralín, og Tove svarar at ho er like glad i henne som i sonen sin, Christofforus. Her har altså også Tove og kongen hatt eit så langvarig samband at dei har ein son saman, med same namn som i dei danske A- og C-variantane (strofe 9-14). Sidan sitatteikn ikkje vart bruka, så kan ein ikkje fastslå om neste strofe om at "eg" gjev henne både gangaren grå og dronningnamn, er uttalt av Tove eller kongen, det same gjeld i den tilsvarande dialogen mellom Suffaralín og kongen. Ho kjem også fram for kongen i sobel, og blir spurt om si meining om Tove. Men her er det ikkje mykje godord, ho samanliknar Tove med vargen som i skogen renn. Det verkar mest naturleg at det må vere kongen som gjev gåver til begge kvinnene sine, og at Tove godtek det utan kommentarar, medan Suffaralín set ord på mordlysta si. Markerer ein kven som snakkar, skulle kongens og dronningas dialog bli slik:

"Gief eg henni bugard þriä" "Brenne hun kvik fyrer alla þä."
"Gief eg henne fíngur gull siö" "Brenne hun kvik fyrer giörvöll þau"

Så går det rett over på badstove-scena, med uttrykk som kjem att i færøysk versjon, men med motsette aktørar, her er dronninga "i hondum stinn", og stenger Tove inne i badstova. Sonen prøver å hjelpe, men blir halden fast av dronningas menn. Når kongen finn ut kva som har skjedd, blir dronninga driven bort, og han finn seg ei ny kone. **B** (bd. 3, side 179-182) er kortare, og manglar den siste strofa om ny dronning, elles ligg den nær A.

Færøyane

A-varianten

På Færøyane finst denne balladen i to variantar i Schrøters samlingar frå 1820-åra, begge korte og ufullstendige, B-varianten er delvis skriven på dansk. Det er likevel interessant å sjå nærare på dei. Begge har bare 8 strofer, og det er ikkje skrivi ned noko omkved. Dei er så like at eg ser på dei samla.

Innhaldet omfattar bare to episodar: fyrst samtala mellom kongen og dronning Sofia, så badstovescena.

Den startar med ei vanleg formelstrofe for fredeleg samtale, *for* harmonisk i høve til spørsmålet som så følgjer:

Kong Valdimann og Sofia sótu yvir borð, / tey snakkaðu so mangt eitt gamans orð.

“Hoyr tað, kong Valdimann, hvat íð eg spyrji teg, / hví hevur tú Tóvu lítlu kærari enn meg?”

Til dette svarar kongen som i den danske varianten vi såg på, sjølv om namnet på den eine sonen her er Kristian i staden for Christopher (forståeleg nok, med tanke på den danske kongerekka på nedskrivartidspunktet). Men så har det blitt til at dei skal fare av landet, i staden for den ros dei får i den danske:

“Tí havi eg Tóvu lítlu kærari enn teg,
hon hevur tveir raskar synir við meg.

Tann eini eitur Kristian, og annar eitur Knút,
og teir skulu fara av landi út.”

Så er det over til badstove-scena. Her er sveinane økonomisert bort, dronninga lar bare gjera ei badstove der Tove skal få “kjemme og greie seg”. Dette kan vere ein rest av den tidlegare framstillinga av den hovmodige og vakre Tove. Men så kjem altså den overraskande vendinga, Tove er den sterkare parten, og lar seg ikkje narre eller true inn i badstova, ho er sterkare enn dronninga, og dermed blir det Sofie som endar i badstova. At Tove “gjørði gott verk” kan omsetjast som ein slag utfyllande apposisjon, at ho gjorde grundig arbeid, eller som ein forteljarkommentar: ”Der gjorde ho eit godt arbeid.”

Drotning Sofia letur eina baðstova gera: / “Har skal Tóva lítla inni í vera”.

Drotning Sofia letur eina baðstova reiða: / “Har inni skal Tóva sær kemba og greiða”.

Tá var hon Tóva í hondum stinn, / og ‘nejin’ (B-variant: neyðug = motvillig) fekk hon Sofiu í baðstovu inn.

So var hon Tóva í hondunum sterk, / hon brendi Sofiu, gjørði gott verk.

Her er fullrim i alle strofene, også i badstove-scena, som har meir autentisk færøysk språk enn dei fire fyrste strofene, som kan lesast som ei direkte omsetjing frå dansk

Vi veit at Syvs hundrevisebok var godt kjent på Færøyane. Syvs variant er heilt ulik den A-varianten vi såg på, manglar t.d. samtalen mellom kongen og dronninga, og kallar dronninga Helvig. Den færøyske varianten viser derfor ikkje noko slektskap med den som har vore kjent frå skriftlege kjelder, og må ha eit anna, munnleg førelegg. Den stemmer derimot godt med den tilsvarande islandske. Der var denne balladen blant dei fyrste som vart skriven, på 1600-talet. Seinare ser det ut som den har blitt borte, for den finst ikkje i seinare visehandskrifter. Den er meir utførleg enn den danske, og ser ut til å ha bevart meir av det opphavlege, i følge Vésteinn Ólason(1982, s. 306-311).

Noreg

Under D 258 på dokpro står 4 variantar, men variant 2 må vere feilplassert, den ser ut til å vere eit brot av TSB 346 *Kong Valdemar og hans søster*. 2 variantar består av ei strofe kvar. Dermed er det bare *ein* variant som er bevart i Noreg. Den er også nokså ufullstendig, og ser ut til byggje på Syv, med dialog mellom kongen og Tove der han ønskjer dronninga død, og dialogen der han bed dronninga ta vare på Tove medan han er i leidang. Dronninga heiter likevel Soffi, ikkje Helvig, og i staden for at Sofie lovar å ta vare på Tove ”som I selv var hjemme”, som hos Syv, så vil ho korkje vakte henne for bord eller seng. Songaren fortel badstove-scena i prosa, og avsluttar med strofer om at ”Det fekk droningji fyr Tovelill va brend, ho måtte alli koma mæ kungjen i seng”. Altså også her ein ”hauk over hauk”-variant der kongens frille ikkje får leva, men dronninga sin hemn blir heller ikkje tolerert.

Sverige

SMB har fem variantar under SMB 129 *Kung Valdemar och Tova*, men ganske ulike i innhald, og fleire er sterkt påverka av andre balladar. Her er andre element med, i A-og B-varianten er fyrste strofa frå denne balladetypen, i C dei fem fyrste, og litt fleire i D-varianten. Alle held fram med at dronninga vil ha Tove brent - sjølv om det her skjer på bål i staden for i badstova, men kongen tek Tove med og seilar vekk med henne, og lar dronninga

få ”riket å regerungen med” (C-varianten). Alle har eit omkved som vev seg inn i handlinga: ”vore jag så fager som Tova lilla var! – Men Tova var konungens frilla”. I E-varianten blir Lintoga brent etter å ha tent sju år for kongen, og to englar kjem og hentar henne –slik det er vanleg i balladar der uskuldige jenter blir brent. Både svensk og norsk variant har fellestrekk med D 232 Liden Kirstin og dronning Sofie, men dersom vi godtek at dette er same balladetype som DgF 132, så er dei svenske variantane frå ca. 1750-talet og framover ein siger for kjærleiken over konvensjonar og plikt.

3.5.2 Oppsummering

I fyrste omgang kan ein lese den danske balladevarianten som ein konflikt mellom kjærleiken til frilla og plikta overfor ekteskapet, at frilla får sympatien, men ekteskapet vinn. Visene som er nedskrivne av adelen, støttar jo oftast samfunnsinstitusjonane, men viser sympati med den tapande i konflikten. Men ved nærlesing kan ein sjå eit anna tema, ein konge som vil ha både i pose og sekk, og derfor tapar alt. Ein nøkkel til denne lesinga er det danske omkvedet, sjå omtalen av dette. I mellomalderen var kardinaldydene, og dei tilsvarande kardinalsyndene, ofte tematisert, både i religiøs og høvsk litteratur. Til dødssyndene høyrer og *hordóm/fornicatio*, men dette var definert som kortvarige, hemmelege forhold, frillelivnad derimot er langvarige, openlyse forhold. Når kong Valdemar har Tove som frille i 15-20 år, medan sønene veks opp, er det altså ikkje å sjå på som horeliv, snarare som våre dagars sambuarskap. Men når han skaffar seg ei dronning ved sidan av, utan å halde sine løfte til Tove, da blir det å setje seg ut over dei rammer han er bunde av, og altså ei form for hovmod, slik vi såg det i A 48 *Nøkkens svig*. Valdemar og Tove kan gjerne også lesast som eit innlegg mot *ófmetnaðr/superbia*, altså hovmod. Og den danske varianten teiknar for det fyrste Tove som hovmodig der ho står ”ute i gard”, deretter tek Sofie seg til ein autoritet ho ikkje har rett til, og som tredje hovudperson set Valdemar seg ut over godtakande normer når han vil ha både dronning og frille. Derfor må alle bli taparar.

Dei islandske har meir sympati med frilla, ho godtek raust å dele kongen med ei anna kvinne, men blir likevel drepen av den sjalu dronninga. Her kan vi kjenne att riddarromantikkens idealisering av kjærleiken framfor ekteskapet. At kjærleiken likevel endar i

tragedie, ligg i sjangerkonvensjonen. Dronninga blir straffa for å ha tatt seg til rette, men i A-varianten, og bare der, slepp kongen å bli aleine, han finn seg ei ny kone, balansen er gjenoppretta og ekteskapet blir bekrefta som stabil institusjon. Den norske varianten er som sagt kort, men får med at frilla ikkje får leve, men dronninga sin hemn blir heller ikkje tolerert, ho blir driven bort frå kongens bord og seng. Men svenske og færøyske variantar let kjærleiken vinne. Dei svenske lar kongen dra sin veg med Tove, og la dronninga overta både rike og regjering, altså ein opplagt seier for kjærleiken framfor det institusjonsbundne, både ekteskap og regjering kan gå. Dei færøyske lar Tove vere sterkare enn dronninga, og det som skulle bli til undergang, blir til frigjering. Her er ikkje fleire strofer, så vi kan ikkje spekulere over kva som ville bli den vidare følgja av dette, blir det verkeleg ”happy end” her?

3.6 C 3 Dronning Dagmar og Junker Strange

41 balladar er klassifiserte som ”historiske viser” i TSB, viser som er relaterte til hendingar som kan tidfestast. Ingen av desse er spreidde over heile området, dei fleste finst bare i landet der hendinga fann stad, 22 er bare kjente frå Danmark, 4 finst bare i Sverige, 2 bare i Noreg, og 1 bare på Færøyane. Ingen av denne kategorien er funne i munnleg tradisjon på Island. Det er likevel *ein* ballade som har hatt appell over heile området, og det er balladen om dronning Dagmar og junker Strange¹², dronninga som blei forelska i kongens talsmann i staden for i kongen sjølv. Vedel hadde den med i viseboka si, og den islandske versjonen er ei skrivebordsomsetjing av Vedel. Men både på Færøyane og i Noreg har variantane med drag som Vedel har utelate, så den må også ha vore spreidd i ein annan og eldre versjon. I denne balladen gjev det meining å legge saman dei ulike variantane og sjå på den heilskapen ein da sit att med, ein kan da forstå enkeltdejar som elles blir ståande uforklarte.

Vi har sett at andre balladar har endra seg frå land til land, men da har utgangspunktet vore ei forteljing som ein reknar som fiksjon. Det er litt spesielt at vi også i denne finn djuptgåande endringar, slik at den ”historiske hendinga” blir endra til å passe inn i eit anna mentalitetsmønster enn den må ha hatt frå starten.

¹² DgF har stor forbokstav i tittelen på junkeren, eg brukar liten forbokstav i omtalen, og stor når eg refererer til tittelen.

3.6.1 Utbreiing

Land, nr i balladeutgåva	Tittel	Eldste oppskrivartid	Vurderte variantar	Lengde, tal på strofer
Danmark, DgF 132	Dronning Dagmar og Junker Strange	før 1570	4	37- 40 (D 69 strofer)
Sverige, SMB 55	Junker Stränger	1814-1817	1	23
Noreg, dokpro C 3	Dagmar og juncker Strange/Junker Strange hentar Dagmor	1864	3	5-23
Færøyane, CCF 122	Frú Dagmoy	1859	3	53-70

Danmark DgF 132 har 4 versjonar, der ein er frå Vedel II, med mange endringar av ”dens lærde udgiver”, som Sv. Grundtvig uttrykker det, og ein er nedskriven på Færøyane, på dansk, men med klare teikn på å vere omsett frå færøysk. Balladen finst som nemnt også på Island, men har ikkje fått eige nummer i ÍF, fordi den er bare eit skrivebordsprodukt, i eit handskrift med omsetjingar av Vedels visebok. Eg har derfor sett bort frå den.

Hovudpersonane i balladen er dronning Dagmar, junker Strange og kong Valdemar. Dette skal passe med Valdemar (2.) Seier, 1170-1241, konge 1202-41, som vart gift i 1205 med Dagmar, dotter til kong Ottokar 1. av Böhmen (Tsjekkia). Ho døyddde i barselseng i 1212, og er gravlagt i Ringsted, slik ei anna vise om henne har som omkvad (”Udi Ringsted hviler dronning Dagmar”).

Junker Strange blir sendt til Beiarland for å fri til kongens dotter Dagmar på vegne av kong Valdemar i Danmark. Men når han kjem tilbake til Danmark med den komande dronninga, har ho blitt så begeistra for han at ho ikkje har lyst til å gifte seg med den ventande kongen.

Og så skil historia seg: i danske versjonar forklarar junker Strange henne at ho kjem heilt sikkert til å få det fint med kongen, og bryllaupet går av stabelen. I alle færøyske, også den som er omsett til dansk, blir kongen så fortørna på junker Strange at han kløyver han i to. I Noreg har to av dei tre variantane endra slutten, i den eine snur junker Strange og Dagmar før dei legg til land og sigler tilbake saman, i den andre høgg junker Strange kongen ned, og får behalde dronninga. I svensk variant er det ei dansk prinsesse som blir gift til Sverige. Der er det ikkje noko tiltrekking mellom junker Strange og ”fröken Dagmö”, men til morgongåve bed ho om at alle fangar i landet må bli sette fri. Dette er kjent frå ei anna folkevise, og ser ut til å vere innlån derifrå.

Danmark

Den eldste varianten er som nemnt skriven ned før 1570, og har 39 strofer. Variant B er på 37 strofer, men har med litt andre detaljar, og D-varianten har enda andre, men det er likevel godt samsvar mellom dei tre. Saman kunne desse gjerne vere eit exemplum for god hoffetikette: Kongen bed junker Strange om å dra til ”Bierland” og feste ei jomfru til han der. Junker Strange planlegg da straks kven han må ha med på ei slik ferd, han namngjev fire adelsmenn og ein biskop, og treng dertil tolv riddarar, og tolv par kledeskift: himmelblå trøyer, silkekjortlar med ermer av ull og kragar av spunne gull. Kongen følgjer dei til stranda og ser dei av garde med alle sine menn. Vel framme i Bierland går junker Strange, som den fornemste, fyrst i land, og sender høvisk bod til kongen der om han kan få tre fram for han med sitt bod. Like høvisk får han svar, (i variant B breier kongen silke på jorda for å ta imot følgjet,) og Strange Ebbesøn ”akslar skinn”, som er ein formel vi kjenner for å gjere seg klar til å stå framfor ein av høg byrd. (Variant B tar også med at ”de tog både vand og håndklede, og satte de herrer til bord”, slik at vi får slått fast kor høvisk dei ter seg ved dette hoffet.) Når han ber fram for kongen førespurnaden om dotter hans til kone for kongen av Danmark, vil Bierlandskongen fyrst rådføre seg ”med sin beste”, nemleg dronninga (!), og saman tek dei mot frieriet. Så spelar junker Strange tavl aleine med jomfrua, utan at det blir sagt meir om korleis spelet går føre seg i denne varianten. Dialogen mellom dei er viktigare her, jomfrua spør om danskekongen er like vakker som junker Strange, og like rik som far hennes.¹³ Og herr Strange lyfter opp kongen etter beste evne: han er vakrare enn alle Stranges sveinar, og

¹³ Her er til og med brukt ”*saa wenn som I*” Dette er einaste gongen det er brukt om menn, medan - ”så ven en mø” er vanleg. (Lundgreen-Nielsen 2001)

han har ein fiskedam som ”rentar meir inn” (gir meir rente/forteneste) enn alle bierkongens land” (noko Grundtvig o. fl. tolkar som ein omtale av Øresund, der ikkje bare fiskeinntektene var gode. Danmark hadde på denne tida herredøme på begge sider av Øresund, og kunne dermed skattlegge all båttrafikk gjennom sundet, noko som gav formidable inntekter, i tillegg til fisket). A-varianten har med ei strofe om at det vart lagt silke på jorda, både når jomfrua går til skipet frå farsgarden, og når ho skal gå i land i Danmark. Men før ho går i land, kjem den episoden som er med i alle variantane i alle land, bortsett frå den svenske. Denne episoden må truleg vere opphavleg (om ikkje nødvendigvis historisk), for den har festa seg overalt, i den grad at enkelte har endra på det etterfølgjande for å gje jomfrua det ho ynskte seg.

Alle fortel altså at når dei nærmar seg land, kjem kongen ridande for å møte dei, og han gjer slett ikkje noko godt inntrykk på den komande dronninga. Ho spør kva dette er for ein skjeløygd svein (dansk A og B, norsk B), om det er kongens hestesvein (færøysk), eller kva dette er for tusse (norsk A). Junker Strange prøver å heve inntrykket, han svarer ”snakk ikkje slik, dette er den kongen som eig heile Danmark”, eller ”den som du skal få”. Ho klagar på at Strange har loge for henne, for denne mannen har bare eitt auga, (alle variantar), og er i tillegg både folen og bleik (færøysk, norsk B), eller ”gruv og hærelut” (framoverbøygd og lut, norsk A), begge pleonasmar, noko som er vanleg i balladematerialet. Junker Strange forsikrar henne i dei danske variantane at ho bør bare være ”glad og frod”, ho vil ikkje angre på dette giftarmålet. Han vil tene henne alle dagar, saman med resten av den danske adelen. Så breier dei ut silken, og ho går i land, feirar bryllaup og får gullkrone og dronningnamn. Visa blir runda av med at ho ynskjer signing over Danmark: ”Skall ieg droning y Danmarck bliffue: Chrest segne denom alle, buod faatig och rige!” (A str. 38). Og junker Strange får den løna ein hoffmann fortener når han har utført sitt verk til punkt og prikke, ”både guld og dyre gave” (A og B).

Her ser vi altså igjen ein ballade som kunne tene til eksempel på god kutyme ved hoffet, vi får rekna opp korleis ein bør utstyre seg i eit slikt viktig ærend som å bera fram eit frieri, kor mange ein bør vere, ein må sende bod for seg og be om audiens, det bør gå ei tid mellom frieri og svar, ei adeleg kvinne bør sleppe å gå på bar mark, ho må få silke under foten, ein

riddar vil alltid løfte fram kongen sin på beste måte, og ein god tenar er si lønn verd. I C-varianten, Vedels versjon, er det høviske enda meir utpensla, men det har ikkje sett merke etter seg i andre overleveringar.

Færøyane

D-varianten, som altså er nedteikna på Færøyane i dansk språkform, ligg naturleg nok nokså nær dei tre variantane i CCF. Desse har også tydeleg blitt omsett frå dansk, enkelte strofer er ikkje ein gong fullt omsett, men brukar dansk og færøysk om kvarandre. Dette gjeld også i strofer som ikkje lenger finst i danske variantar, og nettopp derfor må ein tru at balladen opphavleg har vore lengre i si danske form. Det er all grunn til å tru at denne vart skapt i Danmark, i eit miljø som ikkje kunne vere alt for langt frå dei historiske personane. (Sjølv om kong Valdemar ikkje skal ha mist auga sitt før 22 år etter bryllaupet med dronning Dagmar, i følgje ”sjællandske og jyske krønike” frå 1400-talet (DgF X s. 278). Dei færøyske variantane bevarer dei vanlege munnlege verkemidla meir fullstendig enn dei danske, som kanskje er naturleg der balladen heilt til våre dagar har bevart sin bokstavelege funksjon som ballata – dansevise. Det viser seg t.d. ved fleire eggjande (agonistiske) trekk, som i dialogen når Strange fører fram frieriet for kongen, og kongen nærast hånleg svarar at han ikkje har tenkt å gifte bort den einaste dottera si til ein fattig svein, og når Strange da viser til at kongen av Danmark både styrer over tre rike, og får meir renter av det fiskevatnet han har, enn alt Boyakongen sjølv får av sitt land. Han får heller ikkje eit slikt høvisk svar som i dei danske variantane, men kongen seier at før han vil gje bort dottera si, før skal Strange få spele om henne, og seier at dottera har spela med så mange før, - underforstått: ho kjem nok til å vinne over deg også. Dette er strofer som minner om eggingsstrofer i kjempevisene.

Andre munnlege verkemiddel er gjentakninga, siste ord i strofene blir variert, så vi får to og to nesten like strofer:

Teir vinda sína segl so høgt í rá, teir sigla til Boyalands í mánaðir tvá.

Teir vundu sínu segl so høgt í ský, sigla til boyalands í mánaðir ní. (Strofe 5-6)

Hann sendir tær orð og blíðan tala, hann vil tína dottur til drotning hava.

Hann sendir tær orð og blíðan já, hann vil tína dóttur til drotning fá. (Strofe 16-17)

Fyrr enn tú skal mína dóttur fá, fyrr skal gullterning á tavlborð gå.

Fyrr enn tú skal mína dóttur vinna, fyrr skal gullterning á tavlborð renna. (Strofe 24-25)

Eller siste linja i ei strofe blir gjentatt fyrst i den andre:

Hon tók í Strangirs ljósu hand: tú flyt meg aftur í mín faðirs land.

Tú flyt meg aftur í mín móður oy, við tær vil eg bæði liva og doy.

Hann kastar ankar á hvítan sand, Fyrst steig Strangir fót á land.

Fyrst steig Strangir fót á land, Dagmoy undir hans høggru hand.

Str. 60-61

Tretallslova er utnyttá, og slik har dei klart á bevare episoden med tavlspélet fullt ut: dei spelar tre gonger med større og større innsats, kvar omgang blir innleidd med ein dialog mellom dei to spelande, og kongens kommentar, og resultatet.

1. omgang:

”Set teg, Strangir, og telv við meg, / kápu mína seti eg í veður!”

”Setur tú í veður kápan tín, / Har ímóti seti eg kappan mín”

Upp stóð kongurinn, helt sær á gaman: / ”Kápa og kappi tey bera væl saman.”

Tann fyrsti gullterning á tavlborð rann, / Strangir tapti, og Dagmoy vann.

Upp stóð Dagmoy, so høgt hon ló: / ”Nú havi eg telvt um mína trú” (Strofe 27-31)

2. omgang:

”Set teg, Strangir, og telv við meg, / saðil mín seti eg í veður!”

”Setur tú í veður saðil tín, / Har ímóti seti eg hestinn mín”

Upp stóð kongurinn, helt sær á gaman: / ”Saðil og hestur tað ber væl saman.”

Annar gullterning á tavlborð rann, / Strangir tapti, og Dagmoy vann.

Upp stóð Dagmoy, so høgt hon ló: / ”Nú havi eg telvt um mína trú” (Strofe 32-36)

3. omgang:

”Set teg, Strangir, og telv við meg, / moydóm mín seti eg í veður!”

Upp stóð kongurinn, helt sær á gaman: / ”Moydóm og kongur tað ber væl saman.”

”Setur tú í veður moydóm tín, / Har ímóti seti eg kongin mín” (Strofe 37-39)

Tredje omgangen er som vanleg høgdepunktet, så her blir det lagt inn litt ekstra intensitet, fordi så mykje står på spel. Strange påkallar både Gud og Sankt Knut, igjen i tre strofer, for å vinne denne gongen :

Strangir út av vindeyga sá: / ”Gud lati meg sigur í talvi fá!”

Strangir sá av vindeyga út, / hann heitir á Gud og sankta Knút.

hann heitir á Gud og sankta Knút: / ”Latið meg fá sigur í talvi út!” (Strofe 40-42)

Og sjølv sagt går det som det må gå, og resultatstrofene kan gjentakast, men med skifte av triumfator:

Triði gullterning á tavlborð rann, / Dagmoy tapti, og Strangir vann.

Upp stóð Strangir, so høgt hann ló: / ”Nú havi eg telvt um mína trú.” (Strofe 43-44)

Dagmar er ein dårleg tapar, ho prøver å kjøpe seg fri, men Strange avviser ein slik handel som umannleg. Og så spør Dagmar om herren hans er like vakker som Strange er. Dette treng nok ikkje i fyrste omgang tolkast fysisk, det kan like gjerne vere eit uttrykk for at ho synest han oppfører seg ”vakkert”, eller høvsk, slik Vilhelm Østergaard (1907) tolkar det. Vanskelegare blir det å tru på manglande fysisk tiltrekking når det i strofene om heimvegen blir sagt at med eine handa styrer han snekka, og med andre held han den dyrebare Dagmar.

Den færøyske varianten har rive seg laus frå det opphavleg historiske utgangspunktet, og omdanna det til ei kjærleikssoge mellom den som er utsett til dronning, og den som skal vere – og er - kongens tru tenar, altså mellom dei to som har kongen som felles herre. I adelskretsar ville truleg ei slik soge føre tanken til Tristan og Isolde, men ulik dei to så finst ikkje her nokon trylledrikk som kan frikjenne dei fordi dei følgjer lystene sine. Moralen blir likevel den same, dersom kjærleiken trugar det institusjonaliserte ekteskapet, må objektet for kjærleiken bort, - kongen tek livet av Strange når dronninga nektar å la ekteskapet bli fullbyrda. Dei tre færøyske variantane lar Dagmar kvi seg i vekslande grad. I A og C ønskjer ho seg tilbake til Boyaland, der kunne Strange vore hennes like. I den meir utbroderte B bed Dagmar junker Strange eksplisitt om å ta henne med tilbake til sin fars land, der ho vil leve

og døy med han. Ho får ikkje noko svar, han tek henne bare med i land, og der blir feira bryllaup, men brura nektar å gå til sengs, til ho den sjetten kvelden blir tatt med makt, og så høgg kongen junker Strange i hel, sjølv om Strange i sistestrofa oppgjeven seier at ”dette får eg for truskapen min, for dyre Dagmar må eg misse mitt liv.” Det kan synast brutalt i dag, men i den føydale diktinga er dette den einaste måten å gjenopprette ”naturen sin orden” på dersom kjærleiken blir sterkare enn pliktkjensla overfor den som står høgast i hierarkiet.

Noreg

Dei tre norske variantane skil seg radikalt frå dei andre. Dei er av varierende lengde, frå 5 til 23 strofer, interessant nok er to frå Fyresdal og ei frå Setesdal, altså ikkje bare frå det vanlege kjerneområdet Dalen/Eidsborg, men framleis frå isolerte stader der visa truleg har levd lenge etter at ho fyrst kom dit. Balladen ber preg av å vere i oppløysing, men meir enn halvparten av strofene i den lengste varianten er samanfallande med den danske A-varianten, og inneheld som tidlegare nemnt, drag som ikkje har vore med i Vedels trykte utgåve. Den lengste varianten forsterkar hennes negative reaksjonar over den danske kongen:

Høyr de Junker Strangji eg talar ti deg / kot æ de for ein tussi som her kjeme hit. (str. 19)

Han va både gruv å hærelut / å de høgre auga va sprukkji ut. (str. 21)

Men enden er som den danske: Han (junker Strange, eller kongen, det går ikkje fram) tok hende i hånden med ære, då sille ho Danemarks droning være”.

Men dei to andre variantane har altså ”endra historias gang”. Den eine lar junker Strange dra si kårde blå og hogge kongen ”i lutene två”. Så er det tatt inn formelstrofer som vi kjenner frå andre balladar, om at no ”har skjønn Dagmar forvunne sin harm, og søv kvar natt på Stranges arm”, og ”– forvunne si kvide, - søv - ved Stranges side”. Her har det altså falle lettare å endre innhaldet til eit ynskjeleg resultat, enn å halde seg til det som må vere det opphavlege.

Den siste varianten er egentleg bare eit brot, heimelsmannen har bare hugsa dei siste strofene, og eg refererer den aller siste: ”O Strangji han snudde sitt skjip omkring, han siglde ti bakars i mote-vind”. Dette er ikkje eingong ei formelstrofe, her har trongen til ”happy ending” vore så sterk at det har oppstått ei heilt ny vending – bokstaveleg talt! Junker Strange vender skipet og tek med seg dronninga, her ligg det an til motvind på fleire vis!

Sverige

På svensk er bare ein variant bevart, og sjølv om personnamna er dei same, så er det bare omkvedet som er felles med dei andre. Her sit kongen og junker Strange til bords og ”talar så många skämtsamma ord”, ein vanleg formel for samtale mellom menn. Kongen lovar bort syster si dersom Strange vil vere hans trugne venn, og dermed sigler junker Strange av stad til Danmark for å fir for kongen. Men her er fokus på kva ho kan utrette som dronning, mora formanar henne om å gjere seg avhalden: ”du låte ingen rik eller fattig dig klaga oppå”, og Dagmar sørgjer for at alle fangar blir sette fri. Noko av dette er kjent frå ein annan ballade. Her er ikkje noko trekantdrama, bare ei dronning som viser mildskap mot undersåttene sine, og gjer landet til ein god stad å vere.

3.6.2 Oppsummering

Noko tilsvarande det vi såg i D 16 Esbern Snare, så har vi eit dansk exemplum for god hoffetikette, ei høvisk oppskrift på korleis eit kongeleg frieri skal gjennomførast frå byrjing til slutt. Sjølv om dronninga legg ei litt upassande freisting undervegs for sendemannen, junker Strange, så er han like lojal mot den herren dei begge skal tene, som ein Josef var saman med kona til Potifar, og får også den løna han har gjort seg fortent til. Det er det europeiske føydale idealet som blir halde fram, den som krev truskap mot kongen og at alle kjenner sin plass og er tru mot den.

I ein viss forstand held dei færøyske variantane fram det same idealet, men her held ikkje dei to elskande seg etter moralkodeksen, dei kjem for nær kvarandre på vegen til Danmark, derfor vil heller ikkje Dagmar fullbyrde ekteskapet med kongen i den færøyske D-varianten i

DgF, og derfor blir drapet på junker Strange ein uunngåeleg konsekvens. Slik blir det føydale idealet kopla saman med det meir aggressive norrøne kampmotivet i færøyske variantar. Dei norske deler seg; ei følgjer den danske, medan to har endra utgangen, og latt kjærleiken blitt sterkare enn det føydale underordningskravet. I den eine varianten lar ein også junkeren drepe kongen, her er ingen respekt for korkje føydal orden eller kristen underkasting under styresmakter.

4. Oppsummering og konklusjon

Etter å ha gått gjennom 6 balladetypar med variantar i 3-5 land, så sit ein att med den doble kjensla av stor likskap og stort mangfald. I vår digitaliserte mediatid er det nesten uverkeleg å tenke seg at alle desse visene kunne spreie seg over eit så stort område ved å bare gå frå munn til munn, utan ytre hjelp for minnet, og halde seg levande i fleire hundre år. Visst er det ulikskapar mellom variantane, og enkeltoppskrifter kan vere prega av at dei er i ferd med å gli ut av minnet, men dei mest fullstendige variantane har teke vare på mykje felles. Når tilnærma same strofene dukkar opp på det som etter kvart har blitt ganske ulike språk, i oppskrifter med fleire hundre års mellomrom, blir det nesten eit tankekors i vår tid da ein ikkje lenger vil krevje at barn skal ”pressast så hardt” som til å lære dei mest sentrale songar eller salmar utanat. Ein del av dei balladetypane som finst over heile området, har både felles enkeltstrofer og felles tema, men vi har sett i andre typar at sjølv om enkeltstrofer kan vere like, så er der på same tid indre motstrid. Vi skal sjå om fellesdrag peikar seg ut når vi ser på resultatata frå dei ulike gjennomgangane.

Sidan det er skiljet mellom aust og vest som har vore hovudskiljet mellom kategoriar, var det det eg venta å finne spor av også innanfor den enkelte balladetypen. Men det ser for meg ut som det viktigaste skiljet ikkje går mellom aust og vest, men mellom miljø, det er *sosiale* meir enn *geografiske* skilje. Det kan verke som om adelen har hatt ein sterkare tendens til å justere innhaldet etter sine emosjonelle behov i renessansen, medan tradisjonsmiljøet blant ålmugen i vest, og delvis i Sverige, har vore meir lydhøre for det gamle og halde fast på eldre kjenslemessige konfliktrar.

A 26 *Blak og Ravn hin brune* er rekna som ein av dei eldste balladane. I konflikten mellom kone og mann blir konas slekt ansvarleg for å hjelpe henne og ta hemn over den dårlege ektemannen. Slektshemnmotivet har nedfelt seg over heile området. Framstillinga er mykje den same i aust og vest, til ulike nedskrivartider og i ulike miljø. Men i den danske ”adelsvarianten” er framstillinga meir forma som eit exemplum med eksplisitte formaningar om kva ein far eller bror *ikkje* bør gjere med dei gifteklare kvinnene i familien. Språket har mange eldre norrøne ord som tydar på vestleg opphav, og mange uttrykk som minner om

uttrykksmåten i dei omsette riddarsogene, slik også den tydelege diktarstemma gjer det. Temaet ser ut til å ha utspring i det norrøne ættesamfunnet, og framstillinga minner om Kongsspegelens oppdragande grunnhaldning. Når kjærleiken er eit ikkje-tema, er *det* også eit norrønt/vestleg trekk. Exemplum-trekka kan ein seie minner om hoff-dikting, men like gjerne knytt til norsk som dansk hoff, ikkje minst fordi det i Noreg er ei vektlegging av oppdragande tekstar ved Håkon Håkonssons hoff.

D 367 *Hekseridtet* er ein balladetype med fleire utgangar, betre teken vare på i vest enn i aust, og bare bevart i ålmugetradisjonen overalt. Eit hemnmotiv er bevart i både vest og aust, men medan den vestlege, norske bare legg ansvaret for hemnen hos slekta, har den austlege, svenske varianten vidareført det til at styresmaktene tar seg av straffa. Dersom vi reknar med at den er opphavleg vestnordisk, kan vi ha hatt ein variant med den gamle slekthemmentaliteten som har spreidd seg over heile området. I Sverige har den så blitt noko omforma slik at han passa meir inn i samfunnet til tradisjonsberaren. I Danmark har ikkje denne mentaliteten hatt same grobotn, der har bare dei delane som har gjeve gjenklang, blitt bevarte, dvs. konflikten som kan oppstå mellom svigerdotter og svigermor, og angsten som følgde trolldom og klagemål for trolldom. Det som finst flest oppskrifter av, er legendevariantane, som er bevarte i vest, men ikkje i aust. Desse er som eit exemplum på kristen tilgjeving. Varianten kan gjerne vere oppstått før reformasjonen, da passar den godt saman med annan før-reformatorisk helgen-dikting. Heller ikkje desse variantane er skrivne ned blant adelen. Resultatet her er overraskande, eg hadde kanskje venta at det audmjuke kristne idealet skulle vore austleg, medan hemnmotivet var vestleg. Så viser det seg i dette tilfellet at begge variantane lever side om side i vest, og det kristne exemplet er ikkje oppteikna i aust i det heile.

D 16 *Esbern Snare*

Dansk A-variant fungerer som eit høvisk exemplum, eit læredikt for høvisk framferd ved frieri, islandsk og norsk har same grunntanke, men meir konsentrasjon om sjøve saumen. Dersom adelshandskriftene hadde vore aleine i Danmark, kunne det blitt det forventa skiljet mellom aust og vest. Men sidan Syv i sin trykte variant saman med den færøyske og ein svensk variant har denne avvikande, nesten parodiske endinga om ei sterk, sjølvstendig

kvinne som vil ha løn for vel utført arbeide, men avviser friaren, så blir det heller ikkje her mogleg å dele mellom vest og aust, men heller mellom eit høvisk exemplum frå adelsmiljø, og ein variant med ei sterk, uavhengig kvinne som minner om dei sterke sagakvinnene, overlevert både i hoffmiljø og hos færøyske bønder.

A 48 *Nøkkens svig*

Dansk og svensk åtvarande exemplum mot hovmod, Syv har også med ein åtvarande diktarkommentar. Dei vestlege er einige om at ein kan overvinne freistaren, ved å avsløre kven han er, eller ved å ta ein konfrontasjon. Her er den forventa aust-vest delinga: Dei austlege har ei hovmodig kvinne som set seg ut over grensene for det tillatne, og derfor går under, den vestlege har ei sterk kvinne som kan kjempe og vinne, eller avsløre freistaren, og gå sigrande ut av freistinga.

D 258 *Valdemar og Tove*

kan lesast som ein ballade om kjærleik kontra ekteskap, eller som eit exemplum mot hovmod. Frilla er skildra svært sympatisk i islandsk, dronninga er skildra negativt i alle land. Danske variantar gjev alle deltakarane hovmodige trekk. Dansk, islandsk og norsk lar dronninga brenne frilla i badstova, og kongen skuvar deretter dronninga frå seg. I svensk og færøysk vinn kjærleiken, dei svenske let kongen segle bort med frilla og overlate styret til dronninga, den færøyske let frilla vere sterkare enn dronninga, slik at ho i staden for sjølv å bli brent, stenger dronninga inne i badstova. I danske variantar frå adelsdamene blir den føydale mentaliteten styrkt, i svenske variantar, som er nesten 200 år yngre, vinn kjærleiken, og i færøyske er det ingen respekt for føydal autoritet, kjærleiken vinn også her.

C 3 *Dronning Dagmar og Junker Strange* Kjærleik kontra ekteskap

Dansk exemplum, læredikt for høvisk frieri. Sendemannen får løn av kongen for vel utført teneste. Færøysk har meir utbrodert om hennes ynskje om å få Strange, og kongen drep sendemannen sin. Norsk A er som dei danske, B snur handlinga i dei siste strofene, og

Strange drep kongen, og får dronninga i ”happy end” formelstrofer. C let dei to rømme unna saman. (Og svensk fell her heilt utanom.) Det tyder at her får vi ein aust-vest skilnad slik vi ventar det: Austlege variantar gjev uttrykk for høvisk, føydal mentalitet, der ein nok kan ha ein viss sympati for den ureglementerte kjærleiken som kan oppstå, men der den sosiale orden kviler på ekteskapet og føydalsystemet, som derfor blir det sigrande. Vestlege variantar har mindre respekt for det hierarkiske systemet og meir sympati med dei to elskande, slik at her kan den romantiske kjærleiken vinne. Ein kan også seie at det er den sterke kvinna som vinn, sidan alle variantar held fram at det er Dagmar som blir forelska fyrst, og får viljen sin gjennom.

Eg starta med ein hypotese om at i balladevariantar vil ein kunne skilje mellom mentalitetstrekk både frå opphavstid og nedskrivartid, frå adels- og bondemiljø, frå aust og vest (tid og rom), til dels også frå kvinneleg og mannleg synsvinkel; dermed kan vi i variantapparatet for same balladetype møte ulike ideologiar i tematisk konflikt med kvarandre. Ikkje alle faktorane i hypotesen har blitt like grundig prøva gjennom heile undersøkinga. Trekk frå opphavstid og nedskrivartid kan delvis vere vanskeleg å skilje. Kvinneleg og mannleg synsvinkel burde ein kunne seie meir om med eit større grunnlagsmateriale. Hypotesen har likevel i alle fall delvis blitt stadfesta: Skiljet mellom aust og vest verkar ikkje så tydeleg som forventa, medan skiljet mellom adels- og bondemiljø synest å vise seg kanskje sterkare enn forventa, og dette må da seiast å vere det viktigaste resultatet av denne gjennomgangen. Det gjennomgatte materialet synest å vise ein nokså klar tendens til at når vi har tematiske konfliktar, så følgjer ikkje alltid konfliktane landegrensene, og dermed heller ikkje aust-vest skiljeliner. Balladeoppskrifter frå bondemiljø både i aust og vest gjev ofte uttrykk for ein annan mentalitet enn det balladar som er skrivne ned i adelsmiljøet i Danmark gjer. Samstundes fann vi i adelsvariantane både språk- og mentalitetstrekk som peikar mot det norske hoffet på 1200-talet. Det er likevel viktig å få fram at materialet er for lite til at ein kan uttale seg bastant. Ein grundig gjennomgang av meir av det felles-nordiske balladekorpuset ut frå dei nemnte dikotomiane ville framleis kunne gje mykje ny kunnskap.

5. Litteraturliste

Andersen, Lise Prestgaard 1978: "Kvindeskildringen i de danske ridderviser – to tendenser" i *Sumlen* 1978, Stockholm.

Andreassen, Eyðun 1979: "Dansens og arbejdets vise, samme vise med forskjellig form?" *Sumlen*, Stockholm.

Bagge, Sverre 1998: *Mennesket i middelalderens Norge: Tanker, tro og holdninger 1000-1300*, Oslo.

Bang, Jørgen 1972: *Synspunkter på folkevisen: en antologi*, København.

Blom, Ådel Gjostein 1982: *Norske mellomalderballadar 1: legendeviser*, Oslo

Bom, Kaj 1973: *Danmarks norske folkeviser: Särtryck ur Danske studier 1973, Meddelanden från svenskt visarkiv 32*, Stockholm.

Bugge, Sophus 1971 (1858): *Gamle norske folkeviser*, Oslo.

Bø, Olav 1977: *Folkeviser I* (bind 6 i serien Norsk folkedikting), Oslo

Corpus Carminum Faroensium. Føroya kvæði 1-6, 1941-1972. A. Sv. Grundtvig et J. Block comparatum. Hrsg. von Chr. Matras und N. Djurhuus für Universitets-Jubilæets danske Samfund, København.

Dal, Erik 1956: *Nordisk folkeviseforskning siden 1800: omrids af text- og melodistudiets historie og problemer især i Danmark*, København

Danmarks gamle folkeviser 1-12, 1853-1976. Utg. ved Svend Grundtvig, Axel Olrik, H. Grüner- Nielsen, Karl-Ivar Hildeman, Erik Dal, Iørn Piø, Thorkild Knudsen, Svend Nielsen, Niels, Schiørring, Svend H. Rossel, Rikard Hornby og Erik Sønderholm, København.

Ek, Sverker 1921: *Norsk kämpavisa i östnordisk tradition: ett försök till tudelning av det nordiske folkvisematerialet*, bind 27:1 av Göteborgs högskolas årsskrift, Göteborg.

Fidjestøl, Bjarne 1994: *Norsk litteratur i tusen år*, Oslo.

Fritzner, Johan B. 1973 (1867): *Ordbog over det gamle norske Sprog I-IV*, Oslo.

